

Eit brennande spørsmål

Bergen Ligbrændingsforening og innføring av likbrenning 1874 - 1907



Institutt for Arkeologi, Historie, Kultur- og Religionsvitenskap

Universitetet i Bergen



Marie Moe Myklebust

Masteroppgåve i Historie 2022

Innholdsliste

Abstract.....	1
Kapittel 1 – Introduksjon.....	2
Forskingsstatus – døden og likbrenning i Noreg.....	3
Problemstilling.....	4
Avgrensingar.....	5
Eit mangelfullt kjeldemateriale.....	6
Metode.....	7
Omgrep og definisjon.....	8
Likbrenning og kremasjon.....	8
Den døde kroppen og liket.....	9
Historisk bakgrunn.....	10
Frå antikken til moderne likbrenning.....	10
Kapittel 2 – Historiografi og årsak.....	13
Historiografi.....	13
Mentalitetshistoria.....	13
Den nye kulturhistoria.....	15
Antropologi og kontinuitet.....	16
Kvifor kom likbrenning tilbake?.....	19
Likbrenning som radikalt brot?.....	21
Oppsummering.....	23
Kapittel 3 – Avisene og argumenta.....	25
Avisene i Bergen.....	25
Dei tidlege omtalene.....	27
Argumenta for og imot likbrenning.....	28
Aktørane i avisdiskusjonen.....	29
Argument for likbrenning.....	31
Plassmangel og hygiene.....	31
Økonomi.....	33
Estetikk og kjensle.....	33

Sjølvsbestemming og modernitet.....	34
Skindaud.....	35
Argument mot likbrenning.....	37
Religion.....	37
Hygiene.....	39
Økonomi.....	40
Giftdrap.....	41
Estetikk og kjensle.....	41
Korleis såg aktørane på betydninga av likbrenning?.....	42
Oppsummering.....	45
Kapittel 4 – Likbrenningsrørsla i Bergen.....	47
Stifting av Bergens Ligbrændingsforening.....	47
Arbeidet til foreininga – gjennom avisene.....	48
Gravplasstilhøva i Bergen.....	51
Lovgivinga i 1898.....	53
Det første lovutkast og stillstand.....	53
Den endelege lova.....	54
Oppføring av krematorium i 1907.....	55
Avslått søknad.....	56
Nye planar - Fond og sertifikat.....	57
Vidare arbeid og søknadar.....	58
Forkasta i formannskapet, vedtatt i kommunestyret.....	60
Krematoriet står ferdig.....	62
Oppsummering.....	66
Kapittel 5 – Personar i rørsla.....	68
Statistikk.....	69
Kjønn.....	69
Alder.....	71
Yrke og status.....	72
Analyse av nettverk.....	76
Familiereelasjonar.....	76

Profesjonelle relasjonar.....	79
Politisk tilhøyrslle.....	81
Religion og livssyn.....	83
Oppsummering.....	87
Kapittel 6 – Konklusjon.....	89
Likbrenning og dei lange historiske linjene.....	89
Gravplassar i Bergen og det nye regimet.....	91
Likbrenning og dei korte historiske linjene.....	93
Avslutning.....	95
Litteraturliste.....	96
Kjeldeliste.....	98
Vedlegg.....	100
1.1 Tilkjendegiving fram til 1907.....	100
1.2 Tilkjendegiving etter 1907.....	102
1.3 Yrker i tilkjendegivingar.....	104
2. Innbyding.....	105

Takk til Svein Atle Skålevåg for rettleiing og råd.

Takk til Byarkivet i Bergen og Gravplassmyndigheten i Bergen for hjelp med arkivmateriale.

Takk til Mamma og Vidar for hjelp og støtte.

Abstract

This thesis aims to explore why cremation came back in the late 1800's, and how it has been attributed meaning. It does so by looking at two different historical perspectives: The long historical perspective taken by historians, and the short historical perspective of the historical actors. The long perspective is shown through Phillippe Ariès and the History of mentalities, contrasted by Thomas W. Laqueur and the New Cultural History. The short perspective is explored through the Cremation Society in Bergen.

By discussing how Ariès and Laqueur has written the history of death over the last 1000 years, I could illustrate the difference in how historians choose to interpret and give meaning to changes in how we view and treat the dead. Ariès explains the changes in death history as a result of changes in attitudes. He explains cremation as the most extreme example of a society trying to forget and hide the dead. Laqueur explains that cremation came back, not because of new attitudes or needs, but because it could be used to mobilize the dead in other unrelated projects. Laqueur's use of anthropology leads him to find continuity in how the living view and attribute meaning to the dead, and that cremation did not change or disturb this fact.

The local cremation society in Bergen formed in 1892, before cremation became legal in 1898, and Bergen constructed Norway's first crematorium in 1907. Through analysing documents and newspapers, I have found which arguments were used for and against cremation, and who championed the case. The argument of hygiene and lack of space was often used, even though it was not very relevant in Bergen. Since the neighbouring countries already had introduced cremation, the argument of modernization, progress and the right to choose was also emphasized. One finding shows how the society included people from heavily differing political and religious beliefs. The people who were against cremation warned that it would threaten society and the established traditions, while the people who were pro-cremation emphasized how cremation could help the living and create progress without disturbing the ritual and ceremonial traditions.

The question of how we treat and handle the dead is still relevant today. The combination of how different historians explain the return of cremation and its meaning, and the reactions and arguments of the historical actors gives great insight to the cremation movement of the late 1800's.

English title: A burning question - The cremation Society in Bergen and the introduction of modern cremation 1874 – 1907

Kapittel 1 – Introduksjon

I dag er det vanleg å ta stilling til kva som skal skje med kroppen sin etter døden. Ein kan enten gravleggast i jorda i ei kiste, eller bli kremert og setje ned eller spreie oska. Talet på kremerte i Noreg er relativt høgt, då 46% av befolkninga vert kremert.¹ Å velje kremasjon er vanlegare i byane enn på bygdene, men alle har rett til å bli kremert dersom dei ønskjer det. Ein skal berre knappe 125 år bak i tid før kremasjon var eit ulovleg og uaktuelt val for nordmenn. 'Ligbrænding' vart ikkje lovleg i Noreg før i 1898, og det skulle ta enda 9 år før ein fekk oppført eit krematorium i landet.² Før denne tida hadde likbrenning vore forbode i nesten tusen år, og jordgravlegging var den rådande metoden for behandling av døde kroppar.

Menneske har lenge vore opptekne av ritar og seremoniar, spesielt i samheng med døden. I alle kulturar og tidsperiodar har ein hatt reglar for korleis ein skal og ikkje skal behandle døde kroppar. Sjølv om reglane og tradisjonane for korleis ein har forstått døden og behandla dei døde har variert, har kistegravlegging i jord vore det vanlegaste dei siste tusen åra. Før dette var brenning av døde kroppar akseptabelt, mellom anna i antikken.³ Difor kan ein spørje kvifor likbrenning kom tilbake akkurat på siste halvdel av 1800-talet. Det er også særst interessant å undersøke korleis denne 'nye' metoden vann fram: kven var det som kjempa for saka og korleis argumenterte dei for sitt standpunkt. Arbeidet for å innføre likbrenning i Noreg skulle til slutt lykkast. Kremasjon og jordgravlegging har vore eit tilnærma likestilt val dei siste hundre åra, i det minste i følge norsk lov. Kremasjon har dei siste åra vore gjenstand for debatt: amalgam, kvikksølv, lakk og liknande kan ha ein negativ innverknad på miljøet.⁴ Samtidig har nye metodar blitt drøfta: alkalisk hydrolyse, frysetørking og andre former for miljøvennleg behandling av dei døde. Debatten og utviklingane på slutten av 1800-talet er difor relevant for oss i dag, då endringar i korleis vi behandlar døde kroppar alltid vil vere viktige spørsmål for kultur og samfunn.

I dette innleiingskapittelet vil først den eksisterande litteraturen om døden og likbrenning i Noreg bli presentert. Deretter vil problemstilling og avgrensingar for oppgåva bli gjort greie for. Vidare vil informasjon om det relevante kjeldematerialet, og korleis dette vert nytta gjennom oppgåva bli forklart. Val av omgrep vert forklart før kapittelet avsluttast med ei kort

¹ Gravplasskultur.no, «Kremasjonsstatistikk for Norge 2021» Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.

² Svein Henrik Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet: Kremasjonsbevegelsens og de første norske krematoriene» i *Aarbok for Foreningen til Norske Fortidsmindesmærkers Bevaring* 168 (2014): 52.

³ Inger Marie Ruud, *Den som dør, får se: gravskikker og forestillinger om døden i noen religioner og kulturer* (Oslo: Universitetsbiblioteket, 2006), 64.

⁴ Eva Åhrén, *Death, modernity, and the body: Sweden 1870-1940*, overs. Daniel W. Olson (Rochester: University of Rochester Press, 2009), 143.

samanfatting av den historiske bakgrunnen til likbrenning, frå antikken og til starten av tidsramma for denne oppgåva.

Forskningsstatus – døden og likbrenning i Noreg

Som det komande kapittelet om historiografi skal vise er det ikkje før dei siste femti åra at interessa for kultur- og sosialhistorie etablerte seg innanfor historiefaget.⁵ Med dette vart historia om kulturen og tradisjonane rundt døden forska på, både internasjonalt og i Noreg. Nokre eksempel på norsk faglitteratur om dødshistorie er *Å leve med døden: Folkelige forestillinger om døden og de døde* av Bjarne Hodne⁶, *Døden på Norsk* av Olaf Aagedal,⁷ og *Å minnes de døde: Døden og de døde i Norge etter reformasjonen* redigert av Tarald Rasmussen.⁸ Sjølv om ein kan finne forskjellig historisk forskningslitteratur om døden er det ikkje like mykje å finne om likbrenning i Noreg. Anne Oksrød har forfatta det største verket som handlar spesifikt om likbrenning i Noreg, nemleg masteroppgåva '*So ein ding müssen wir auch haben*' *Norsk Ligbrændingsforenings arbeid for fakultativ kremering i Norge 1889-1909*.⁹ Denne oppgåva tek føre seg Norsk likbrenningsforeining sitt arbeid for å få innført lov om likbrenning. Norsk likbrenningsforeining var foreininga som var etablert og arbeida i Kristiania. Oppgåva er svært omfattande, og gjer greie for prosessen for å få gjennom lovforslag og vegen mot ei fakultativ lov for likbrenning.

Elles finnast det kortare artiklar om emnet. Mellom anna artikkelen 'Mellom tradisjon og modernitet: kremasjonsbevegelsen og de første norske krematoriene' av Svein Henrik Pedersen¹⁰, og 'Bergens Ligbrændingsforening – og den moderne kremasjonsbevegelsens suksess' av Sigurd Sandmo, som begge er publisert i forskjellige årbøker.¹¹ Berre Sandmo sin artikkel omhandlar foreininga i Bergen, medan den andre nemner den kort. Det er difor ikkje noko omfattande litteratur skrive om Bergens Ligbrændingsforening, som vart stifta tre år etter foreininga i Kristiania.

⁵ Birgitte Kragh, *Til jord skal du blive: Dødens og begravelsens kulturhistorie i Danmark 1780-1990* (Museumsrådet for Sønderjyllands Amt, 2003), 14.

⁶ Bjarne Hodne, *Å leve med døden: Folkelige forestillinger om døden og de døde* (Oslo: H. Aschehoug & CO., 1980).

⁷ Olaf Aagedal, (red.), *Døden på norsk* (Oslo: Ad Notam Gyldendal, 1994).

⁸ Tarald Rasmussen, (red.), *Å minnes de døde: Døden og de døde i Norge etter reformasjonen* (Oslo: Cappelen Damm, 2019).

⁹ Anne Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben" Norsk Ligbrændingsforenings arbeid for fakultativ kremering i Norge 1889-1909» (Mastergrad Universitetet i Oslo, 1999).

¹⁰ Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet»

¹¹ Sigurd Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening - og den moderne kremasjonsbevegelsens suksess» *Årbok: Gamle Bergen* (2006).

Problemstilling

Denne oppgåva vil ta føre seg både dei korte og dei lange linjene i likbrenningshistoria ved hjelp av ei overordna problemstilling og fleire underordna spørsmål. Som innleiingsteksten viser var gravlegging den dominerande metoden for å behandle døde kroppar i over tusen år, før likbrenning vart eit tema på slutten av 1800-talet. Likbrenning vart eit tema som folk engasjerte seg sterkt i både for og mot, og som til slutt skulle vinne fram som eit valfritt alternativ til jordgravlegging. Eit svært interessant spørsmål å stille er kvifor dette skjedde når det gjorde. Difor vert den overordna problemstillinga til oppgåva formulert slik:

- **Kvifor kom likbrenning tilbake på siste halvdel av 1800-talet?**

Dette spørsmålet impliserer eit breitt historisk perspektiv, sidan det refererer til at likbrenning kjem tilbake. Å utforske slike spørsmål gjennom eit breitt historisk perspektiv er ofte relevant for historikarar, som ser på historisk bakgrunn og lange historiske linjer. Dette perspektivet vil kunne gi svar på den overordna problemstillinga, men også det korte historiske perspektivet er relevant. Det korte historiske perspektivet finner ein hos personane i samtida, og korleis dei forklarte og ga betydning til gjeninnføringa av likbrenning. Desse to perspektiva vil bli drøfta ved hjelp av to separate problemstillingar:

- Korleis vert gjeninnføring av likbrenning forstått og forklart av historikarar?
- Korleis vart gjeninnføring av likbrenning forstått og forklart av aktørane i samtida?

Den første av desse problemstillingane vil trekkje inn breiare tema: Historiografi og dei lange linjene i dødshistoria. Dette spørsmålet gir ei mogelegheit til å drøfte korleis ulike historikarar tolkar den overordna problemstillinga. Eksempelvis har Mentalitetshistoria og Den nye kulturhistoria to svært forskjellige syn på korleis ein kan og bør skrive dødshistorie. Dette medfører også at tolkinga deira av likbrenninga sin tilbakekomst skil seg frå kvarandre. Kapittel 2 vil ta føre seg det lange historiske perspektivet. Det andre spørsmålet gir ei innsikt i det korte historiske perspektivet, korleis menneska i samtida oppfatta likbrenning. Dette korte perspektivet vil bli undersøkt gjennom den lokale likbrenningsforeininga i Bergen. Det vil vere nødvendig å stille spørsmål om Bergens Ligbrændingsforening for å få eit tydeleg bilete av foreininga og den lokale utviklinga:

- Korleis vart likbrenning omtala, presentert og drøfta i avisene i Bergen, før og etter Bergens ligbrændingsforening var oppretta?

- Kva oppgåver hadde Bergens ligbrændingsforening, og korleis føregjekk prosessen mot ei lovgiving og eit krematorium?
- Kven var pådrivarane for likbrenningssaka i Bergen? Kven ønska å bli brent? Kva miljø, nettverk, og sosiale lag hørde desse folka til?

Desse spesifikke spørsmåla vil gi ei innsikt i lokalsamfunnet i Bergen og korleis likbrenningsforeininga vann fram i byen. Sidan aviser var ein viktig arena for å få informasjon ut til befolkninga vil dei bli brukt for å undersøke korleis saka vart presentert og omtala. Denne kanalen nådde eit breiare publikum enn for eksempel forelesningar og møter. Argumenta som vart presentert for og imot kan gi eit inntrykk av likbrenningsrørsla, og kvifor dei i samtida meinte det var nødvendig å innføre og kvifor nokon meinte det var feil. Det er også interessant å sjå kva oppgåver foreininga i Bergen hadde, sidan det allereie var ei foreining i Kristiania då den vart oppretta. Hadde dei same funksjon, eller skulle dei dele på oppgåver og ansvar? Etter foreiningane var oppretta kom det både ei lov for likbrenning og eit krematorium i Bergen. Arbeidet og prosessen mot dette er spesielt viktig, då det er desse stega som førte til at likbrenning var lovleg og lagt til rette for i Noreg. Mellom anna vert det viktig å merke seg kva arbeid som låg bak desse utviklingane, og kva problem og hindringar som eventuelt dukka opp i prosessen. Likbrenningssaka var avhengig av engasjerte pådrivarar, då foreininga var privat og drive fram av frivillige. Kven som kjempa for innføringa av likbrenning og kvar desse kunne plasserast i samfunnet er interessant for å kunne seie meir om rørsla. Det kan også hjelpe med å plassere likbrenningsrørsla inn i ein større samanheng, då ein kan få eit inntrykk av kva type menneske som kjempa for denne saka. Kapittel 3, 4 og 5 vil gå nærare inn på spørsmåla som omhandlar Bergen Ligbrændingsforening.

Avgrensingar

Tidsmessig er oppgåva konsentrert rundt førre århundreskiftet. Spesifikt vert den nedre avgrensinga satt til 1874, då den første artikkelen som nemner likbrenning vart publisert i Bergens Tidende dette året. Den øvre avgrensinga vert sett til 1907, då dette var året Bergen fekk krematorium. Dette betydde ikkje at arbeidet til likbrenningsforeininga var over eller at likbrenning var normalisert. Likevel er det eit naturleg tidspunkt å avslutte, då det mest vesentlege arbeidet til foreininga var gjennomført. Med ei lov og eit krematorium var likbrenning innført i Noreg, og det mest avgjerande arbeidet for den vidare utviklinga låg klart.

Geografisk sett vert oppgåva avgrensa til Bergen og dei omliggande kommunane. I denne tidsperioden låg dei omliggande forstadane, mellom anna Årstad, Åsane, Loddefjord,

Fyllingsdalen og Laksevåg, ikkje under Bergen kommune. Årstad herad vart innlemma i Bergen kommune i 1915, medan Laksevåg, Åsane, Fana og Arna kommune vart inkludert i 1972.¹² Desse omliggande områda vil likevel ikkje bli totalt ekskludert i oppgåva, då tidsperioden rundt århundreskiftet hadde ein sterk folkevekst. Dette betyr at fleire av forstadane vaks meir saman med byen, og kommunikasjon og transport vart forbetra og utbygd.¹³ Det er også nødvendig å inkludere meir enn berre Bergen kommune når det kjem til gravplassar og kyrkjegardar, då nokre av desse var utanfor kommunegrensa.

Eit mangelfullt kjeldemateriale

Kjeldemateriale etter Bergens Ligbrændingsforening er svært mangelfull. Arkivet består av berre ei serie, Serie F, som består av 59 'tilkjendegivelse om kremasjon' (Vedlegg 1.1 og 1.2). Dette er dokument som er signert for å uttrykkje at ein ønskja å bli kremert. Fram til 2001 var arkivet tomt, då Betty Bull rydda i papir etter sin farfar Schak Bull, og leverte desse 59 dokumenta inn til byarkivet.¹⁴ Dokumenta er spreidde mellom åra 1894 og 1912, noko som betyr at det er eit svært lite og sannsynlegvis tilfeldig utval av mange tilkjendegivingar. Til samanlikning består arkivet etter foreininga i Kristiania av 14 seriar med mellom anna medlemskartotek, rekneskap, journalar og protokollar. Sjølv om arkivet til likbrenningsforeininga i Bergen har store manglar, vil kjeldene likevel verte nytta for å få eit inntrykk av menneska som var engasjert og involvert i likbrenningssaka. Arkivet etter Bergens Ligbrændingsforening er saman med arkivet frå Møllendal krematorium ført inn i Noregs Dokumentarv, der Kulturrådet gir denne grunngjevinga:

Utvalget av arkivdokumenter viser et skifte i holdninger til gravferd i Norge på slutten av 1800-tallet. Dette er et tema som ellers er lite nedfelt i skriftlige kilder. [...] Krematoriesaken er et eksempel på at en sak som etterhvert blir stor og omfatter hele samfunnet, kan starte som små og individuelle initiativ fra enkeltpersoner. Materialet dokumenter at kremasjonssaken var viktig for sterke krefter i samfunnet i denne brytningstiden. Det er et tema som har hatt stor betydning for åndsliv, byplanlegging, arealbruk, helseforhold og kultur i tiden som har fulgt etter.¹⁵

I tillegg til tilkjendegivingane er aviser vald ut som ei viktig kjelde for informasjon om likbrenningsforeininga. Sidan nesten all informasjon om foreininga er forsvunne og ikkje arkivert, vil avisene kunne gi eit innblikk i debatten og arbeidet rundt likbrenningssaka. Rekneskap, korrespondanse og interne saker vart gjerne ikkje gjort offentleg gjennom avisene,

¹² Egil Ertesvaag, *Bergen bys historie, Bind III - Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, Bergen Bys Historie, (Bergen: Alma Mater Forlag, 1995).

¹³ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 445.

¹⁴ Bergen Kommune, «Bergens likbrenningsforening og Norges første krematorium 1893-1914»

¹⁵ Bergen Kommune, «Bergens likbrenningsforening og Norges første krematorium 1893-1914»

men informasjon om møter, vedtak og nyheiter vart vanlegvis rapportert om. Gjennom digitale søk vil ein kunne gjennomføre tilspissa gjennomgang av aviser, men det er likevel eit stort kjeldemateriale. Dette materialet vil kunne nyttast gjennom fleire kapittel då det gir både generell og svært spesifikk lokal informasjon om likbrenningsaka.

Metode

Dei ulike kjeldene og problemstillingane vil krevje ulik framgang. For det første vil eg i kapittel 3 og 4, som tek føre seg argumenta for og imot, og vegen mot lov og krematorium, nytte store mengder avismateriale. Eg har valt å nytte avismateriale som er digitalisert og publisert gjennom nasjonalbiblioteket.no. Å velje dette materiale gir ein stor fordel med tanke på tidsbruk, då å bla gjennom fysiske aviser hadde vore mindre effektivt. Ved å bruke søkeordet ‘Ligbr*’ vil ein få treff på alle aviser som inneheld ord som startar med ‘ligbr’, men med alle mogelege endingar. Dette er fordi Nasjonalbiblioteket sin prosess for å digitalisere teksten frå dei skanna avisene ikkje alltid er korrekt. Dette gjelder spesielt bokstaven æ som i fleire tilfelle er tolka feil, og for eksempel blitt om til ein a, c eller w. Ved å bruke denne søkemetoden vil ein også få treff på samansette ord som mellom anna ligbrændingsforening, ligbrændingssagen, ligbrændings spørsmålet og liknande. Søket er geografisk avgrensa til ‘Vestlandet’. Dette er fordi den største delen av treffa er frå aviser i Bergen, medan nokre få resultat kjem frå Voss, Sogn og liknande. Ved å ikkje utelukke aviser i søkeprosessen vert det lettare å sjå kva aviser som ville vere best å inkludere, samtidig som potensiell viktig informasjon ikkje ville bli ignorert. Dette er vurdert til å ikkje vere betydeleg for arbeidsmengda, då treffa i aviser utanfor Bergen er svært få.

Eg har analysert argumentasjon, som vert presentert i Kapittel 3. Dette kapitelet presenterer korleis forkjemparane og motstandarane av likbrenningssaka argumenterte for si side. Både dei eksplisitte og implisitte argumenta for og mot likbrenning i perioden 1874-1892 blir kategorisert og presentert. Kapittel 5 handlar om menneska som engasjerte seg i likbrenningssaka. I denne samanhengen har eg analysert nettverk for å få eit inntrykk av kva menneske og grupper som involverte seg, og der med også få innsikt i kven saka ikkje engasjerte. Ved å undersøke personane som var involvert i likbrenningssaka vil ein kunne sjå korleis relasjonane, grupperingane og maktforholdet utspelte seg mellom desse menneska. Når ein skal analysere eit nettverk går der eit skiljelinje mellom egosentriske studie og heilskapsstudie. Egosentrisk studie tek utgangspunkt i ein enkeltperson som studieobjekt, medan heilskapsstudie vil studere eit heilt nettverk og relasjonane mellom fleire personar i eit

sosialt system.¹⁶ Nettverka rund i Bergens Ligbrændingforening vil bli analysert gjennom ei heilskapsstudie, der mange relasjonar og data vil utgjere analysen. Det er ikkje gitt at denne gruppa i form av ei foreining hadde eit sterk sosialt nettverk, men analysen vil forsøke å finne ut kva forbindelsar som var til stade i denne gruppa og kva dette kunne bety. For å kunne utføre denne analysen vil forskjellig kjeldemateriale nyttast. Tilkjendegivingane gir til saman ca.177 namn, men ein finn også mange namn i avisene. Nokre av desse namna er kjente menneske, som gjerne er emne for eigne artiklar på norsk biografisk leksikon, medan andre ikkje har hatt same status, og informasjonen om dei er mangelfull. Tilkjendegivingane gir informasjon om yrke, namn og adresse. I tillegg til dette vert personane søkt opp i det transkriberte materialet i Digitalarkivet for å finne alder og eventuelle familierelasjonar. Denne informasjonen vert nytta til å lage statistikk om medlemmane i foreininga i kapittel 5.

Omgrep og definisjon

I denne oppgåva er det nødvendig å avklare omgrep som er valt. I dag kjenner vi reduseringa av kroppar om til oske som kremasjon, men dette var ikkje tilfellet for førre århundreskifte. I tillegg til dette praktiske omgrepet krev denne oppgåva også refleksjon og val når det kjem til orda brukt om menneskekroppen.

Likbrenning og kremasjon

I perioden denne oppgåva tek føre seg, var 'ligbrænding' ordet som konsekvent var brukt om prosessen som reduserte ein kropp til oske. Det var ikkje før i 1910 at ordet vart diskutert og foreslått endra av stemmer som karakteriserte ordet 'ligbrænding' som 'uskjønt'.¹⁷ Mange forslag kom fram i denne diskusjonen og mange ulike ord vart prøvd ut. Det meir internasjonale ordet 'kremasjon' vart teke i bruk då mellom anna foreininga i Kristiania skifta namn til Norsk Kremations Forening i 1917. Det er difor naturleg å bruke omgrepet 'likbrenning' eller 'brenning' då dette var orda som vart nytta i tidsperioden oppgåva omhandlar.

For teknologien og bygningane vart ulike ord brukt. Sjølv omnane vart i denne perioden enten omtala som omn eller likbrenningsomn, som vil bli nytta om kvarandre også i oppgåva. Orda likbrenningsanstalt og krematorium vart også mykje brukt mykje om kvarandre i samtida. I denne oppgåva vil 'krematorium' bli nytta om bygningane som vart oppført for å gjennomføre likbrenningar. I perioden der oppføring av krematorium vert drøfta og gjennomført, er det dette omgrepet som vert nytta i dokumenta og avisene. Omgrepa som vert nytta i denne oppgåva er

¹⁶ Ola Teige, «Nettverk: en introduksjon til historisk nettverksanalyse» *Norsk Slektshistorisk Tidsskrift* (2013): 140.

¹⁷ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 3.

difor dei same som i samtida, sjølv om det kan verke ulogisk å bruke ‘krematorium’ når ein ikkje skal bruke ‘kremasjon’. Dette er likevel eit bevisst val som samsvarar med språket og orda som vart brukt rundt førre århundreskifte. Dermed vil resten av teksten også samsvare med eventuelle sitat og utdrag frå kjeldene.

Den døde kroppen og liket

Det kan verke sjølvstakt korleis ein skal referere til den fysiske døde kroppen. For mange er det vanleg å snakke om ‘lik’ i tilfelle der ein snakka om breie og generelle konsept som likbrenning. Kadaver er også eit ord som vert brukt, men hovudsakleg i medisinsk samanheng. ‘Kroppen’ er eit ord som oftare vert brukt i samanhengar der ‘liket’ vert for brutalt, gjerne i daglegtale i situasjonar der ein sjølv er involvert eller omtala ein person ein kjenner. På mange måtar er ordet ‘lik/liket’ svært konkret, men markerer også ein type avstand til den døde og gir assosiasjonar til det reint fysiske ved døden. Delar av oppgåva omtala døde på måtar som passar til denne definisjonen, spesielt gjennom argumenta for og mot likbrenning. I dette tilfellet er dei døde og kroppane gjenstand for ein debatt.

Omgrep som ‘kroppen’ og ‘den døde kroppen’ har ikkje dei same kliniske assosiasjonane og impliserer også det sosiale rundt døden. Frå eit kulturelt og antropologisk standpunkt er døden ikkje berre nødvendigvis definert av det fysiske fråværet av liv i ein kropp, prosessane rundt døden og den døde er også svært viktige. Thomas Laqueur nyttar mellom anna dette perspektivet for å snakke om dødshistorie, og unngår med dette å bruke ‘corpse’ for å skildre dei døde. Teknisk sett er dei døde lik, men kulturelt og sosialt er dei mykje meir enn berre lik, og difor vil andre omgrep omfatte betydninga av dei døde betre. Sjølv om store delar av dette arbeidet ikkje ville ha teke skade av omgrepet ‘lik’, trur eg at dei lange linjene og bakteppet for likbrenningssaka må setjast inn i ein større samanheng. I denne samanhengen er dei døde ein viktig del av kulturen, og sjølv om kroppane vert gjenstand for ein debatt, er grunnen til at debatten i det heile tatt vert teken rota i forholdet mellom dei levande og dei døde i eit samfunn. På grunn av betydninga av dei mange ulike omgrepa som er mogeleg å anvende, har eg tatt eit val om å nytte ‘kroppen’ eller ‘den døde kroppen’.

Historisk bakgrunn

I dag tek dei fleste det for gitt at kremasjon og gravlegging er tilnærma likestilte val for kva ein vil skal skje med kroppen etter døden. Sjølv om historia til likbrenning er lang, har likbrenning som vi kjenner det i dag, ikkje eksistert i meir enn rundt 170 år. Det vart heller ikkje eit mykje brukt alternativ i visse delar av Noreg før rundt 1920-talet.¹⁸ Fleire kommunar har fortsatt svært låg del kremerte, då 162 av 356 kommunar hadde under 20% kremerte i 2020.¹⁹ Sjølv om kremering med avansert teknologi ikkje går langt tilbake, finn vi konseptet likbrenning heilt tilbake til antikken. På bakgrunn av avgrensingane til oppgåva, er denne historiske bakgrunnen avgrensa geografisk til Europa. Ein kan også seie at likbrenning er eit konsept som vart relevant for Noreg på grunn av saka si utvikling og utbreiing i Europa. Sidan delar av oppgåva også er via til å drøfte 'tilbakekomsten' av likbrenning, er det viktig å kort gjere greie for likbrenning opp gjennom historia.

Frå antikken til moderne likbrenning

Før kristendommen kom til Europa var det vanleg å enten gravlegge dei døde i jorda eller brenne dei på likbål, og desse to alternativa eksisterte lenge utan konflikt. Gjennom denne perioden kan ein finne spor av likbrenning i mellom anna kunst og skrifter. Den einaste måten å brenne kroppar på var gjennom likbål, med tre som brensel. Dette ga svært låge temperaturar, spesielt om det vart utført ute i fri luft. Desse låge temperaturane betydde at det tok lang tid å brenne ein kropp. I tillegg var ofte resultatet restar av bein og kroppsdelar som var lett å identifisere. Likbrenning var mellom anna vanleg i Det klassiske Hellas ca. 400-300 fvt, og i Den romerske republikk ca. 500 f.v.t til 20 f.v.t.²⁰

Arkeologen Sven Ahrens påpeika at tida mellom 400 f.v.t og 300 e.v.t var ei periode der likbrenning som er arkeologisk sporbart vart praktisert.²¹ Utgravingar i eit nekropolis i den antikke byen Laodicea, i moderne Tyrkia, viser at ca. 70% av gravene frå rundt 200 f.v.t til 50 f.v.t var restar etter likbrenningar. Til samanlikning var berre 20-25% av gravene frå 50 f.v.t til 50 e.v.t likbrenningar.²² Ein av taktikkane til romerske keisarar som forfølgde dei tidleg kristne seiast å vere å brenne kroppane deira, for å håne trua dei hadde på oppstandelsen.

¹⁸ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 78.

¹⁹ Gravplasskultur.no, «Kremasjoner 2020, kommunevis»

²⁰ Thomas W. Laqueur, *The work of the dead: A cultural history of mortail remains* (Princeton, New Jersey: Princeton University Press, 2015), 491.

²¹ Johann Rasmus Brandt, Marina Prusac, and Håkon Roland, (red.). *Death and changing rituals: Function and Meaning in Ancient Funerary Practices* (Oxford: Oxbow books, 2015), 187.

²² Brandt, Prusac, and Roland, *Death and Changing Rituals*, 188.

Ettersom kristendommen auka i oppslutning i århundra etter vår tidsrekning, vart likbrenning fordømt.²³ Historia om Jesu oppstandelse er sentral i Bibelen og kristen tru. I det nye testamentet finn ein lovnad om oppstandelse og deretter evig liv: «Dere må ikke undre dere over dette, for den time kommer da alle de som er i gravene skal høre hans røst. De skal komme fram, og de som har gjort det gode, skal stå opp til livet, men de som har gjort det onde, skal stå opp til dom.»²⁴ Å brenne ein kropp ville i følgje dette synet øydelegge mogelegheita for oppstandelse, og difor vart gravlegging i jorda det einaste alternativet. I tillegg til dette vart eld assosiert med helvete og lidning. Helvete vert skildra som ein stad der ein aldri dør og elden aldri sloknar, som straff for synd.²⁵ Kyrkja har også vore kjent for å bruke eld og brenning som straff og fordømming ved å brenne levande menneske, mellom anna hekser og kjettarar.²⁶ Desse negative assosiasjonane til eld og brenning, i kombinasjon med makta og oppslutninga til kristendommen gjorde at likbrenning var både fordømt og forbode i nesten 1000 år.

Likbrenning var fortsatt praktisert i delar av Europa gjennom mellomalderen. Mellom anna var likbrenning vanleg i vikingtida, då kroppar var plassert i gravskip, og heile skipet skulle brenne med kroppen. Eit eksempel på dette er mellom anna det brente vikingskipet med urne funne på Myklebostad.²⁷ Andre stadar i Europa var det derimot uaktuelt med likbrenning, då mellom anna Karl den store innførte dødsstraff for likbrenning i 785.²⁸ Gravfunn viser at likbrenning heldt seg relativt lenge i Noreg, til utover 1000-talet, og innlandet praktiserte dette lenger enn kyststrøka.²⁹ Det var rundt denne tida kristendommen kom til Noreg, og likbrenning forsvann i takt med framveksten av den kristne tru.

Når likbrenning til slutt kom tilbake, var det i ei svært endra form. Dei tidlegaste metodane for likbrenning var ved bål og opne, frie flamar. På 1800-talet hadde den teknologiske utviklinga tatt fart, og det var dermed mogeleg å konstruere effektive omnar som raskt kunne redusere kroppen til små mengder med oske. I 1873 presenterte Professor Ludovico Brunetti ein likbrenningsomn på verdsutstillinga i Wien.³⁰ Før denne vart presentert hadde Brunetti gjennomført fleire eksperiment, heilt til han klarte å redusere ein kropp på 45 kilo til 1,7 kilo rein oske på 3,5 time. Sir Henry Thomson, ein av Englands leiande urologar, besøkte Brunetti

²³ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 65.

²⁴ Ruud, *Den som dør, får se*, 62.

²⁵ Ruud, *Den som dør, får se*, 62.

²⁶ Ruud, *Den som dør, får se*, 66.

²⁷ Brandt, Prusac, and Roland, *Death and Changing Rituals*, 360.

²⁸ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 65.

²⁹ Ruud, *Den som dør, får se*, 9.

³⁰ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 66.

si utstilling i Wien, og eit år seinare grunnla han The British Cremation Society.³¹ Thomson fortsette med sine egne eksperiment og utvikla likbrenningsteknologien vidare, og han kunne brenne ein 63 kilo tung kropp til 1,8 kilo oske på under ein time. Dette viser kor ulik den moderne likbrenninga var frå den som 1000 år tidlegare vart forbode og fordømt. Fleire ulike omnar vart designa og oppført gjennom Europa. Tyskland, Italia og England var dei europeiske landa som først fekk gjennomslag for ideen og førte opp krematorium.³² Interesse for saka spreidde seg deretter utover kontinentet, til mellom anna Sveits, Frankrike, og Danmark. Danmark var først ute av dei skandinaviske landa med likbrenningsforeining etablert i 1881, og Sverige følgde raskt etter eit år seinare. Dei hadde begge krematorium i lovleg drift i høvesvis 1895 og i 1888.³³ Likbrenningssaka vann fram i Europa på slutten av 1800-talet, og Noreg måtte difor også til slutt ta stilling til saka. Dersom ein ser på lovene som vart vedtekne i Noreg på slutten av 1800-talet, kan ein sjå at fleire spørsmål rundt behandling av døde kroppar vart lovfesta. I tillegg til å innføre ei lov om likbrenning i 1898³⁴ vart også 'Lov indeholdende visse Bestemmelser om Behandlingen af Lig'³⁵ vedteke 7 dagar før, og 'Lov om afgivelse af lig til brug for universitetets medicinske undervisning'³⁶ eitt år seinare. Dei komande kapitla vil ta opp kvifor likbrenning kom tilbake og kva betydning som vart lagt i dette, både i samtid og ettertid.

³¹ Laqueur, *The work of the dead*, 499.

³² Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 18.

³³ Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet», 48-49.

³⁴ Lov om Ligbrænding, 11te Juni 1898.

³⁵ Lov indeholdende visse Bestemmelser om Behandlingen af Lig, 4de juni 1898.

³⁶ Lov om afgivelse af lig til brug for universitetets medicinske undervisning, 20de mai 1899.

Kapittel 2 – Historiografi og årsak

Historiografi

Historiske kjelder og arkeologiske funn må tolkast og settast saman for å skrive historisk faglitteratur. Dødshistorie er eit svært omfattande tema, då døden er uunngåeleg og til stade for alle menneske til alle tider i historia. På mange måtar er døden både abstrakt og konkret, og kan vere eit tema som er vanskeleg å handsame. Døden spelar ei rolle i mange faglitterære felt, som for eksempel demografi, men å eksplisitt gjere døden til tema for historieskriving skjedde ikkje før på 1970-talet.³⁷ På denne tida vart kulturhistorikarar interessert i å skrive om døden. Innanfor kulturhistoria har ein også hatt store variasjonar, og utvikling over tid, då forskjellige retningar har ulike utgangspunkt og forståing av historia, kultur og verda. I denne samanhengen er variasjonane mellom ein av de tidlegaste retningane innanfor kulturhistoria, mentalitetshistorie, og den seinare, den nye kulturhistoria, svært interessante å diskutere. Dette er fordi måten desse to retningane vel å gjere døden som tema for historieskriving er svært ulike, noko som viser korleis ulike forståingar og utgangspunkt påverka faglitteraturen om døden.

Det er stor variasjon innanfor kva historikarar brukar som årssaksforklaringar i dødshistoria. I dette kapittelet vil mentalitetshistoria og Ariès, og den nye kulturhistoria og Laqueur bli presentert og gjort greie for. Deretter vil eg gå nærare inn på antropologien sin rolle i Laqueur sitt prosjekt, for å understreke det lange historiske perspektivet. Spørsmålet om korleis historikarar har forklart at likbrenning igjen vart eit tema på slutten av 1800-talet vil bli drøfta på bakgrunn av dei førre punkta. Til slutt vil måten historikarane har forstått og gitt meining til spørsmålet verte drøfta: Gjennom å drøfte i kva grad historikarane karakteriserer tilbakekomsten av likbrenning som eit radikalt brot med dei eksisterande tradisjonane og synet på den døde kroppen.

Mentalitetshistoria

Mentalitetshistoria er den tredje generasjonen innanfor Annales-skulen, som vart grunnlagt av Lucien Febvre og Marc Bloch i 1929.³⁸ Dette var ei historiefagleg retning som var inspirert av mellom anna sosiologien. Mentalitetshistoriemiljøet er prega av ein ambisjon om å finne

³⁷ Kragh, *Til jord skal du blive*, 14.

³⁸ Leidulf Melve, *Historie - Historieskriving fra antikken til i dag* (Oslo: Dreyers forlag, 2010), 194.

bevisste og ubevisste idear og tankemåtar ved menneske i eit samfunn.³⁹ Annales-skulen la grunnlaget for kulturhistoria og fleire andre retningar som mellom anna sosialhistorie, som skulle vekse fram seinare. Mentalitetshistoria dukka opp rundt 70-talet, og hadde mennesket sin umedvitne og kollektive mentalitet som interessefelt.⁴⁰

Eit av dei mest omtalte verka om døden er skriven av Philippe Ariès, som ikkje var utdanna historikar, men er rekna som ein viktig bidragsytar og representant for mentalitetshistoria. Verket *'Døden i Vesten: Eit historisk oversyn frå mellomalderen til vår tid'*⁴¹ vart publisert i 1977, og hadde det ambisiøse målet om å gi eit oversyn over dei kollektive haldningane mennesket hadde rundt å oppleve å døy og å sjå andre døy dei siste 1000 åra. Han deler opp denne tidsperioden i fire fasar som han påstår å finne i kjeldematerialet. På denne måten tilbyr han ei skjematisk oppdeling som viser ei utvikling: Den omgjengeleggjorde døden, Min Død, Din Død og Den forbodne død. Den første fasa er skildra som synkron, som vil seie at den omfattar eit lengre tidsrom. Dette betyr at Ariès meiner at trekkja han finn i denne fasa også er til stade i dei komande fasane han teiknar opp. 'Den omgjengeleggjorde død' vert skildra som udramatisk og kvardagsleg, noko som Ariès påstår å finne hint av opp gjennom dei komande århundra.⁴² Fasa 'Min død' startar i seinmellomalderen og var karakterisert av ein veksande individualisme, der døden gjaldt individet i større grad enn før.⁴³ 'Din død' inneber ei dramatisering av døden, der fokuset skifta over på andre sin død, sorg og minnekultur. Til slutt finner han fasa 'Den forbodne døden' som skildrar korleis døden vart eit tabu gjennom medikalisering og profesjonalisering.

Fleire historikarar har nytta arbeidet til Ariès i sine prosjekt, mellom anna Bjarne Hodne, som skriv om folketradisjon og korleis ein såg på døden i norske bondesamfunn.⁴⁴ I denne boka referera Hodne til Ariès sine fasar, som støtte og bakgrunn for sine egne funn. *Døden i vesten* har også motteke mykje kritikk, noko som mellom anna førte til at Ariès skreiv ein utvida versjon kalla *The hour of our death* fire år seinare.⁴⁵ Mange historikar har markert avstand til Ariès i sine egne verk om døden, i all hovudsak fordi å skrive om haldningar er mykje

³⁹ Erling Sandmo, *Voldssamfunnets undergang: Om disiplineringen av Norge på 1600-tallet* (Oslo: Universitetsforlaget, 1999), 61.

⁴⁰ Astri Andresen et al., *Å gripe fortida: Innføring i historisk forståing og metode*, 2 Utg. (Oslo: Det Norske Samlaget, 2017), 210.

⁴¹ Philippe Ariès, *Døden i Vesten: eit historisk oversyn frå mellomalderen til vår tid*, trans. Tove Bakke (Oslo: Det Norske Samlaget, 1977).

⁴² Ariès, *Døden i vesten*, 29.

⁴³ Ariès, *Døden i vesten*, 54.

⁴⁴ Hodne, *Å leve med døden*.

⁴⁵ Philippe Ariès, *The hour of our death*, overs. Helen Weaver (New York og Oxford: Oxford university press, 1981).

omdiskutert. Joachim Whaley påpeika at Ariès ikkje konkret forklarar kva han legg i omgrepet 'haldningar'⁴⁶, medan Thomas Laqueur skriv at haldningar til døden ikkje finnast, i alle fall ikkje på ein måte som er tilgjengeleg eller hensiktsmessig å studere historisk.⁴⁷ Spørsmålet er om historikarar i det heile tatt kan ha forutsetningar for å vite noko om umedvitne kollektive haldningar i fortida, og om kjeldene kan gi innsikt i dette. Det er på mange måtar mogeleg å finne spor etter offentlege uttrykk for sorg, men dei indre kjenslene til individ i fortida er meir utilgjengeleg. Ariès påstår også å kunne seie noko om haldningane rundt å gå inn i døden, som eg vil påstå er enda meir abstrakt og utilgjengeleg då kjelder om døden oftast er skapt av dei gjenlevande. Tankane og opplevingane ein døyande person har i si siste tid er svært vanskeleg å få innsikt i. Med Annales-skulen og mentalitetshistoria til grunn er det også svært typisk at Ariès er opptatt av å skildre endring og utvikling gjennom dei fire fasane. Eit eksempel på ei kulturhistorisk retning som har eit svært annleis utgangspunkt er Den nye Kulturhistoria.

Den nye kulturhistoria

I 1989 vart artikkelsamlinga 'The New Cultural History' redigert av Lynn Hunt publisert.⁴⁸ Dette var gjennombrøtet til ei ny retning innanfor kulturhistoria som var opptatt av mellom anna antropologi, sosiale konstruksjonar og kontinuitet. På dette tidspunktet hadde Annales-skulen og mentalitetshistoria gått i oppløysing fordi skilja og rammene rundt dei vart så utydeleg at det ikkje lenger var naturlege kategoriar.⁴⁹ Ein av artiklane i 'The New Cultural History' var skriven av Thomas Laqueur, som seinare skulle publisere eit svært omfattande verk om døden kalla *The work of the dead: A cultural history of mortal remains*.⁵⁰ Dette er eit verk som på mange måtar representerer Den nye kulturhistoria, fokuset på antropologien og kontinuiteten er spesielt sær eigen for denne retninga. Som nemnt tidlegare skriv Laqueur at det ikkje finnast noko måte å skrive om haldningar i fortida på. Sidan det er vanskeleg for oss å kunne seie noko om kollektive haldningar i notida, ville det vere nærast umogeleg å kunne få innsikt i haldningar i fortida.⁵¹ På grunn av dette vel Laqueur den døde kroppen som sitt studieobjekt, fordi mellom anna plassering og behandling av dei døde er fysiske og konkrete kjelder. Ein kan for eksempel seie mykje om korleis eit menneske har levd og døydd av å sjå på leivningane.⁵² I tillegg kan

⁴⁶ Joachim Whaley, (red.), *Mirrors of Mortality: Studies in the social history of death* (England: St. Martin's Press, 1981), 8.

⁴⁷ Laqueur, *The work of the dead*, XIII.

⁴⁸ Lynn Hunt, (red.), *The New Cultural History* (California: University of California Press, 1989).

⁴⁹ Sandmo, *Voldssamfunnets undergang*, 77.

⁵⁰ Laqueur, *The work of the dead*.

⁵¹ Laqueur, *The work of the dead*, XIII.

⁵² Helen King S. C. Humphreys, (red.), *Mortality and immortality: The anthropology and archaeology of death* (London: Academic Press 1981), 23.

måten kroppen vart behandla gi innsikt i kultur og samfunn. Andre verk som i stor grad basera seg på same grunnlag, med døde kroppar som studieobjekt, er *Death, modernity and the body* av Eva Åhrén⁵³ og *Death, dissection and the destitute* av Ruth Richardson.⁵⁴ Prosjektet til Laqueur tek utgangspunkt i ein påstand frå filosofen Diogenes, som uttalte at han kunne bli kasta over bymurane til villdyra etter sin død fordi ein død kropp har ingen betydning.⁵⁵ Laqueur opnar *The work of the dead* med å skrive at boka handlar om: «How and why Diogenes was right (his or any body stripped of life cannot be injured), but also existentially wrong, wrong in any way that defies all cultural logic.»⁵⁶

Laqueur representerer Den nye kulturhistoria særleg gjennom bruken av antropologien i *The work of the dead*. Det antropologiske grunnlaget for resten av boka vert lagt i dei første kapitla, der dei lange linjene, universalitet og kontinuitet er viktigast. Ariès sin første kategori er synkron, det vil seie at den går over eit lengre tidsrom, men den blir så vidt tatt opp igjen gjennom resten av boka. Ariès legg også mest vekt på inndeling av fasar og kva endringar som skjer, medan kontinuitet er det viktigaste for Laqueur. Ved å sjå på korleis døde kroppar har blitt plassert, behandla og liknande, vil Laqueur trekkje visse breie slutningar om forholdet mellom dei døde og dei levande. No vil eg gå litt nærare inn på desse påstandane, for å gi ei breiare forståing av antropologien si rolle i historieskrivinga til Laqueur.

Antropologi og kontinuitet

Det tidlegaste tilfelle der menneske har gravlagt dei døde finn ein i nord-vest Europa for 70 000 år sidan. Eit neandertalarbarn har blitt gravlagt med verktøy plassert på steinar og dekt med jord.⁵⁷ Arkeologiske funn viser at gravlegging der kroppar har blitt plassert på visse måtar med ulike gjenstandar har vore vanleg for menneske i tusenvis av år. Theya Molleson trekkjer fram at når menneske har starta å behandla sine døde på denne måten, ville det sannsynlegvis hatt stor innverknad på den sosial organisasjonen blant medlemmane i gruppene.⁵⁸ Laqueur drøftar også dette spørsmålet, og viser korleis forskning på korleis ulike artar behandla sine døde kroppar ofte vert gjort, på grunn av ei interesse for grensene mellom natur og kultur.⁵⁹ Funna frå førhistorisk tid kan antyde at å behandle døde kroppar på ein viss måte har vore viktig for mennesket og samfunnet i svært lang tid.

⁵³ Åhrén, *Death, Modernity, and the Body*.

⁵⁴ Ruth Richardson, *Death, dissection and the destitute* (London og New York: Routledge & Kegan Paul, 1987).

⁵⁵ Laqueur, *The work of the dead*, 1.

⁵⁶ Laqueur, *The work of the dead*, 1.

⁵⁷ S. C. Humphreys, *Mortality and Immortality*, 16.

⁵⁸ S. C. Humphreys, *Mortality and Immortality*, 17.

⁵⁹ Laqueur, *The work of the dead*, 91.

Laqueur vil utfordre Diogenes sin påstand ved hjelp av det han kallar ‘tidlause sanningar’. Mellom anna ved å vise korleis mennesket lenge har hatt eit behov for å behandle døde kroppar med respekt og verdigheit, og at visse ting må vere på plass for at dei levande skal vere ‘fornøgde’.⁶⁰ Dette betyr også at dersom ein kropp ikkje vert behandla ‘korrekt’, verkar det forstyrrende på oss. For eksempel om ein kropp er uverdigg behandla, eller ute av plassen sin. Eit eksempel på dette er påstanden til Diogenes. Då folk viste avsky og satt spørsmål ved ønsket stilte Diogenes spørsmål ved kvifor han skulle bry seg med kva som skjedde med han etter sin død, sidan han då ikkje lenger var til stade og kroppen ville vere utan kjensle og betydning. Laqueur viser at isolert sett har Diogenes rett i at ‘eit lik’ ikkje har ei ibuande betydning eller oppfattar noko etter døden, men i ein kulturell kontekst har dei døde, og korleis dei vert ivarettatt, ei sterk betydning for dei levande.

Ei av dei tidlause sanningane Laqueur nyttar i sitt lange historiske perspektiv er at det er noko djupt feil for mennesket å ikkje ta vare på dei døde.⁶¹ Mange scenario kan brukast for å eksemplifisere dette. Døde kroppar som ligg i offentlegheita, på grunn av plutselig død eller drap, er på fleire måtar forstyrrende for dei levande å sjå. Kanskje spesielt dersom teikna av død, råte, insekt, rigor mortis, lukt eller kroppsvæsker, er til stade. Også i tilfelle der ein ikkje sjølv ser ein kropp, men høyrer om den, kan ha same effekt. Tilfelle der menneske har døydd aleine og ikkje har blitt funne før lang tid etterpå, kan verke forstyrrende. Dette er sjølv om ein er av den overtydinga at den døde ikkje er til stade på noko måte og er ubevisst på at dei har blitt gløymd eller oversett. Behandlinga av kroppen før den skal gravleggast er også av stor betydning for dei levande, då det å mellom anna løfte, flytte, vaske og kle kroppen må gjennomførast med omtanke. Å på nokon måte degradere ein kropp ved å behandle den ‘feil’ kan vekke sterk emosjonell respons hjå dei levande. Laqueur samanliknar at kroppen til ein amerikansk soldat vart drege gjennom Mogadishu av Mohammed Aidid sine følgjarar i 1993 med Homer si forteljing av Akilles som drog kroppen til Hektor gjennom Troja.⁶² Begge forteljingane ga sterke reaksjonar, sjølv om over 2000 år skilde dei frå kvarandre.

Historikaren Eva Åhrén nyttar antropologen Arnold Van Gennep sin teori om overgangstitar for å forklare at døde kroppar må bli behandla i samsvar med kulturelle reglar.⁶³ Overgangsritar markera at ein person sin sosiale ståstad i samfunnet vert endra, dette kan vere mellom anna fødsel, konfirmasjon, eller bryllaup. Desse ritane er ofte organisert rundt eit mønster: først vert

⁶⁰ Laqueur, *The work of the dead*, 8.

⁶¹ Laqueur, *The work of the dead*, 8.

⁶² Laqueur, *The work of the dead*, 7.

⁶³ Åhrén, *Death, Modernity, and the Body*, 4.

personen separert frå samfunnet, etterfølgd av ein overgang, og til slutt vert personen ført tilbake til samfunnet med sin nye status. Reisa frå dødsleiet til grava er i følge Åhrén eit godt eksempel på eit overgangsrite, der den døde får ein ny status i slutten av ritet: «The function of the rites of death and burial is thus to re-establish order and create meaning out of death.»⁶⁴ Ritane følgjer mønster, men også relativt strenge reglar for korleis dei skal gjennomførast. Åhrén peikar på at endringar i korleis eit samfunn behandlar dei døde speglar endringar i førestillingane til menneska, og dei fundamentale trekka ved ein kultur.

Det er ikkje berre over bakken kroppar behandla på feil måte kan vekke kjensler. Kvar ein plasserer kroppar har også mykje å seie for dei levande, ofte med tanke på identitet og tilhøyrse, noko som Laqueur gjer til tema for kapittel 2 i *The work of the dead*.⁶⁵ Dette kan gjelde geografisk plassering, eller orientering etter himmelretning, som kan bety mykje for ulike religionar. Kjensla av at ei grav er urørleg etter den er lukka er også sterk i vestleg kultur. I spesielle tilfelle vert kroppar ekshumert for å undersøke dødsårsak, eller for å bli flytta. På 1800-talet kunne det vere eit problem for pårørende å oppdage tomme graver, fordi å stele lik for disseksjon var lønnsamt.⁶⁶ Også når det gjeld kroppar frå ei svunnen tid som ingen har ei personleg tilknytning til er målet fortsatt i dag å behandle dei med respekt. Dersom vegar eller bygningar skal byggast og ein oppdagar gamle graver og kroppar, skal takast omsyn til, flyttast eller unngåast. Å forstyrre dei døde etter seremonien som plasserer dei i jorda eller i ei urne, gir ei kjensle om at noko er feil. Både dersom det er eit nært familiemedlem som nyleg er avdød, eller kroppar frå andre århundre.

Poenget med påstandane om at mennesket trenger å behandle dei døde på ein viss måte, er at dei er tidlause. Kva som er rett måte å behandle ein kropp på varierer gjennom historia, i tillegg til at kva situasjonar som vekker avsky ved dei levande også må ha endra seg. For mange vestlege kulturar i dag kan tanken om å ha den døde kroppen liggande heime, og vaske å stelle den sjølv, verke forstyrrende. Noko som ville vore heilt naturleg for menneske for rundt hundre år sidan. På same måte ville kanskje desse menneska bli forstyrra av tanken på å at ukjende arbeidarar sender den døde inn i ein omn for å bli redusert til nokre kilo med uorganisk materiale. Påstandane i denne delen er universelle på den måten at dei kan overførast til samfunn på alle tidspunkt i historia, men gi noko ulike svar. Dette er den kontinuiteten som Laqueur påstår finnast i dødshistoria, og står dermed i opposisjon til fasane som Ariès og

⁶⁴ Åhrén, *Death, Modernity, and the Body*, 4.

⁶⁵ Laqueur, *The work of the dead*, 107.

⁶⁶ Richardson, *Death, dissection and the destitute*, 78.

mentalitetshistorikarane støtta seg på. Desse vidt forskjellige historieforståingane gir ulike forklaringar på kvifor likbrenning kom tilbake når den gjorde. Dei gir også forskjellige måtar å reflektere rundt spørsmålet om kva betydning innføring av likbrenning hadde.

Kvifor kom likbrenning tilbake?

Sidan jordgravlegging hadde vore det einaste alternativet i tusen år er spørsmålet om kvifor likbrenning igjen vart eit tema viktig. Historikarar har forsøkt å forklare gjeninnføringa av likbrenning, og dei peikar på fleire ulike faktorar. Var det særskilde behov eller problem som berre likbrenning kunne møte og løyse opp i, eller ein idé som fekk fotfeste av andre grunnar? Forklaringane er nyanserte og varierte, men ikkje alle som skriv om likbrenning er einige i kva som førte til tilbakekomsten av denne måten å behandle døde kroppar.

Forklaringa som er mest etablert og utbreidd blant historikarar som skriv om død og likbrenning er hovudsakleg dei fysiske tilhøva på kyrkjegardane. Denne forklaringa legg vekt på at aukande befolknings- og byvekst på 1800-talet førte til overfylte og dårleg vedlikehaldne kyrkjegardar.⁶⁷ I millionbyar vart desse problema omtalt som ekstreme og forstyrrende, då det gjerne vart snakka om bein og kroppsdelar stikkande ut av jorda på grunn av plassmangel.⁶⁸ Det var ikkje berre eit problem på grunn av at dei levande vart skremt og forskrekka av at døde kroppar stakk opp av bakken, men også at utviklingar innan spesielt bakteriologien advarte mot helsefarane dette representerte. Ein var redd for at grunnvatn var forureina, og at lufta på og rundt kyrkjegardane skulle vere smittsame og true dei levande si helse. Nokon ser derfor på likbrenning som ei løysing på problemet som dårlege kyrkjegardar representerte. Denne forklaringa som viser at likbrenning hovudsakleg var ein reaksjon eller ei løysing på fysiske og hygieniske forhold blir tatt opp av mellom anna artiklane til Pedersen og Sandmo. Men det vert også presentert andre forklaringar for kvifor likbrenning kom tilbake.

Dei andre medverkande faktorane som vert trekt fram av historikarar er mellom anna modernisering, sekularisering og liknande nye rørsler i samfunnet. Oksrød har eit idéhistorisk perspektiv der mellom anna renessansen, rasjonalismen, opplysningstida og det nye naturvitskaplege verdsbilete vert trekt fram som årsaker til at likbrenning kunne kome tilbake.⁶⁹ Ariès sin studie av dødshistoria tek utgangspunkt i internaliserte kollektive haldningar og tenkemåtar. Difor vil Ariès forklare at endringar i handlingar skjer på grunn av endringar i haldningar. Når Ariès gjer greie for den siste fasa som omfattar det førre århundreskiftet påstår

⁶⁷ Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet», 46.

⁶⁸ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 8.

⁶⁹ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 10.

han at endringane kjem av ei kjensle han finner i siste halvdel av 1800-talet. Dette var kjensla om å ville spare den døyande, og ein aversjon mot å sjå folk døy. Denne kjensla skulle bli erstatta av ei ny kjensle, som ville spare samfunnet for den uestetiske dødskampen. Dette skulle føre til eit mål om å skjule døden, og likbrenning skulle verte det ytste eksempelet på dette. Ariès påstår dermed at det var endringar i haldningar og kjensler som førte til at likbrenning kom tilbake, som eit forsøk i å gøyme og gløyme den døde kroppen.

Thomas Laqueur skil seg frå dei førre poenga, då han markerer avstand til dei aller mest etablerte årssaksforklaringane for kvifor likbrenning dukka opp igjen:

Why did this happen, or rather, why, beginning in the 1870s, did some people want it to be the case? There were no new discoveries that would support the view that burning the dead was better for public health than burying them, and beautiful, clean new cemeteries had recently triumphed over overcrowded old churchyards. Cremation, at least under any conceivably acceptable conditions, was not cheaper than burying bodies. There was no new attitude – not toward death or the dead, in any case – that favored cremation, no sudden turn to Hinduism or Buddhism, which believed in cremation on religious grounds. There was no great necessity: cremation grew at different rates in different western countries [...]⁷⁰

Cremation by the 1870s had become a way of mobilizing the dead in a whole range of overlapping enterprises and projects: modernism and the march of progress, the regime of life, radical and not-so-radical new classicism, anticlericalism, and laicization, spiritualism, heterodox and liberal religions, socialism and materialism.⁷¹

Laqueur skil seg frå andre historikarar ved å påstå at dei aller fleste vanlege forklaringane, overfylte gravplassar, nye oppdagingar innan naturvitskapen, eller nye haldningar eller behov ikkje var til stade. Han legger derimot all forklaringa på kvifor likbrenning igjen vart eit tema på at døde kroppar vart brukt i saker med andre agendaer. Ulike aktørar kunne bruke spørsmålet om likbrenning i sine prosjekt, fordi likbrenning og kva det representerte var ein fordel for å fremje deira saker. Laqueur påpeikar også korleis opprettinga av gravplassar, separat frå kyrkjegardane, spelte ei stor rolle for samfunnet og dei døde. Gjennom oppretting av gravplassar mista kyrkja sitt monopol over dei døde, og gravplassane vart ein meir nøytral grunn, som var ein forutsetning for å kunne innføre likbrenning. Han kalla tida då kyrkja hadde monopol over dei døde for det gamle regimet, som på 1800-talet vart erstatta av det nye regimet og dei nye og nøytrale gravplassane.⁷²

⁷⁰ Laqueur, *The work of the dead*, 493.

⁷¹ Laqueur, *The work of the dead*, 493.

⁷² Laqueur, *The work of the dead*, 112.

Likbrenning som radikalt brot?

Måtane historikarar vel å forklare kvifor likbrenning kom tilbake, kan også vere eit uttrykk for kva dei meiner tilbakekomsten representerte. Ein kan spørje om tilbakevendinga til likbrenning på 1800-talet representerte eit radikalt brot med eksisterande tradisjonar. Dette spørsmålet krev drøfting av ulike historieforståingar. På mange måtar har det vore ei slags dogme i historiefaget at alt forandrar seg over tid, også at endring er det same som framgang, ein tanke som etter kvart vart utfordra. For eksempel kan ein sjå at mentalitetshistorikarane opererer med eit skarpt skilje mellom det før-moderne og det moderne, noko som står i kontrast til korleis Laqueur bruker antropologien til å vise korleis ulike fenomen og praksisar er like gjennom tida. Ariès tilbyr historikarar eit slags utviklingsskjema som passa med den konvensjonelle historieforståinga på denne tida. Laqueur påstår i etterordet i *The work of the dead* at han gjennom arbeidet med boka forventa å finne stadier eller fasar, på same måte som Ariès, men i staden oppdaga kontinuitet og på mange måtar enda opp med å stå i opposisjon til Ariès og hans forståing av dødshistoria.⁷³ Desse ulike historikarane forklarar tilbakekomsten av likbrenningsspørsmålet på forskjellige måtar og tillegg det også ulik betydning.

I den siste delen av boka drøftar Laqueur likbrenning. Han startar denne delen med å skrive «Finally, in coke and gas ovens materialism was triumphant; a long history of care for the dead was cast aside; Diogenes' rejection of the demands of culture seemed to have won out. It was outrageous.»⁷⁴ Han bruker også omgrepet 'the disenchantment of the body' for å snakke om kva som skjedde med den døde kroppen då likbrenning vart innført.⁷⁵ Disenchantment er eit omgrep som er lånt frå Max Weber, som han brukte for å omtale rasjonalisering og modernisering av samfunn, der vitskapen står høgare enn mellom anna religion. Denne måten å omtale likbrenning er mellom anna basert på at nokon argumenterte for nytteverdien til oska, at ein kunne anvende den til nytte og profitt for dei levande. Sir Henry Thompson, forkjempar for likbrenningssaka i England, antyda at å gravlegge kroppar var det same som å gravlegge pengar, og at dei kunne vere meir verdifulle som oske.⁷⁶ Oska skulle likevel ikkje bli behandla noko annleis enn kroppane i kister. Gjennom dei følgande kapitla viser Laqueur korleis likbrenning sakte men sikkert opna opp for nye måtar dei døde bidrog til dei levande, «The purportedly disenchanted body is enchanted again and again.»⁷⁷ Uansett kva 'form' dei døde

⁷³ Laqueur, *The work of the dead*, 550.

⁷⁴ Laqueur, *The work of the dead*, 491.

⁷⁵ Laqueur, *The work of the dead*, 195.

⁷⁶ Laqueur, *The work of the dead*, 518.

⁷⁷ Laqueur, *The work of the dead*, 550.

tek og korleis tradisjonane utviklar og endrar seg finn dei levande måtar å gi dei døde betydning. Dei universelle antropologiske påstandane vert ikkje sletta ved tilbakekomsten til likbrenning, men tek nye former, som dei alltid har gjort. Liknande funn kan ein også sjå hos Åhrén som viser at samfunnet og behandlinga av dei døde går gjennom store endringar rundt århundreskiftet, men at dette ikkje førte til mangel på respekt eller auke i frykt og tabu.⁷⁸

I Ariès sitt tilfelle vert likbrenning lite omtala i *Døden i vesten*. Den siste fasa, ‘Den forbodne døden’, vert karakterisert ved at døden vart medikalisert og tabu i moderne tid.⁷⁹ Under denne fasen blir utviklingane som starta siste halvdel av 1800-talet omtala som ein djuptgripande revolusjon som står i motsetnad til dei mjuke og sakte endringane sidan mellomalderen. Om likbrenning skriv Ariès:

I land der døden har vore gjennom ein verkeleg revolusjon, som t.d. i England, blir kremasjon den dominerande gravferdsmåten. Når kremasjon – ofte med spreining av oska – har teke leiinga, er ikkje dette berre teikn på vilje til å bryte med kristendommen, teikn på *opplysning*, på modernisme – den eigentlege årsaka er at kremasjon blir tolka som den mest radikale måten å få gøymt og gløymt alt som er att av kroppen, få gjort han til inkje: *too final*. Trass i alle freistnader som i dag blir gjorde frå kyrkjegardsstyra si side, vitjar ein knapt urnene, medan ein framleis vitjar dei tradisjonelle gravene. Kremasjonen hindrar pilegrimsferda.⁸⁰

Ariès nemner likbrenning som eit eksempel på korleis ‘revolusjonen’, som er den forbodne døden, vert praktisert eller uttrykt i øvste grad. Ved å bruke ordet revolusjon og vise korleis endringane i denne fasa var skarpere og større enn i nokon av dei andre fasane, vert tanken om eit radikalt brot tydeleg hos Ariès. Likbrenning vert ikkje drøfta i djupna, men løfta fram som eit eksempel på det største uttrykket for brotet som denne fasa representerte for døden og dødstradisjonane.

På grunn av dei ulike historieforståingane desse representantane for mentalitetshistoria og den nye kulturhistoria har, svara dei ulikt på om likbrenning representera eit brot. Sidan Ariès ser etter endring og måtar ein kan dele dødshistoria inn i utviklingsfasar, er det meir sannsynleg å omtale ei endring som eit brot eller ein revolusjon. Laqueur som på si side har antropologien som grunnlag, er meir oppteken av å sjå kontinuitet sjølv om visse ting er i endring. Dette betyr ikkje at Laqueur prøva å seie at innføringa av likbrenning ikkje var ei stor endring, og betydde mykje for behandling og synet på den døde kroppen. Sjølv om likbrenning var noko nytt og drastisk ser Laqueur at dei døde fortsatt har ei viktig rolle for samfunnet og for dei levande.

⁷⁸ Åhrén, *Death, Modernity, and the Body*, 2.

⁷⁹ Ariès, *Døden i vesten*, 77.

⁸⁰ Ariès, *Døden i vesten*, 81.

Visse endringar i tradisjonar og seremoniar måtte skje for å tilpassast likbrenning, men dei har fortsatt same effekt for dei levande. Ariès kategorisera desse endringane som ein revolusjon eller eit brot, som skil seg nesten totalt frå dei andre fasane han omtala. Tabu, framandgjeri, profesjonalisering og profittjag prega døden og likbrenning vert trekt fram som det mest ekstreme eksempelet på denne revolusjonen. Ein kan tydeleg sjå at sjølv om både Ariès og Laqueur anerkjenner dei mange endringane i samfunnet og dødstradisjonane som fann stad på 1800-talet, konkludera dei ulikt på grunn av korleis desse kulturhistoriske retningane forstår og skriv historie.

Oppsummering

Døden har vore eit tema for historieskriving dei siste 50 åra, og fleire ulike forståingar for akkurat korleis dette kan og bør gjerast har oppstått i løpet av denne tida. Mentalitetshistoria gjorde døden om til tema for historieskriving ved hjelp av å sjå på kollektive umedvitne haldningar. Ariès forklarar gjeninnføring av mellom anna likbrenning som eit resultat av nye haldningar og kjensler i samfunnet. *Døden i Vesten* skisserte opp 4 fasar og eit utviklingskjema for dødshistoria. Dette passa godt inn i den dogmatiske tanken i historiefaget om å skildre endring, utvikling og framgang. Nokre historikarar har nytta Ariès sine fasar, medan andre kritiserte arbeidet. Ut av kritikken mot mentalitetshistoria vaks det ei ny kulturhistorisk retning kalla 'Den nye kulturhistoria'. Antropologien skulle gi historikarar ein ny måte å forstå kultur og å skrive historie. Thomas Laqueur bruker antropologien som grunnlag for si forståing av dødshistoria i *The work of the dead*, der kontinuiteten vert tydelegare enn endringane. Laqueur forklarar at likbrenning kom tilbake fordi aktørar i andre saker, som for eksempel sosialismen, materialismen, sekulære livssyn og modernistar, ville bruke likbrenning for å fremje desse sakene. Likbrenning skulle med andre ord tene desse andre rørsle og prosjekta, fordi denne måten å behandle dei døde og det dei representerte kunne brukast til deira fordel.

Den grunnleggjande forskjellen ved historieførståinga til historikarane gir ulike svar på om likbrenning representerte eit radikalt brot. Både Ariès og Laqueur anerkjenner at likbrenning var svært annleis enn jordgravlegging og dei eksisterande tradisjonane. Ei endring som dette gjekk ikkje umerka forbi, men møtte både ekstrem motstand og fekk mange tilhengarar. Ariès vel å sjå likbrenning som ytterpunktet for den siste fasa, der døden er medikalisert og tabubelagt. Han omtaler likbrenning som ein revolusjon, ei betydeleg og grunnleggande endring som skjer i løpet av kort tid. Laqueur vil på si side vise korleis likbrenning endra mykje, men at kontinuiteten for dei døde og dei levande er vedvarande. Å brenne kroppar endra mykje, men uansett kva 'form' dei døde tok hadde dei fortsatt same betydning og effekt for dei levande. I

dei komande kapitla vil eg gå inn på argumenta og reaksjonane menneska i Bergen hadde til inntoget til likbrenning i samtida. Historikarar har fordelen med etterpåklokskap, medan reaksjonane og stemmene til folka i samtida klarare vil vise kva denne endringa betydde for dei i augeblikket. Samtidig er innsikta ein får frå mellom anna Ariès og Laqueur viktig; for å sjå om ein kan finne igjen deira skildring av dødshistoria og likbrenning lokalt i Bergen i samtida.

Kapittel 3 – Avisene og Argumenta

I dette kapitlet vil dei generelle argumenta frå dei to sidene i likbrenningsaka bli presentert. Avisene som er nytta for å presentere desse argumenta er hovudsakleg frå perioden 1874 og til rundt 1890-talet. Dei aktuelle avisene inneheld nyhenderapportar om likbrenningssaka og presentasjonar av argument både for og imot. Informasjonen og argumenta i desse innlegga var ofte henta frå tidsskrift eller forelesingar, enten frå utlandet eller innlandet. Avisene var lett tilgjengelege for mange, og det er interessant å sjå korleis aktørane presenterte sine argument for offentlegheita. Å bruke avisene gir også ei innsikt i kva informasjon og nyhende om likbrenning som vart tilgjengelege før stiftinga av den lokale foreininga. I tillegg er arkivmateriale etter Bergens Ligbrændingsforening som nemnt svært mangelfull. Her vil avisene kunne gi informasjon både om debatten og om arbeidet til foreininga som elles har forsvunne med arkiva. I denne oppgåva er 5 forskjellige aviser nytta, og ca.400 avisinnlegg er gjennomgått. For å kunne seie noko om rekkevidda på avisinnlegga er det nødvendig å få eit bilete av kva rolle avisene hadde i samfunnet på siste halvdel av 1800-talet. Dette kapitlet vil difor først ta kort føre seg ulike aviser i Bergen og kva rolle desse hadde i. Deretter vil dei aller tidlegaste omtalene av likbrenningssaka i Bergensavisene, og dei få aktørane som er namngitt vil også bli presentert. Dette kan gi ei innsikt i kven som var stemmene bak dei ulike argumenta. Deretter vert argumenta som vart brukt for og imot likbrenning gjort greie for, og til slutt vil eg drøfte korleis aktørane i samtida reagerte på at likbrenning igjen vart eit tema.

Avisene i Bergen

Bergen sin næringsstruktur hadde stor innflyting på kulturen. Som handel- og sjøfartsby vart byen multikulturell og påverka av handelen med resten av Noreg og utlandet.⁸¹ Med besøkande og borgarar frå ulike land, var tilkoplinga til verda og flyten av informasjon stor. Aviser, brev og blad kom til byen med skip frå Europa. Den første avisa i Bergen vart publisert allereie på 1700-talet, men formatet og formålet med avisene endra seg mykje i det komande århundre. Bergen hadde ei avis på slutten av 1700-talet, talet auka til 3 aviser i 1850, 6 i 1875 og 7 i 1900. Dette har mykje av rota si i politiske hendingar mot slutten av 1800-talet, då mange aviser var talerøyr som representerte ulike politiske retningar.⁸²

⁸¹ Martin Eide, (red.), *Norsk Presses Historie - Bind 1: En samfunnsmakt blir til 1660-1880*, bind 1 (Oslo: Universitetsforlaget, 2010), 149.

⁸² Rune Ottesen, (red.), *Norsk Presses Historie - Bind 2: Parti, presse og publikum 1880-1945*, bind 2 (Oslo: Universitetsforlaget, 2010), 29.

På midten av 1800-talet hadde pressa og avisene ei stor rolle i nasjonsbygginga. Pressa kan seiast å ha opna opp samfunnsdebatten; dei debattar som utspelte seg i klubbar, private selskap, gjerne i borgarskapet, vart avprivatisert gjennom avisene.⁸³ Ei ny offentlegheit vaks fram. Nyhende i politikken, idear og hendingar frå utlandet, og debattar og ytringar, vart offentleg tilgjengeleg. Ny teknologi og framveksten av trykkeri førte til etableringa av nye lokalaviser og auka produksjon av eksisterande skrifter.⁸⁴ Distribuering av aviser skjedde gjerne over disk i ein butikk eller gjennom abonnement.⁸⁵ Eit halvårsabonnement på Bergens Adressecontoirs Efterretninger eller Bergens Tidende i 1880 kosta 6 kr, med ny utgåve kvar dag. I norske byar var den gjennomsnittlege årslønna i 1890 476 kroner i året.⁸⁶ Halvårsabonnement kosta dermed ca. 1,3% av gjennomsnittslønna. Samanlikna med i dag, kostar eit halvt år med BT 0.25% av gjennomsnittslønna i 2021.⁸⁷ Lese- og skrivekunnskap var generelt låg på 1700-talet, men endringar i trykkproduksjon og skuleverket utover det neste århundre, betydde at desse ferdigheitene vart meir allmenne. Både utvalet av ulike typar lesestoff og mengdene som vart trykt betydde at det vart tilgjengeleg og relevant for fleire å lese. Det var også på denne tida at allmugeskulane og lærarutdanninga vart forbetra, skuleverket vart styrka, og fleire fekk eit godt utgangspunkt for grunnleggande ferdigheiter og vidare utdanning.

Bergen hadde fleire aviser som delte informasjon og la til rette for debatt om likbrenningssaka. Februar 1765 kom første nummer av Efterretninger Frå Adresse Contoiret i Bergen, den første avisa i Bergen. Den hadde eit svært lokalt preg med reklamer, annonser og kunngjeringar frå byen.⁸⁸ Denne avisa skulle halde seg stabil og aktuell fram til 1889, då avisa gjekk inn i Bergens Aftenblad.⁸⁹ Aftenbladet var ei avis oppretta for dei konservative i Bergen. I sitt første nummer skreiv avisa at den var oppretta for å kjempe mot nedbrytande krefter som hadde gjort seg gjeldande, på både sosiale, politiske og religiøse områder.⁹⁰ Bergens Adresse-Contoirs Efterretninger dekte likbrenningssaka si utvikling i utlandet og Skandinavia. Aftenbladet fortsette på same måte, og publiserte mykje informasjon og nyhende om likbrenningssaka både internasjonalt og til slutt nasjonalt og lokalt i Bergen.

⁸³ Eide, *Norsk Presses Historie - Bind 1: En samfunnsmakt blir til 1660-1880*, 225.

⁸⁴ Eide, *Norsk Presses Historie - Bind 1: En samfunnsmakt blir til 1660-1880*, 214.

⁸⁵ Eide, *Norsk Presses Historie - Bind 1: En samfunnsmakt blir til 1660-1880*, 217.

⁸⁶ Det Statistiske Centralbuureau «Socialstatistikk II Statistiske oplysninger om Indtægts- og Formuesforhold» (Kristiania: H. Aschehoug & Co. 1897)

⁸⁷ Utrekning basert på tal henta frå SSB og BT.no

⁸⁸ Eide, *Norsk Presses Historie - Bind 1: En samfunnsmakt blir til 1660-1880*, 150.

⁸⁹ Idar Flo, ed., *Norsk Presses Historie - Bind 4: Norske aviser fra A til Å*, bind. 4 (Oslo: Universitetsforlaget, 2010), 47.

⁹⁰ Flo, *Norsk Presses Historie - Bind 4: Norske aviser fra A til Å*, 48.

Johan Wilhelm Eide grunnla Bergens Tidende og ga ut første avis 2.nyttårsdag 1868, som i starten vart trykt i nokre frå hundre eksemplar.⁹¹ Bergens Tidende skulle vere ei avis orientert mot den politiske venstresida, men ha eit 'uavhengig og frisinnet standpunkt'.⁹² På 1870 talet var avisa allereie den største på Vestlandet med eit opplag på rundt 2000.⁹³ Av alt det skanna avismateriale frå Vestlandet var det Bergens Tidende som først omtala likbrenning i mars 1874.⁹⁴

Bergens Annonce Tidende starta opp i 1884 og hadde lenge svært mykje annonser og få artiklar.⁹⁵ Det var eit interesseselskap beståande av ein boktrykkar, ein snekkar og ein lærar som ga ut Annonce Tidende. Eit år seinare vart avisa teke over av eit anna interesseselskap beståande av ein kjøpmann, ein statsadvokat, ein brukseigar og ein banksjef. Banksjef J.B Faye skulle fem år seinare stifte Bergens Aftenblad. Annonce Tidende skulle vere upolitisk, og innhaldet skulle vere til 'den almindelige mand'.⁹⁶ Frå 1887 dekte Annonce Tidende likbrenningssaka nøye, både med innsendte lesarinnlegg, republisering av luthersk ugeskrift og oppdateringar om saka i Norge og utlandet. I 1913 vart avisa konservativt orientert, og i 1922 gjekk den inn i Bergens Aftenblad.⁹⁷

Dei tidlege omtalene

Dei tidlegaste omtalene av likbrenning kom i 1874 i form av korte, nøytrale nyhendeoppdateringar om likbrenningssaka i utlandet. Bergens Tidende og Bergens Adressecontors Efterretninger var etablert på denne tida og rapporterte om foreiningar, brenningar og debattar i andre land. Likbrenning blir først nemnd i Bergens Tidende 27. mars 1874. I dette avisinnlegget vert utviklinga i Italia skildra: «I det de italienske Kamre forelagte Forslag til en ny Sundhedslov for Kongeriget Italien har man optaget Ligbrænding som en fakultativ Begravelsesmaade».⁹⁸ Paris og Brussel blir også teke opp, i same notis, som byar som drøftar spørsmålet om likbrenning.⁹⁹ Korte oppdateringar med berre nokre få setningar om ei og same sak var også svært hyppige i dei tidlege omtalene på 1870-talet. Dette kunne for

⁹¹ Kåre Fasting, *Hundre års kavalkade - Bergens Tidende 1868-1968* (Bergen: Bergens Tidende og J.W. Eides boktrykkeri A.S, 1967).

⁹² Flo, *Norsk Presses Historie -Bind 4: Norske aviser fra A til Å*, 49.

⁹³ Fasting, *Hundre års kavalkade - Bergens Tidende 1868-1968*, 53.

⁹⁴ Opbrænding Af Ligene, Bergens Tidende, 27.mars.1874

⁹⁵ Flo, *Norsk Presses Historie -Bind 4: Norske aviser fra A til Å*, 48.

⁹⁶ Haakon Schetelig and Carl Geelmuyden, (red.), *Bergen 1814-1914 II*, bind. 2 (Bergen: Bergen Kommune, 1915), 805.

⁹⁷ Flo, *Norsk Presses Historie -Bind 4: Norske aviser fra A til Å*, 48.

⁹⁸ Opbrænding af Ligene. Bergens Tidende, 27.mars.1874

⁹⁹ Opbrænding av Lig. Bergens Tidende, 27.mars.1974

eksempel vere rapportar om at ei foreining hadde blitt oppretta, lover drøfta og vedtekne, omnar oppført eller likbrenningar gjennomført.

Mellom dei kortfatta oppdateringane finn ein også spalter som inneheld svært mange detaljar om likbrenningane. Eit godt eksempel kan ein finne i Bergens Tidende 20 september i 1877. I dette lange innlegget vart det rapportert om ei likbrenning i byen Utah i Amerika. I artikkelen vart hendinga omtala i svært presise detaljar. Stad for brenninga og ei lang opprømsing av måla, materiala og oppbygginga av omnen var inkludert. Seremonien og sjølve brenninga av den døde kroppen vart også skildra. Blomster, taler og syning av kroppen vart omtala, i tillegg til sjølve prosessen i omnen: «I de første 25 Minutter kunde man ikkje se Legemet gjennom Ruderne, som vare af Husblas, paa Ovnens Sider paa Grund af Røg og Flamme, som omgav dem, men man hørte en bragende Lyd ganske tydelig. Efter to Timer og 35 Minutters Forløb var Legemet aldeles reduceret til Aske».¹⁰⁰ Desse ekstremt detaljerte forklaringane om seremoniar, brenning og konstruksjon skil seg frå dei elles korte skildringane. Ein kan anta at desse rike skildringane ville gi eit sterkare inntrykk på lesaren, og har eit preg av 'kuriøsitet', då teknologien og prosessen var ny og ukjent for nordmenn. I tillegg er det viktig informasjon om ein idé som trer inn i fleire land. Desse skildringane er interessante, ikkje berre for å halde seg oppdatert på utlandet, men også for å kunne ta stilling til likbrenning, som kanskje kunne kome til å angå nordmenn også. Sidan desse innlegga er nyhenderapportar, ber dei detaljrike beretningane også preg av nøytralitet. Med tid kan ein sjå at likbrenningsspørsmålet kjem nærare og nærare Noreg, då Danmark fekk eiga foreining i 1881 og Sverige i 1882.¹⁰¹ Det vart sannsynlegvis meir tydeleg at spørsmålet ville kome opp også i Noreg, og stemmer frå både utlandet og innlandet kom til orde i avisene.

Argumenta for og imot likbrenning

I tillegg til dei nøytrale nyhendeoppdateringane, kunne ein finne innlegg som argumenterte for eller imot likbrenningssaka. Diskusjonen om saka i avisene i Noreg føregjekk over mange år. Lesarane vart tidleg introdusert for dei ulike argumenta, då foredrag og artiklar frå utlandet, der debatten var aktiv og aktuell, vart publisert i Bergensavisene. Desse innlegga var gjerne enkeltståande og presenterte argument enten for eller imot likbrenning. Referansar til den andre sida sine meiningar gav det eit preg av debatt sjølv om det sjeldan var direkte diskusjonar der partane svarte kvarandre eksplisitt. Med tid kom det norske aktørar og stemmer på bana. Eit

¹⁰⁰ Ligbrænding. Bergens Tidende, 20.september.1877

¹⁰¹ Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet», 48.

resultat av dette var mellom anna at to eller fleire kunne debatterte mot kvarandre gjennom avisene. Dette skjedde likevel berre nokre få gongar, der innsendarane refererte til og svarte kvarandre direkte, men i all hovudsak bestod informasjonen i avisene av presentasjonar av ulike argument.

Aktørane i avisdiskusjonen

Avisene vart i alle tilfelle redigert og kurert av redaktørar. Dei valde ut både kva nyhende som vart prioritert, og kva som vart publisert av meiningar og informasjon. Foredrag og artiklar frå ulike tidsskrift vart vald ut og publisert i avisene, i tillegg til at lesarinnlegg vart sendt inn. Redaktørane og avisene stod bak desse utvala, og var med dette ein svært viktig aktør i debatten i avisene. I eit av dei tidlegaste innsendte lesarinnlegga i Bergens Annonce Tidende, som kommenterte ein nyheitsartikkel, la redaksjonen ved ein kommentar etter innlegget: «Vi indtager ovenstaaende Arikel, da det maaske vil interesse vore Læsere at se det paa Dagsordenen staaende Ligbrændingspørsmål behandlet frå et gammeltestamentligt, monastisk Standpunkt. Red.»¹⁰² Dette gir eit eksempel på korleis utval og publisering var eit aktivt val for redaksjonen. I mange av avisene var ikkje redaktør namngitt, og det er ikkje mogeleg å seie noko om personen, eller om deira bakgrunn hadde noko å seie for utvalet. Andre aviser hadde ein fast redaktør over lange periodar. Likevel var avisene politisk orientert, nokre meir enn andre, noko som hadde ein påverknad på både kven som var redaktør og kva stoff som vart publisert.

I all hovudsak er aktørane som vart publisert i avisene viktigast for å få eit inntrykk av dei ulike sidene ved likbrenningssaka. I perioden før Bergen fekk eiga foreining, var mange av innlegga i avisene henta frå enten utlandet eller andre stadar i Noreg. Dei er likevel svært viktige då det var desse som presenterte argumenta og ga informasjonen som vart lest i Bergen. Sjølv om ein finn mange innlegg i avisene som argumenterer for og imot likbrenning, er få av dei signert med namn. Nokre var underteikna med fullt namn, andre hadde namn nemnt i teksten, medan andre berre var signert med ein initial. Av dei som er mogeleg å identifisere som aktive aktørar innan likbrenningsdebatten i åra fram til stiftinga av foreininga i Bergen, finner ein mellom anna desse:

Harald Conrad Thaulow vart publisert i 1880 då han skreiv ein lengre artikkel til fordel for likbrenning. Thaulow var utdanna apotekar, men var også forskar, studerte kjemi, heldt foredrag og var aktiv debattant. Så tidleg som 1874 sendte han 1000 spesidalar til universitetet i Oslo for

¹⁰² Om Ligbrænding hos Jøderne. Bergens Annonce Tidende, 5.januar.1888

å opprette eit legat som skulle støtte den første kommunen som gjekk inn for innføring av likbrenning.¹⁰³ Likevel vart midlane ikkje nytta til dette. Thaulow var aktiv i debattar og heldt foredrag på dei skandinaviske naturforskarmøta. Avisene følgjer Thaulow etter han døydde i Kristiania i 1881, då han ønska å få leivingane sine brent. Søknadar vart sendt, men vart til slutt avslått av biskopen i Kristiania.

I 1881 står «Et nyt Indlæg i den gamle Sag: Urnen contra Ligkisten» av Erik Bøgh i Bergens Tidende. Bøgh var dansk, men oppheldt seg i Norge ei periode då han var i 20-åra. Han var forfattar og journalist, og fekk oppført revyar og teaterstykke. Dr. Oscar Nissen var også aktiv i saka då han heldt foredrag for Kristiania arbeidarsamfunn og omtalte likbrenning positivt. Nissen var mellom anna utdanna lege, redaktør i Sundhetsbladet, og seinare politisk aktiv og formann i Det Norske Arbeidarparti. Vilhelm Uchermann heldt foredrag som vart publisert i avisene. Uchermann var professor i medisin og redaktør for Tidsskrift for praktisk medicin. Han skulle seinare stifte, og bli styremedlem for, Den Norske Ligbrændingsforening i Kristiania.

Johan Dahl publiserte artikkelen ‘Om Likbrenning’ i 1888, som argumenterte for likbrenning i Noreg. I artikkelen hadde han tittelen ‘distriktslege’, som var statleg tilsett for å ha oversyn over ei kommune. Som distriktslege ville Dahl samarbeida med sunnheitskommisjonen for folkeopplysning, føre tilsyn, og drive behandling. Tilliten til distriktslegane auka saman med den medisinske utviklinga, og Dahl var sannsynlegvis ei viktig stemme i 1888. Sidan distriktslegen sin jobb var å engasjere seg i alt som kunne ha ein innverknad på sunnheita i kommunen, var denne artikkelen som argumenterte for likbrenning svært viktig for debatten. Dahl var norsk, utdanna lege og hadde dermed ein anna posisjon enn dei mange aktørane i utlandet, som kunne virke meir fjerne og mindre aktuelle.¹⁰⁴

Av dei som argumenterte mot likbrenning var ikkje mange namngitt, men dei fleste hadde ein religiøs tittel. Carl Peter Parelius Essendrop var biskop i Tromsø og Kristiania, og æresdoktor i teologi. Avisene samanfattar to foredrag han haldt om likbrenning, der han uttrykte sin og kyrkja sin motstand mot ideen. Lange artiklar frå Luthersk Ugeskrift vart også publisert i fleire delar i avisene på 1880-talet. Dette kristelege tidsskriftet vart kjenneteikna som høgkyrkjeleg, der autoriteten til geistlege var absolutt, og forkynning av dei som ikkje var godkjent av kyrkja var uakseptabelt. Tidsskriftet var stifta av Wilhelm Bugge og Johan Christan Heuch. Bugge var

¹⁰³ Telegram *) Kristiania 29de Juli. Bergens Adressecontoirs Efterretninger, 30.juli 1874.

¹⁰⁴ Sandvik, Hogne. «Distriktslegen (1836-1984)» *Tidsskriftet Den Norske Legeforening*.

professor i teologi og seinare biskop i Kristiania. Heuch var også teolog og biskop, og svært engasjert i diskusjonar og debattar der han uttrykte sine konservative kyrkjelege meiningar.

Desse få menneska som er namngitt gir ei moglegheit til å trekke breie slutningar om personane på dei ulike sidene. Av dei som argumenterte for likbrenning var dei aller fleste medlem av akademia, høgt utdanna og arbeidde i yrker med høg status, gjerne med vitskapleg bakgrunn. På den andre sida er det menneske med teologisk utdanning, gjerne også med høg status innanfor sitt felt og religion. Dette er likevel så få personar i ein så avgrensa setting at det er umogeleg å seie om dette var gjeldande for heile rørsla, men religion og vitskap hadde definitivt mykje å seie for dei ulike sidene. Statistikk og informasjon om personane som var involvert i Bergens ligbrændingsforening skal eg gå nærare inn på i kapittel 5.

Argument for likbrenning

Aktørane som såg på likbrenning som ei positiv og nødvendig utvikling, presenterte mange ulike argument i avisene. Argumenta kom ofte fram gjennom at foredrag og artiklar vart publisert av redaksjonen i avisene. Fordi likbrenning hadde vore forbode i Vesten i nesten 1000 år hadde forkjemparane ein hard jobb med å overtale folk. Som vi har sett var stemmene som oftast ytra seg for likbrenning legar, eller frå akademia, og vitskapen farga truleg synet deira. For denne sida var likbrenning presentert som noko moderne, og eit framsteg både for hygiene og menneske sin rett til å bestemme over eigen kropp. I alle tilfelle vart det omtala som ei frivillig sak, 'fakultativ likbrenning', som forkjemparane ville skulle vere tilgjengeleg for dei som ønskja det. Av alle avisinnlegga som er gjennomgått for dette kapittelet, har eg kategorisert dei ulike argumenta for likbrenning inn i følgjande kategoriar: Plassmangel og hygiene, økonomi, estetikk og kjensle, sjølvbestemming og modernitet, og skindaud.

Plassmangel og hygiene

Tilhøva på kyrkjegardar, i mellom anna Frankrike og England, var viktige argument. I storbyane var kyrkjegardane overfylte, og historier om dei dårlege tilhøva vart omtalt i Bergensavisene. Gravplassen Les Cimetières de Innocents i Paris vart skildra som vakker og tiltalende, før den til slutt vart overfylt og klager om stank og smitte førte til stenging.¹⁰⁵ Kyrkjegardar ligg rundt ei kyrkje, og kyrkjer var vanlegvis plassert sentralt. Med den sterke befolknings- og byveksten på 1800-talet fylte kyrkjegardane seg opp samtidig som bustadar vart bygd opp i sentrum. Dette betydde at det ikkje var plass til å utvide dei eksisterande kyrkjegardane, samtidig som behovet for fleire graver auka. Gravplassar som ikkje var plassert

¹⁰⁵ Et nytt innleg i den gamle sag, Bergens Tidende, 7.mai.1881.

rundt kyrkjer var eit alternativ, men forkjemparane for likbrenning argumenterte for at dette ville koste for mykje, gravene ville bli meir utilgjengeleg for besøkande, og til slutt ville byveksten nå også desse. Problem med å finne areal til gravplassar som hadde rett type jord var også sett på som ei utfordring. Leireholdig jord ville ha ei negativ effekt, og «I saadan tung, fuktig Jord vil desuden den saakaldte Adipociredannelse ogsaa hyppig finde Sted, hvorved Ligene omdannes til et fedtagtigt Stof og kan bevares i utrolig lang Tid, utan at hensmuldre.»¹⁰⁶ På grunn av nye vitenskaplege oppdagingar på 1800-talet vart det også eit større fokus på korleis smitte vart spreia. Dette førte til spørsmålet om kva effekt dei døde eigentleg hadde for dei levande: «Vi forordner Kvarantæne for levende Individder, befængte med ondartede, epidemiske Sygdomme, og isolerer disse saa godt, som vi formaar; men de, som dør af disse Sygdomme, dækker vi med nogle faa Fod Jord og lader deres Legemer langsomt forraadne i vor Midte.»¹⁰⁷

I avisene kunne ein lese om fulle kyrkjegardar og gravplassar i storbyane i Europa, der leivingar kunne stikke opp av bakken og ubehageleg lukt støtte vekk besøkande. Apoteker Harald Thaulow skreiv i 1880 at «man har iagttaget en forfærdelig Epidemies Udbrud i Japan efter indaandede Ligdunster frå tilfældigt aabnede Gravhvælvinger».¹⁰⁸ I dette argumentet ser ein at miasmeteorien, teorien om at ‘miasme’ spreidde smittsame sjukdommar gjennom luft, fortsatt prega synet på smitte på siste halvdel av 1800-talet.¹⁰⁹ Det var ikkje berre miasme i lufta vart omtala som ein trussel, men også generelt at kroppar gravlagt i jord kunne påverke grunnvatnet. I 1881 kunne ein lese om ei ung pike som vatna blomar på kyrkjegarden og kort tid seinare vart angripen av feber og symptom på forgifting.¹¹⁰ Med denne forståinga kunne gravplassar plassert nærme folk ikkje bli overfylte. Grunnvatnet ville bli forureina og føre til at smitte frå kroppane ville dukke opp i brønningar i nærmiljøet, og dermed representere ein helsetrussel. Med desse argumenta var den logiske slutninga dermed at likbrenning var det einaste alternativet for å sikre dei hygieniske tilhøva og fjerne trusselen som gravlagde kroppar utgjorde. Alt likbrenning oppnådde var å gjere det same som nedbrytinga i grava gjorde, berre raskare og på ein meir kontrollert måte.

Gravplassane i Bergen vart ikkje gitt særleg merksemd når argumentet for plassmangel vart tatt opp. Dei generelle utviklingane og den store folkeveksten vart advart om på ein måte som

¹⁰⁶ Om Ligbrænding (af Distriktslæge Johan Dahl i ‘Tidsskrift for praktisk Medicin’) Bergens Tidende, 28.april.1888.

¹⁰⁷ Om Ligbrænding (Af Distriktslæge Johan Dahl i ‘Tidsskrift for praktisk Medicin’) Bergens Tidende, 28.april.1888.

¹⁰⁸ Om Ligbrænding, Bergens Tidende 5.februar.1880.

¹⁰⁹ Aina Schjøtz, *Viljen til liv - Medisin- og helsehistorie frå antikken til vår tid* (Oslo: Samlaget, 2017), 64.

¹¹⁰ Bergens Tidende, 02.april.1881.

implisitt kunne overførast til Bergen av lesarane. I 1888 vart eit innlegg som hovudsakleg går på spørsmål ved administrering av gravplassane i Bergen sendt inn til Bergens Aftenblad. Der vart det peika på at fleire gravplassar lenge hadde vore stengt for alle andre enn dei etablerte familiegravene, og at dei resterande plassane snart ville verte fulle, med mindre kommunen og stiftsdireksjonen oppretta nye gravplassar og endra visse praksisar.¹¹¹ Bergens kommuneforhandlingar frå siste halvdel av 1800-talet viser at fleire gravplassar vart utvida, mellom anna St. Jakobs kyrkjegard, Fredens Bolig og Assistentkyrkjegarden. Magistraten anslo i 1865 at Bergen mangla 40 000 kvadratalen (16 000 kvadratmeter) med gravleggingsplass. Møllendal gravplass vart oppretta og innvia i 1874, og st. Jakobs og assistentkyrkjegarden vart stengd. Kapittel 4 tek opp meir om dei faktiske gravplasstillhøva i Bergen.

Økonomi

Eit anna argument som var viktig for likbrenningssaka var det økonomiske aspektet. Det vart ofte nemnt at likbrenning var eit økonomisk alternativ, og ville vere billegare enn ei jordgravlegging og dermed tilgjengeleg for alle samfunnsklasser. Sidan spørsmålet om likbrenning lenge ikkje var aktuelt i Noreg, var heller ikkje lokale prisar spesifikt diskutert. Difor refererer dei økonomiske argumenta til prisar i utlandet. Tidleg vart det rapportert om høge prisar: i Gotha var prisen oppgitt å vere 23 kroner. Det vart påpeika at prisen skulle kunne bli lågare, ned i 4 kroner.¹¹² Seinare rapportar viser jamnare låge prisar, mellom 4-7 kroner per brenning. Frå Paris vart det også meldt om at likbrenning var gratis for 'de ubemidlede'.¹¹³ Økonomien vart gjerne tatt opp i oppramsingar av argument utan at det vart utbrodert noko særleg. Vekta låg hovudsakleg på korleis opprettingar av nye gravplassar, arealbruken og prisen på desse nye prosjekta ville vere alt for høge. Å legge pengane inn i ein likbrenningsanstalt og kolumbarium ville vere eit meir berekraftig val. Ein omn ville kunne brenne mange kroppar, og urnene tok opp betydeleg mindre areal, kunne stablast i høgda, og dermed koste mindre på sikt.

Estetikk og kjensle

Estetikk handlar om skjønnheit, og skildrar atmosfære, sanseinntrykk og kjensla skjønnheit frå omgivnadar eller kunst gir. Dei estetiske fordelane til likbrenning vart nemnt som eit argument i avisene. Bergens Tidende publiserte samandrag av Marinelege V. Uchermann sitt foredrag i medisinsk selskap: «Frå æsthetisk Standpunkt fandt Tal. Tilintetgjørelsen ved Ild skjønnere og

¹¹¹ Om våre Begravelsesforhold, Bergens Aftenblad, 6.november.1888.

¹¹² Ligbrændingsspørsmålet i Danmark, Bergens Tidende 9.juni.1881.

¹¹³ Bergens Tidende, 26.oktober.1889.

at foretrekke fremfor den langsommere ved Bakterier og Larver.»¹¹⁴ Korleis den døde kroppen vart broten ned vart trekt fram i dei estetiske argumenta; dei ulike nedbrytingsprosessane skulle verke inn på kjenslene til dei gjenlevande. Å 'få ro i grava' var eit uttrykk som vart brukt, men forkjemparane for likbrenning ville peike på at dei døde verkeleg ikkje kunne få ro i ei grav slik graver vart behandla. Dette var spesielt med tanke på at etter ei viss tid ville gravene bli forstyrra fordi ein skulle gravlegge nye kroppar i gamle 'utgatte' graver.

[...] de vilde hellere bibeholde den langsomme Ødeleggelse, fordi den, som de udtrykte sig, foregaar paa en «naturlig» Maade. Men er da Forbrændingen ikke ligesaa naturlig. Er det kjærligere at fremkalde Forbrændingen (det vil sige Atomernes Forening med Ilden) langsomt gjennem en Opløsning end at gjøre det hurtigt og uden mindste Forulempelse af det døde Legeme?¹¹⁵

Desse argumenta bærer preg av at ein kunne gjere både seg sjølv og den døde ein teneste ved å la kroppen brytast ned raskt ved hjelp av eld, heller enn å rotne i bakken i ei grav. I nokre tilfelle var forkjemparane nøye med å poengtere at kroppen ikkje vart rørt av flammene. Det var meir enn berre dei tydelege aktørane for likbrenning som ga eit uttrykte at dette var eit estetisk alternativ. Sjølv om nyhenderapportane var nøytrale, kan ein sjå at dei som skildra brenningar frå andre land, gjerne omtala prosessen estetisk positivt. Dette er hovudsakleg implisitt, då brenninga blir omtala som rask og utan lukt. Oskå vert i fleire tilfelle omtala som kvit og rein. Desse implisitte positive omtalene kan sannsynlegvis kome av at denne informasjonen kjem frå nokon som har deltatt i brenninga, og som difor hadde interesse for eller var positivt engasjert i saka. Direkte rapportar frå vitne har også vorte publisert direkte sitert: «Jeg har tre Gange være Vidne til Ligbrænding og kan forsikre, at den ikkje paa noensomhelst Maade Kan vere skadelig for Sundheden eller oprørende for Følelsen».¹¹⁶

Sjølvbestemming og modernitet

Eit argument som hyppigare vart teke i bruk noko seinare mot århundreskifte var argumentet for individet sin rett til å bestemme over eigen kropp, og kampen mot konservatismen. Dette argumentet dukkar sakte men sikkert opp i norske aviser på 1880-talet. Ein kan først sjå dette publisert i ei avis i Bergen i 1888, som eit samandrag frå foredrag heldt av Dr. B. Uchermann i Kristiania. Her lista Uchermann opp fleire fordelar med likbrenning, og rettigheita til å bestemme over sitt døde lekam vert nemnt.¹¹⁷ Dette var også eit av argumenta som vart trekt

¹¹⁴ Om Ligbrændingspørgsmaalet, Bergens Tidende. 19.oktober.1888.

¹¹⁵ En ligbrænding i Gotha. Bergens Tidende, 29.januar.1879.

¹¹⁶ Den første højtidelige Ligbrænding. Bergens Tidende, 22.desember.1883.

¹¹⁷ Bergens Tidende, 23.oktober.1888.

fram av formannen av foreininga i Bergen då krematoriet opna i 1907. Då sa formann Schak Bull at individet sin sjølvbestemming om sitt eige lekam måtte erkjennast.¹¹⁸

Når det kom til korleis modernitet vart eit argument for likbrenning, var forkjemparane nøye på å presisere at motstanden kom frå den konservative og tradisjonelle delen av samfunnet. I ei årsberetning for Bergens Ligbrændingsforening skreiv foreininga at det ikkje berre var dei formelle hindringane som måtte ryddast vekk, men også at «den seigeste Modstand vil vistnok vise sig i den stærkt konservative Kraft, som altid vil reise sig mod Forandring i urgamle nedarvede Skikke.»¹¹⁹ I 1902 kan ein lese ei liknande uttale om korleis «Aarhundreders vane er ikkje let at bryde; konservatismen er tykt at skjære sig igjennem». Her avsluttar skrivaren med å seie at når likbrenning vann fram, ville dette bli en av seierane i «vort – socialdemokratiets – aarhundre».¹²⁰ Den potensielle innføringa av likbrenning vart også omtala som eit kulturelt framsteg av forkjemparane.¹²¹

Skindaud

Eit argument som låg i gråsona, var det som omhandla skindaud. Dette er eit argument som forkjemparane ikkje har brukt, vertfall ikkje i avisene i Bergen, men som motstandarane påstod at dei brukte. Motstandarane påstod at forkjemparane sa at likbrenning var ein fordel når det kom til faren for å bli gravlagt levande, og argumenterte vidare for kvifor det var eit dårleg argument. Angsten og frykta for å bli gravlagt levande kan seiast å ha vore til stade på denne tida. Forteljingar om menneske som vakna opp i grava var ikkje uvanlege; besøkande på gravplassar påstod å høyre banking eller skrik, og kister vart opna der lokket var sagt å ha kloremerke eller andre teikn på liv. I 1844 ga Edgar Allan Poe ut novella 'The Premature Burial' som skildra å bli gravlagt levande frå førstepersons synsvinkel. Fire andre forteljingar frå Poe inneheldt også slike gravleggingar, og ein kan påstå at han spelte på, utnytta og forsterka angsten i samfunnet på denne tida. Denne bekymringa var så stor at kister med ulike mekanismar for å verte redda ut av grava vart tilgjengeleg. Bjøller som skulle varsle forbipasserande, og sjakter for luft og lyd er eksempel på kva som skulle hjelpe angsten for å bli gravlagt levande. Å bestemme at nokon var døde var ikkje alltid like enkelt og metodane var lenge upålitelege. Å lytte etter hjerteslag eller sjå etter pust på eit glas eller speil kunne vere nok.¹²² Dei einaste kjeldene på at forkjemparane hadde omtala skindaud, er gjennom

¹¹⁸ Krematorie tatt i brug, Bergens Annonce Tidende, 3.april.1907.

¹¹⁹ Bergens Ligbrændingsforenings Aarsberetning, Bergens Annonce Tidende, 20.juli.1893.

¹²⁰ Ligbrænding kontra den giftige grav, Arbeidet, 10.juli.1902.

¹²¹ Bergens Aftenblad, 22.mai.1894.

¹²² Richardson, *Death, dissection and the destitute*, 15.

motstandarane sine beretningar. Mostandarane presentera forkjemparane sitt argument slik: Forkjemparane for likbrenning argumenterte for at legetilsyn før ei brenning ville fjerne all tvil, og forsikre seg om at personen var død. I akkurat dette avisinnlegget skildrar motstandaren mot likbrenning skindaudargumentet som det sterkaste forkjemparane hadde. Men motstandaren påpeiker at sannsynet for at å bli levande gravlagt var svært lav, og at historiene hovudsakleg var grunna sansebedrag. At likbrenning ikkje beskytta meir mot levande gravlegging enn jordgravlegging vart eit viktig motargument.¹²³ Det er viktig å merke seg at motstandarane påstod at dette var eit argument forkjemparane brukte, likevel har ingen av forkjemparane brukt eller presentert dette argumentet i sine innlegg.

Motstandaren påstår i dette tilfellet at det ikkje var ei relevant frykt, og at likbrenning ikkje ville forhindre dette noko meir enn jordgravlegging. Dette kan vere basert på at skindaud ofte var ein større risiko i religionar og tradisjonar der gravlegging måtte skje raskt etter døden inntraff. I den kristne tradisjon gjekk det vanlegvis så lang tid frå døden til gravlegginga at tydelegare teikn på død var synlege, mellom anna lav kroppstemperatur, rigor mortis eller forråtning. Likevel finn ein tydelege teikn på at å forsikre seg om at døden var inntruffe før gravlegging var svært viktig. ‘Lov indeholdende visse Bestemmelser om Behandlingen af Lig’ vart innført ei veke før likbrenningslova, og denne spesifiserte reglar som skulle sikre at personen var død før kroppen vart gravlagt:

§1. Intet Lig maa hensættes paa et koldt Sted eller uden Tilsyn, medmindre der enten foreligger en af en Læge efter foretagen Besigtigelse af Liget udfærdiget Dødsattest, eller der før Udflytningen har været to voxne Personer tilstede, som i Tilfælde kan afgive gyldigt Vidnesbyrd om, at de har besigtiget Liget. [...] Liget af den, der er død i sin Seng, maa kun i Nødsfald udflyttes af Sygeværelset tidligere end 6 Timer efter Døden, medmindre der foreligger saadan Lægeattest som ovennævnt.

§2. Intet Lig maa begraves ligesaa lidt som Kisten over noget Lig maa lukkes tidligere end 72 Timer efter Døden, medmindre der ved Besigtigelse af to voxne Personer er fundet klare Tegn paa, at Døden er indtraadt, eller der foreligger saadan Lægeattest som i § 1 nævnt.

§4. Opstaar der hos nogen Vedkommende før Begravelsen nogensomhelst Tvivl om, hvorvidt Døden virkelig er indtraadt, skal han sørge for, at Læge uopholdelig tilkaldes.¹²⁴

Desse paragrafane viser at det var nødvendig å lovfeste rutinar for behandling av lik, for å forhindre feil. Sidan desse rutinane ikkje var lovfesta før 1898 kan det ha vore realistisk at det var ei bekymring som forkjemparane ville adressere. Forkjemparane ville innføre legetilsyn før likbrenning, som hadde gitt ekstra tryggleik, og sikra det som denne lova seinare skulle. Denne lova kunne ha kome ut av diskusjonen rundt likbrenning, då spørsmål om korleis ein behandla

¹²³ Ligbrændingsspørgsmålet (Luth. Ugeskr.) Bergens Annonce Tidende, 28.september.1888.

¹²⁴ Lov indeholdende visse Bestemmelser om Behandlingen af Lig, 4de juni 1898.

døde kroppar vart relevant gjennom likbrenningssaka. Diskusjonar rundt det praktiske ved å bekrefte dødsfallet, og sikre at ingen straffbar handling låg bak, vart teke opp då spørsmåla om å brenne kroppar kom opp. Sidan denne lova vart vedteken så kort tid før likbrenningslova må ein rekne med at desse paragrafane gjaldt både jordgravlegging og likbrenning.

Argument mot likbrenning

Motkjemparane mot likbrenning fekk også stemmene sine ut i avisene. Dette kunne vere innsendte debattinnlegg, eller artiklar og foredrag som vart publisert samandrag av i avisene. Mellom anna artiklar frå Luthersk Ugeskrift, foredrag haldne på Universitetet i Oslo og liknande, vart plukka opp av redaksjonen eller sendt inn. Av dei avisinnlegga som vart publisert har eg kategorisert argumenta mot likbrenning inn i følgjande kategoriar: Religion, hygiene, økonomi, giftdrap og estetikk og kjensle.

Religion

Det viktigaste argumentet for motstandarane til likbrenning var korleis det stridde med kristen skikk og sedvane. Likbrenning vart forbode med framveksten av kristendommen, og jordgravlegging vart den dominerande gravleggingsmåten i vesten. Motstandarane som ytra seg i avisa hadde nesten alltid religiøse argument til grunn, men alle desse argumenta var ikkje like. På den eine sida argumenterte dei at likbrenning stridde grunnleggande med den kristne religionen og læra. Det vart også nemnt at Bibelen ikkje eksplisitt fordømmer likbrenning, men utdrag vart trekt fram for å vise kvifor det likevel ikkje var foreinleg. På den andre sida finner ein dei som ikkje nødvendigvis var mot tanken om likbrenning, men som påstod at denne metoden vil krevje reformer i kyrkja som ikkje var mogelege.

Øydelegginga av lekamen var eit av dei viktigaste argumenta, på grunn oppstandelsen sin sentrale rolle i kristendommen. Lekamen sin øydelegging gjennom brenning vil hindre denne oppstandelsen: «Sammenligner man dette Ben med Kjærnen i en Træfrugt, saa ved man, at selv om Frugten bliver fortæret, har man Haab om, at der af Kjærnen, naar den kommer uskadet i Jorden, voxer op et nyt Frugttræ af same Sort. Men bliver Kjærnen brændt til Aske, voxer der af den intet Træ igjen.»¹²⁵ I denne samanhengen er 'dette ben' beinet i ryggen som bibelen seier skal brukast for å danne den nye lekamen, som vil bli bevart i grava men ikkje i ei brenning. 1.Mosebok seier også at mennesket skal bli til jord, ikkje til oske, som skal vise korleis sakte nedbryting i grava er det einaste alternativ.¹²⁶ Det vart også argumentert for at mennesket er

¹²⁵ Om ligbrænding hos Jøderne (indsendt), Bergens Annonce Tidende 5.januar.1888.

¹²⁶ Ligbrændings-spørgsmaalet – Foredrag i den theologiske Forening paa Universitetet af Biskop Essendrop. Bergens Annonce Tidende, 26.januar.1889.

skapt i Guds bilete, og det ville difor vere ei fornærming mot Gud å brenne hans skaping. Spørsmålet om likbrenning hadde også blitt stilt til paven og kongregasjonen. Bergens Tidende publiserte svaret frå Vatikanet, som lista opp fleire grunnar til kvifor likbrenning ikkje kunne bli tillatt. For det første for å kunne markere avstand til heidningane, fordi dei brente sine lik. For det andre skulle Kristus vere eit eksempel og forbilete for alle kristne, og sidan han ønskja å gravleggast måtte alle følgje hans lære og eksempel. Å ære dei jordiske leivningane vart også trekt fram som eit viktig poeng, og kroppen måtte tilbake til jorda. Svaret frå paven påstod også at tilhengarane av likbrenning var fiendar av kyrkja, og dess fleire tilhengarar denne rørsle fekk, dess fleire truande mista kyrkja.¹²⁷ Fleire innlegg uttrykte at likbrenningssaka truga kristendommen: «Dersom nutidens naturalistisk-materialistiske hedenskap skulde drømme om gjennom Begravelsesskikkens Afløsning af Ligbrændingen at kunne rette et Angreb paa den kristelige Opstandelsestro [...]».¹²⁸

Andre som argumenterte mot likbrenning på bakgrunn av religion hadde ikkje like sterke innvendingar, men heller praktiske bekymringar. Dette var grunna i tradisjonane, bileta og seremoniane i kyrkja. Mellom anna at symbola og biletspråket rundt kristendommen ville vere vanskeleg å tilpasse likbrenning: «Det er et Billedsprog, som er lært os af Herren og Apostlerne, et Billedsprog, hvori Kristendommen og kirken har udtalt sin Grundbetragtning af Døden og Opstandelsen, og som har faaet sin levende Illustration i vor Gravliturgi og vore Gravskikke.»¹²⁹ Alle aspekta ved seremoniane rundt ei gravlegging var svært etablerte og både bileta, talene og salmane var tilpassa den kristne liturgien. I eit avisinnlegg la forfattaren stor vekt på korleis biletspråket ikkje kunne tilpassast likbrenning, men kom med eit forslag: «Den [kirken] maatte da anskaffe sig et nyt Billedsprog, f. Eks. Fønixfuglen, der stundom har forvildet sig ind i den kristne Kyrkje, et Billede paa Menneskeaaanden, der som Fønix opsvinger sig af Asken, og overvinder Døden ved egen Kraft.»¹³⁰ I dette forslaget ligg det likevel ei antydning om at dette var det einaste frå Bibelen som kunne passe til biletspråket som likbrenning ville krevje. Det vart også peika på at det var diskutert om fønixen i det heile tatt vart omtala i skriftene, og i så fall var den berre nemnt ein gong. Dei som brukte desse argumenta mot likbrenning måtte også tru at det ikkje var ‘nødvendig’ for dei sanitære tilhøva, sidan behov for endring i talar, salmar og bilete skulle avgjere at likbrenning ikkje kunne innførast.

¹²⁷ Ligbrændingen i Vatikanet. Bergens Tidende 22.mars.1890.

¹²⁸ Ligbrændingsspørgsmaalet af ‘Luth. Ugesk.II’ Bergens Annonce Tidende, 6.oktober.1888.

¹²⁹ Ligbrændingsspørgsmaalet (Af ‘Luth. Ugesk.’ II) Bergens Annonce Tidende. 6.oktober.1888.

¹³⁰ Ligbrændingsspørgsmaalet (Luth. Ugeskr.) (Slutning). Bergens Annonce Tidende, 24.oktober.1888.

Hygiene

Hygieneargumenta til motstandarane var hovudsakleg motsvar til forkjemparane sitt hygieneargument. Mange artiklar var via til å forklare kvifor argumenta til dei som var for likbrenning på grunn av dei sanitære tilhøva ikkje hadde rett, og at det difor ikkje var nødvendig å innføre. Det vart lagt særleg vekt på at argumenta til den andre sida ikkje hadde noko bevis å støtte seg på: «[...] ingen officiel Statistik har hidindtil kunnet konstatere en høiere Sygdomsanfald hos de i Nærheden af Kirgegaarde bosatte Mennesker.»¹³¹ I følge motstandarane mangla statistikk og vitenskaplege undersøkingar som støtta at lufta og vatnet på ein kyrkjegard kunne føre til epidemi og sjukdom. Difor ville hygieneargumentet ikkje vere ein god nok grunn til å innføre eit tiltak som likbrenning. Dette var eit viktig argument for motstandarane då hygiene og sanitære tilhøve var eit av dei mest sentrale argumenta for forkjemparane. Artiklane frå Luthersk Ugeskrift delt i Bergens Annonce Tidende peikar på korleis prestegardar og klokkarboligar som låg på eller nært kyrkjegardane ikkje hadde noko dårlegare helse enn andre. Oppføringa av Jakobskyrkja vart også teke opp: «[...] Man blev nødt til at aabne Graverne paa den tidligere Kolera-kirkegaard og flytte dem endnu tilbageværende Levninger [...], uden at det bevirkede nogen Fornyelse af Epidemien [...].»¹³²

Desse argumenta vart også støtta av vitenskaplege undersøkingar, gjennomført i Tyskland. I Bergens Annonce Tidende i 1891 kunne ein lese om undersøkingar gjennomført nettopp for å vurdere faren for smitte ved gravplassar. Undersøkingar gjennomført av kirurgen Friedrich von Esmarch vart presentert. Funna skulle vise at dei patogene bakteriane døde i nedgravne lik: «De gaar tilgrunde under Indflydelsen af de store Masser af Sapophyter, uskadelige, harmløse Sop». Kolerabakterier skulle forsvinne etter 8-14 dagar, tyfus etter 4 veker, og tuberkulose etter 3 månadar. Alle bakteriar og sporar som skulle kunne kome ut i vatnet ville bli gjort ufarlege gjennom filtrering i jorda og uttynning i vatn. Beretningar frå den tyske legen Max Von Pettenkofer viste også til lufta på kyrkjegardane: «Et Luftlag af 20 Fod i Kvadrat og med 576 Lig og tiaarig Begravelsesomløb med 72 kvadratfod Jord for hvert Lig, i det høieste opviser en Femmilliontedel Liggass.» Pettenkofer vart også nemnt i eit foredrag av Theologisk Forening på Universitetet i Oslo av biskop Essendrop. Her påpeikte han at latrinegroper og avfall frå dei levande forureina grunnen rundt og under hus mykje meir enn kyrkjegardane gjorde, men merka at dette ikkje vart retta like mykje merksemd mot.¹³³

¹³¹ Ligbrændingen og den moderne hygiene. Bergens Annonce Tidende, 15.august.1891.

¹³² Ligbrændingsspørgsmaalet. (Af 'Luth.Ugeskr.'), Bergens Annonce Tidende, 27.september.1888.

¹³³ Ligbrændings-spørgsmaalet. Foredrag i den theologiske Forening paa Universitetet af Biskop Essendrop, Bergens Annonce Tidende, 26.januar.1889.

Andre uttrykte at dersom hygiene var det viktigaste argumentet for likbrenning, så var det ikkje ein god nok grunn for å faktisk innføre det. Ein kunne ikkje støtte seg til berre dette argumentet, fordi det ikkje var viktig nok til å vege tyngre enn alle andre omsyn for dei døde: «Det Menneske, der kun tænkte paa sin Sundhed, var et stygt Menneske, og det Samfund, der kun tænkte paa Hygienen, var et stygt Samfund.»¹³⁴

Økonomi

Forkjemparane for likbrenning argumenterte for at brenning ville føre til lågare kostnader og vere gunstig for økonomien, medan motstandarane påstod det motsette. Påstandane om kostnader på kyrkjegardane vart ikkje svart på, men dei retta særleg kritikken mot alle skjulte og ekstra kostnader som innføring av likbrenning ville medføre. Oppføringar av omnar, frakt for dei som ønska brenning men som budde langt vekke frå omnane, og legetilsyn ville bli dyrare enn ei ordinær jordgravlegging. Gotha i Tyskland vart trekt fram som eksempel på høge prisar: «[...] Gotha, ikkje lykkedes at faa Omkostningerne, ned til et ringere Beløb end 130 Mk. Renudgift for hver Ligbrænding. De økonomiske Hensyn synes saaledes ikkje at tale for en almindelig Indførelse af Ligbrænding.»¹³⁵ Data frå Bundesbank viser eit anslag der 130 Mark tilsvarte 112 norske kroner i 1888.¹³⁶ Sjølv om fleire innlegg mot likbrenning nemnte økonomi som ein grunn for å ikkje innføre likbrenning, var det ikkje alltid vidare forklart kvifor det ville vere uheldig for økonomien. Dette minner om korleis forkjemparane også omtalte økonomiargumentet. Dette kunne vere på grunn av usikkerheitene rundt kostnader, tilgang på tal, og moglegheit for å påstå noko om Noreg på bakgrunn av tala frå utlandet. Ein kan også tenkje at ingen av sidene gjekk grundig inn i økonomien fordi der kunne vere både fordelar og ulemper med begge sidene. Motstandarane ville vise eksempel på dyre likbrenningar i utlandet, og kor dyre legetilsyn og kjemiske undersøkingar ville bli, men unngjekk å drøfte kor dyrt det ville vere å utvide eller etablere nye gravplassar. På same måte fann den andre sida eksempel frå utlandet der brenningane var billigare, og presenterte berre desse, i tillegg til å fortelje om kostnader på gravplassar utan å nemne kva legetilsyn og liknande ville koste.

¹³⁴ Ligbrændingssspørgsmaalet for Danmarks Høiesteret. Bergens Aftenblad, 19.januar.1891.

¹³⁵ Ligbrændingssspørgsmaalet (Af 'luth. Ugeskr.') (Slutning.) Bergens Annonce Tidende 28.september.1888.

¹³⁶ Bundesbank, «Purchasing power equivalents of historical amounts in German currencies».

Giftdrap

Motstandarane til likbrenning ville understreke at å brenne ein kropp vil øydelegge alle moglegheiter til å ekshumere og teste eit lik ved seinare mistanke om mord:

[...] medfører ligbrændingen store betænkeligheder frå retsmedicinens synspunkt. Medens giftmord lader sig opdage sjølv efter aars forløb hos de begravede, vil ved ligbrænding ethvert spor af bevisligheder tilintetgjøres. Fornemmelig af denne grund er tilladelse til ligbrænding bleven negtet i fleire lande. Naar krematisterne, for at imødegaa denne indvending, har foreslaaet, at en lægevidenskabelig undersøgelse skulde foretages med hvert lig før brændingen, da vilde en saadan undersøgelse, saafremt den skulde være mere end et proformaværk, støde paa saa store praktiske vanskeligheder, at en almindelig gennemførelse af denne forholdsregelen vilde blive omtrent umulig.¹³⁷

Her vart det poengtert at løysinga presentert av likbrenningsaktivistane, undersøking av alle lik før brenning, ikkje vil vere mogleg praktisk eller økonomisk. Ei enkel legeundersøking ville ikkje kunne bekrefte eller avkrefte eit giftmord, berre prøver sendt og analysert av kjemikarar kunne gjere dette. Geografi, økonomi og kapasitet ville i følgje motstandarane gjere dette vanskeleg. Dermed kunne dei gjenlevande aldri få svar dersom det oppstod mistanke etter den døde hadde blitt brent.

Estetikk og kjensle

Også motstandarane brukte estetikken og kjensla som eit argument. Det var ofte knyt til dei religiøse aspekta, då eld i det kristne biletspråket ga assosiasjonar til liding og skrekk. At teknologien tok over 'behandlinga' av kroppane og alt det medførte, vart også skildra som kaldt og ukjent.

Men spørg f. Eks. Moderen, der sørger over sit Barn, om hun vil ombytte Barnets Grav, beplantet med hendes deiligste Blomster, dem hun har vandet med sine varmeste Taarer, men den kolde og livløse Urne! [...] Mon den elskede Skikkelse, som Flammerne saa ubarmhjerdig har forstyrret, kan træde saa levende frem for hende ved Urnen, som den nu gjør ved Graven, [...].¹³⁸

Det vart uttrykt at likbrenning ville forstyrre bilete og opplevinga ein hadde av å besøke ei grav på ein kyrkjegard. Likbrenningsspørsmålet vart tatt opp på ein slik måte at kyrkjegardane og gravene vart 'truga'. Der var ei frykt for at kolumbarium, bygningar med hyller for urner, skulle ta over. Bilete av sjølve brenninga vart også skildra som skrekkeleg og brutalt. Mange omnar hadde installert vindauge i, som gjorde det mogleg å sjå kroppen gjennom heile prosessen,

¹³⁷ Ligbrændingsspørsmålet (Luthersk ugeskrift) Bergens Annonce Tidende 28.september.1888.

¹³⁸ Ligbrændingsspørsmålet (Af 'Luth. Ugesk.' II), Bergens Annonce Tidende, 6.Oktober.1888.

noko som ofte var skildra i nyheitsartiklane om gjennomførte brenningar. «[...] han havde truffet mange unge Damer, der sværmede for Ligbrænding, men de var stadig blevne kurerede, naar man havde ladet dem se en Brænding af en af deres paarørende»¹³⁹ Å sjå eit menneske bli redusert til oske ved hjelp av høge temperaturar ville gi inntrykk som var verre enn å senke nokon heile ned i jorda i ei kiste. I desse argumenta låg der mange hint om at det for denne gruppa med motstandarar var ei universell sannheit at der var ein rett måte å behandle ein død kropp på, og det var ved å legge dei i jorda. Brenning verka fråstøytande og ga assosiasjonar til å gjere noko feil og vondt mot den døde. Om ein behandla kroppane ‘rett’ eller ‘gale’ gir sterke reaksjonar og kjensler: «Paa vore kirkegaarde var der dog rom for smukke Følelser, sjølv om det maaske kun var illusioner – Ligbrændingen udelukkede saadanne.»¹⁴⁰

Korleis såg aktørane på betydninga av likbrenning?

Sidan tradisjonane rundt korleis ein behandla døde kroppar hadde haldt seg relativt konsekvente dei siste fleire hundre åra, var det naturleg at menneska i samtida reagerte på tanken om å innføre eit nytt alternativ. Det sedvanlege var å plassere den døde i ei kiste og grave denne ned i bakken. Å redusere ein kropp til oske inni ein urne og sitte igjen med ei lita urne skilde seg frå alt folk var vant til. Dette ga reaksjonar begge vegar, som vi har sett i dette kapittelet, der argumenta viser korleis folk reagerte på likbrenningssaka. 1800-talet var også ei tid der veldig mange ting i samfunnet endra og utvikla seg. Økonomiske og politiske utviklingar førte til store endringar, og visse nye idear og tankar landa svært ulikt hos dei ulike gruppene i samfunnet. I avisene kan ein sjå korleis menneske frå desse ulike gruppene omtala tanken om likbrenning sin gjeninnføring. For nokon var tanken dramatisk og djupt inngripande, for andre var det eit naturleg framsteg for samfunnet.

Dei som meinte at likbrenning ville bryte med tradisjonar og skape problem var oftast religiøse og konservative. Sidan tradisjonane og ritane i kristendommen hadde så sterke røter i samfunnet over lang tid, var det sannsynlegvis bekymrande å skulle introdusere noko heilt nytt. Som påpeika tidlegare i kapittelet var der moralske argument mot likbrenning, men også praktiske bekymringar rundt liturgien og biletspråket. Bergens Annonce Tidende publiserte ein lengre artikkel frå ‘Luthersk Ugeskrift’ i fleire delar. Der diskuterte forfattaren mange ulike aspekt ved likbrenning i tilknytning til religion. Her påstod Luthersk Ugeskrift at frykta for smitte på kyrkjegardane og dei andre argumenta som vart brukt for likbrenning, kom frå ei ny

¹³⁹ Ligbrændingsspørgsmålet for Danmarks Høiesteret. Bergens Aftenblad, 16.januar.1891.

¹⁴⁰ Ligbrændingsspørgsmålet for Danmarks Høiesteret. Bergens Aftenblad, 16.januar.1891.

åndsstraumning i samfunnet. Dette var ei åndsstraumning som hadde lausrive seg frå kristendommen:

Dersom ingen saadan Aandsstrømning havde været tilstede, vilde man vistnok have søgt at gennemføre de fornødne Reformer i Begravelsesvæsenet uden at tilsigte et radikalt Brud med mere end tusindaarige Traditioner inden den kristelige og civiliserede Verden. Forat et saadant Brud skal kunne foregaa, maa der først være foregaaet et Brud med hele den tidligere aandelige Udvikling.¹⁴¹

Luthersk ugeskrift såg på likbrenning som eit symptom på noko dei ikkje likte, og påstod at likbrenning var eit radikalt brot med alle dei eksisterande tradisjonane i samfunnet. Dette brotet ville ikkje oppstått utan at denne nye måten å tenkje og oppfatte verda separat frå kristendommen, hadde vokse fram. Likbrenning var i følgje forfattaren sekulær, og det var denne lausrivinga frå kristendommen som førte til brot i gravleggingsvesenet og i dei kristne dødstradisjonar.

Fleire frå den kristne trusretninga omtala likbrenning som noko drastisk. Carl P. Essendrop, heldt foredrag om likbrenning som vart publisert i Bergens Annonce Tidende. Der påstod Essendrop mellom anna at likbrenning ikkje var foreinleg med kristne ord og uttrykk, og at det også var ei grunnlaus valdshandling mot kroppen. Sidan dei heilage orda og bileta måtte gjennomgå ei radikal endring for å verte tilpassa likbrenning, oppfordra Essendrop:

Derfor giver de Mænd, som for Alvor mener i Ligbrænding at se noget godt, at betænke, hvad de gjør, naar de med forstyrrende Haand rører ved, hvad der er blevet ikkje alene en kjær Sædvane, men en Skik, viss Rødder ligger i Helligdommen og i Arven frå fromme Fædre.¹⁴²

Sidan døden alltid hadde vore så tett knytt saman med religion var reaksjonane frå dei religiøse gruppene sterke. Oppfatninga om kva som var rett og gale var sterkt rota i den kristne tradisjonen, og dermed vart tanken om likbrenning inngripande. Forventningane om kva likbrenning ville representere for dødstradisjon og religion var skremmande, fordi det for desse gruppene ville vere eit brot med alt som var etablert og rett.

Andre omtalte også likbrenning som ekstremt, men i ei meir positiv tone. Distriktslege Johan Dahl skreiv om likbrenning i medisinsk samanheng. Han omtalte farane ved dei ulike epidemiane og sjukdommane som kunne spreie seg frå kyrkjegardane, spesielt sidan byane kom til å vekse seg rundt dei gravplassane som vart lagt utanfor bygrensene. Her kallar Dahl

¹⁴¹ Luthersk Ugeskrift III, Bergens Annonce Tidende, 23.oktober.1888.

¹⁴² Biskop Essendrop, Bergens Annonce Tidende, 26.januar.1889.

likbrenning «Det eneste radikale Middel» tilgjengeleg for byane for å unngå denne smittefaren.¹⁴³

Dei som var for innføring av likbrenning snakka om alle fordelane, og tidlegare i kapittelet kunne ein sjå korleis framsteg og modernitet vart brukt som argument. Uchermann heldt foredrag i Kristiania der han mellom anna peika på verdien i å la menneske bestemme over sin eigen kropp. Her sa Uchermann at ein av dei andre fordelane med likbrenning var at det representerte eit framsteg utan brot, fordi dei eksisterande religiøse seremoniane kunne nyttast.¹⁴⁴ Denne ytringa kan peike mot at det var dei eventuelle endringane i seremoniar og ritar som ville føre til eit brot. Dette er inntrykket mange av ytringane frå samtida gir, då innføring av noko som ikkje var foreinleg med den kristne liturgien ville vere drastisk og radikalt. Argumenta mot det fysiske som skjedde med kroppen var også viktige for motstandarane, då metoden rørte ved noko av det mest sensitive for dei levande, nemleg dei døde. Denne bekymringa vart teke opp då motstandarane snakka om estetikken og kjensla: kor feil det var å brenne ein død menneskekropp. Synet kom som nemnt opp med Biskop Essendrop då han omtala likbrenning som ei valdshandling mot kroppen.¹⁴⁵ Dette var også eit viktig aspekt i spørsmålet om brot. Den kristne læra hadde etablert at jordgravlegging var det rette, medan flammar var assosiert med helvete og lidning. Kristendommen hadde også brukt brenning på opne bål som straff for kjettarar og hekser. Tanken om likbrenning vart difor ubehageleg og skremmande for mange i samfunnet. Å leggje dei døde kroppane i bakken var etablert som den korrekte og verdige måten å behandle ein død kropp på. Naturlegvis var der visse variasjonar, men det kan seiast å stemme for majoriteten av den vestlege kristne verda. Dersom kroppen vart behandla på ein anna måte verka det forstyrrende og feil, og difor vart likbrenning for mange også oppfatta som feil.

At endringar i seremoniar og måten kroppen var behandla på representerte eit radikalt brot for mange, opnar for spørsmålet om kvifor andre i samtida ikkje opplevde det på same måte. Som nemnt vart likbrenning omtalt som radikalt i nokre artiklar som ytra seg for saka, men dei aller fleste unngjekk slike uttrykk når dei skulle argumentere for likbrenning. Når det kom til seremoniar og liturgi var dette ikkje omtalt som eit problem blant forkjemparane for likbrenning. Enten meinte dei at dei eksisterande seremoniane kunne nyttast, eller så la dei ikkje like mykje tyngde i følgjene av å tilpasse nye seremoniar. Når det kom til kroppen, var

¹⁴³ Om Ligbrænding, Bergens Tidende 28.april.1888.

¹⁴⁴ Bergens Tidende, 23.oktober 1888.

¹⁴⁵ Biskop Essendrop, Bergens Annonce Tidende, 26.januar.1889.

forkjemparane si oppfatning, som tidlegare drøfta, at flammene oppnådde det same som jorda, berre raskare og meir 'reint'. I anledning ei likbrenning i England kommenterte ein lege at jorda er til for dei levande, ikkje dei døde.¹⁴⁶ Saka vart omtala som eit framsteg av forkjemparane, og kanskje mange ville kalla det eit drastisk brot, men eit nødvendig og positivt eit.

Oppsummering

Mengda av informasjon som vart tilgjengeleg gjennom avisene utover 1800-talet var svært viktig for likbrenningsdebatten. Samfunnsdebattar som elles ville vere utilgjengeleg for mange, vart mogeleg å lese og meine noko om for alle som kjøpte avisene. Gjennom rapportar frå utlandet verka likbrenning lenge ikkje relevant for Noreg, og ein kunne tru ein alltid skulle ha ei 'tilskodarrolle' til utviklingane i andre land. Det vart likevel tydeleg at fleire stemmer i Noreg, hovudsakleg frå akademia, begynte å tale for saka. Dei same argumenta gjekk igjen gjennom dei aller fleste avisinnlegg som talte for fakultativ innføring av likbrenning i Noreg.

Hygieneargumentet var det tyngste og viktigaste argumentet for likbrenning. Forkjemparane brukte hygieneargumentet fordi dei var overbevist om at gravplassar var helsefarleg, og difor måtte ein finne nye løysingar for folkehelsa si skuld. Dei innrømte sjølv at ingen vitskaplege forsøk kunne bekrefte desse teoriene enda, noko som var ei stor svakheit ved dette argumentet. Likevel var kunnskapen dei hadde om bakteriane si levetid og eigenskapar nok til å tenke at kroppane etter menneske som døde av smittsame sjukdommar, og overfylte gravplassar kunne ha ei øydeleggande effekt på dei levande. Eit innsendt avisinnlegg meldte om plassmangel på kyrkjegardane, og med folke- og byveksten måtte bekymringa for å gå tom for plass ha vore reell for nokre i samtida. Møllendal vart oppretta og ingen stor nød vart meldt seinare, men denne uvissa om både plass og smitte kan seiast å ha gitt forkjemparane grunn til å bekymre seg. På den andre sida var motstandarane ueinige i at døde kroppar var ei fare for dei levande. Smittsame lik var fortsatt smittsame, men bakteriane ville bli uttynna og brote ned i bakken og ikkje vere ei fare etter gravlegging.

Når den eine sida tok opp eit argument til sin fordel, hadde den andre sida eit svar på kvifor dette argumentet ikkje var godt. Forkjemparane tok opp frykta for hygiene, og motstandarane fann argument som peika på at kyrkjegardar ikkje representerte ein smittefare. Motstandarane tok opp trusselen likbrenning var mot kristendommen og dei heilage seremoniane, som førte til at forkjemparane argumenterte for korleis ein fortsatt kunne nytte den kristne liturgien. Dei to

¹⁴⁶ Bergens Tidende, 22.desember.1883.

sidene presenterte sine argument for å forsøke å overtale menneska i samfunnet. Kva påverknad jordgravlegging eller brenning hadde på kjenslene til folk varierte, men dei to sidene teikna fryktelege bilete av metodane til kvarandre. I det heile var, og er, spørsmålet om korleis ein ønskja å bli behandla etter døden svært personleg, men begge sidene prøvde alt dei kunne for å presentere gode overtalende argument.

Argumenta kan vitne om korleis dei ulike sidene ga betydning til likbrenningssaka. Motstandarane meinte at innføring av likbrenning betydde eit radikalt brot med alle dei kjente og trygge tradisjonane. Likbrenning vart for dei konservative religiøse brukt av meir sekulære grupper i samfunnet, for å kunne ta over behandlinga av dei døde. På den andre sida var forkjemparane også opptekne av å understreke at dei eksisterande seremoniane kunne nyttast. Forkjemparane meinte at innføring av likbrenning ville bety eit framsteg, mot eit moderne og sivilisert samfunn. Avansert teknologi skulle beskytte dei levande mot farane som dei døde kunne representere, i tillegg til at dei levande skulle få ta eit bevisst val om korleis dei ville bli behandla etter døden.

Kapittel 4 – Likbrenningsrørsla i Bergen

Dette kapittelet skal gjere greie for Bergens ligbrændingsforening og arbeidet deira for å fremje saka. På grunn av det mangelfulle kjeldegrunnlaget vert dette temaet undersøkt gjennom avisene. Møtebøker, medlemslister, kopibøker og liknande som kunne fortalt noko om arbeidet dei utførte er ikkje teke vare på. Heldigvis vart mykje av aktivitetane til foreininga rapportert om i avisene, mellom anna kan ein finne nokre av årsberetningane der. Foreininga kunne også bruke aviser som ein arena for arbeidet sitt, for å spreie informasjon om saka. Det er dette arbeidet som er mogeleg å få innsikt i basert på det eksisterande kjeldematerialet. Kapittelet vil også gjere greie for korleis Noreg fekk ei lov om likbrenning, og kva prosessar som førte til at Bergen fekk Noreg sitt første krematorium. Denne informasjonen er delvis henta frå avisene og delvis frå offentlege politiske dokument, mellom anna stortingsdokument og kommune-forhandlingar. Kjeldene kan avsløre kva oppgåver og roller foreininga hadde i dei ulike prosessane. Først vil stiftinga av Bergens Ligbrændingsforening bli gjort greie for, før avisene vert nytta for å undersøke kva arbeid dei gjorde. Deretter vil dei faktiske gravplasstilhøva i Bergen nærare drøfta. Til slutt blir prosessane mot ei lov og eit krematorium presentert og drøfta.

Stifting av Bergens Ligbrændingsforening

Artiklar i aviser, tidsskrift, forelesingar og diskusjonar i selskap førte til at spørsmålet om likbrenning vart meir og meir aktuelt lokalt. Kristiania hadde i 1889 stifta Norsk Ligbrændingsforening, som talte 177 medlem i 1891.¹⁴⁷ Denne foreininga sitt formål var å: «utbrede kjendskab til Ligbrænding og virke for dens Indførelse i Norge som en frivillig Sag [...]».¹⁴⁸

I 1890 skreiv Bergens Aftenblad om eit møte i bystyret i Bergen, der legen Klaus Hanssen stilte spørsmål ved utvidingar av Møllendal gravplass. Han refererte til spørsmål om kostnad av ein likbrenningsanstalt som han tidlegare hadde retta til formannskapet utan å få svar. Etter noko diskusjon erklærte borgarmeisteren og ordføraren at saka skulle bli førelagt formannskapet.¹⁴⁹ Dette viser tydeleg at det var engasjement for saka i Bergen allereie i 1890, og at steg hadde blitt tatt for å undersøke kostnadar og mogelegheiter. Neste gong likbrenning vart nemnt er var i ei innbyding til å danne ei foreining i Bergen (Vedlegg 2):

¹⁴⁷ Bergens Annonce Tidende, 27.april.1891.

¹⁴⁸ Norsk Ligbrændingsforening. Bergens Annonce Tidende, 8.februar.1889.

¹⁴⁹ Ligbrænding i Bergen. Bergens Aftenblad, 20.juni.1890.

Indbydelse til Dannelse af en Ligbrændingsforening – Forvissede om, at Ligbrændingssagen er kjendt og omfattet med Interesse inden vor By, opfordrer vi til Dannelse af en Ligbrændingsforening med det Formaal at arbeide for Indførelse af valgfri Ligbrænding og Opførelse af en Ligbrændingssovn.¹⁵⁰

Innbydinga er underskrive av 37 menn frå Bergen. Listene som kunne brukast for å teikne seg som medlem vart plassert i avisskranker, i selskapsklubben ‘Den gode Hensigt’, Handelssamfundet, Haandværkerforeningen, Tobakkshandlar Reimers og Bokhandlar F.Beyer i strandgaten. Knappe tre veker etter at innbydinga var publisert i Bergen Aftenblad skreiv foreininga at mange unngjekk å melde seg inn i foreininga fordi kontingenten ikkje var bestemt. Denne oppdateringa informerte om at det var tenkt ein årleg kontingent på 2kr.¹⁵¹ Dette var då lågare enn Kristiania sin kontingent som var 3 kroner per år i 5 år.¹⁵²

Arbeidet til foreininga – gjennom avisene

I seinare aviser kom det fram at styret i foreininga hadde undersøkt kostnaden av likbrenning for sine medlemmar. Sidan norsk lov fortsatt ikkje tillot likbrenning, vurderte foreininga at Gøteborg var det nærmaste og beste alternativet for befolkninga i Bergen. Dette betydde at foreininga tok på seg oppgåva med å organisere og legge til rette for at ein kunne bli sendt til Gøteborg. På denne måten verka dei nesten som eit gravferdsbyrå. Gjennom avtale med krematoriet i Gøteborg hadde foreininga teikna opp kostnad for denne ordninga. Den totale kostnaden for likbrenning enda opp på 142 kroner. Brenningsavgifta var satt til 80 kroner, den største delen av kostnaden. Obduksjonen kosta 30 kroner, medan frakta var satt til 25 kroner. Dei siste 7 kronene skulle gå til attest og flytting til og frå skipet.¹⁵³ Foreininga anerkjente at dette var betydeleg dyrare enn jordgravlegging, men understreka at kostnadane forhåpentlegvis kunne bli lågare. Mellom anna ville kostnad for obduksjon kuttast betydeleg om den kunne gjennomførast i Bergen heller enn i Gøteborg.¹⁵⁴ Dersom ein ser på vedlegget på tilkjendegivingane kan ein sjå at dette ikkje lykkast, då prisen haldt seg lik fram til 1906. I ein artikkel om Daniel Cornelius Danielssen, som var den første som vart sendt til Gøteborg for å bli brent, skreiv Bergens Tidende at kostnaden låg på «140 Kroner, adskillig billigere end en almindelig Begravelse».¹⁵⁵ Den faktiske kostnaden for ei jordgravlegging er litt utydeleg, men

¹⁵⁰ Indbydelse – til Dannelse af en Ligbrændingsforening. Bergens Aftenblad 16.januar.1892.

¹⁵¹ Ligbrændingsforeningen. Bergens Aftenblad, 4.februar.1892.

¹⁵² Norsk Ligbrændingsforening. Bergens Annonce Tidende, 8.februar.1889.

¹⁵³ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrendingsforening. Bergen Byarkiv: BBA/A-3062/F

¹⁵⁴ Bergens Tidende, 25.september.1892.

¹⁵⁵ Den første ligbrænding fra Bergen. Bergens Tidende. 26. juli.1894.

tal henta frå fattigvesenet viser ein pris på rundt 20 kr på slutten av 1800-talet.¹⁵⁶ Ein kan tenke seg at fattigvesenet valde dei mest sparsommelege alternativa, og at seremonikostnadar og liknande ikkje nødvendigvis var teke med. Ei jordgravlegging var sannsynlegvis ordinært litt dyrare, i tillegg til at der var mange alternativ og ulike prisklasser å velje frå. 20 kroner er likevel lågt samanlikna med 140 kroner for likbrenning. Det er vanskeleg å seie kva som er meint med at Bergens Tidende påstår at 140 kroner er billegare enn ei jordgravlegging, medan foreininga påpeika at det var betydeleg dyrare.

Det første året etter stiftinga av foreininga var det jamn aktivitet i avisene. Det vart rapportert om utviklingar i likbrenningssaka i andre land, og debattartiklar om hygieneaspektet vart publisert. Ein fekk også lese om den første generalforsamlinga til Bergens Ligbrændingsforening. Denne vart varsla om i forkant i fleire aviser, og årsberetninga vart publisert seinare. Her reflekterte foreininga over det siste året og arbeidet som hadde blitt gjort for likbrenningssaka i Noreg. Medlemstalet auka frå 111 til 139, med to medlemmar avgått med døden. Årsberetninga viser at Norsk Ligbrændingsforening fortset arbeidet med lovforslag, og at foreininga i Bergen difor satt sitt fokus på «at bearbeide Opinionsen til Gunst for reformen, dels ved at samle nye Medlemmer for Foreningen, dels og fornemmeligst ved gjennom talrige Inserater og fremstillinger i Byens Dagblade af Ligbrændingens Fortrin at søge at vænne Folket i Almindelighed til Tanken og saaledes mod Ligbrænding, som endnu er fremherskende hos en større Del af befolkningen».¹⁵⁷ Oksrød karakteriserer arbeidsoppgåvene til foreininga i Bergen på same måte: å endre haldningar og kvitte seg med fordommar og feilinformasjon.¹⁵⁸ Foreininga verka å referere til dette som ei slags arbeidsdeling, der dei har koordinert oppgåver med foreininga i Kristiania. I tillegg til oppdateringar frå utlandet fortset innlegga som argumenterte for likbrenning. Mange av dei var henta frå magasin utgitt av likbrenningsforeininga i Tyskland. Her vart mellom anna massegravlegging, det estetiske aspektet, og koleraepidemien diskutert. Det var ikkje ei særleg auke i innlegg frå før stiftinga av foreininga til etter, men frå 1893 vart innlegga i Bergens Aftenblad signert S.B, som sannsynlegvis står for Schak Bull, leiaren av foreininga. Det gjeld både nyhende og argumenttinnlegg, og gir ein tydelegare avsendar og ei stemme til foreininga i avisene. Det var også i 1894 at foreininga fekk ei fast jamn plass i den delen av avisa som inneheldt lokale reklamer, foreiningar, forsikringsselskap og liknande. Den hadde overskrift 'Bergens

¹⁵⁶ Hovedbøker for fattigkassen 1895-1902. Bergen Kommune. Bergen Byarkiv: BBA/A-2588/R/Raa1

¹⁵⁷ Bergens Ligbrændingsforenings Aarsberetning, Bergens Annonce Tidende, 20.juli.1893.

¹⁵⁸ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 31.

Ligbrændingsforening' og opplyste om at nye medlemmar kunne innteiknast ved eit av medlemmane i styret av foreininga. Denne teksten endra ikkje karakter i løpet av dei neste ti åra, utanom at kontaktperson og adresse endrast, og telefonnummer vert lagt til.

Desse type avisinnlegg fortset dei komande åra. Reklamen for foreininga hadde fast plass, og informasjon og oppdatering frå S.B vart publisert med jamne mellomrom. Verdt å merke seg her er at treff på innlegg frå motstandarar av likbrenning gjekk ned til nesten null. Dei lange innlegga som skissa opp motargument stoppar. Nøytral informasjon og dei positive innlegga frå foreininga er nesten det einaste ein kunne lese om likbrenning frå rundt foreininga vart stifta. Det er usikkert om dette var på grunn av korleis dei ulike avisene og redaksjonane valde ut og tok imot innhald, eller om motstandarane fann andre arena eller kanalar for å ytre seg mot likbrenningssaka. Uansett verka dette fråværet av motstand i avisene å vere eit direkte resultat av at Bergen danna ei lokal foreining.

Sidan foreininga jamt vart publisert i avisene var det også i større grad skrive om tilhengjarar av saka som hadde døydd og skulle bli, eller hadde blitt brent. Tidlegare vart det rapportert om likbrenningar, men desse var svært upersonlege. Det einaste som var opplyst om var namnet til den døde og at dei skulle brennast, meir som ein kort nøytral rapport. No vart det meir personleg skildra, og kunne på fleire måtar likne andre nekrologar. Sjølv sagt var det ofte fokus på sjølv brenninga, men personen er også skildra og omtala på ein meir omfattande måte enn før. I Bergens Aftenblad fann ein mellom anna nekrolog for Erik Gustaf Klingenstjerna, formann i den svenske foreininga, og skapar av dei svenske omnane.¹⁵⁹ Same år døydde D.C Danielssen. Han var engasjert i foreininga i Bergen, og vart sendt til Gøteborg for å bli brent. Bergens Tidende skreiv om heile prosessen, då dette var det første tilfelle der ein kropp vart sendt frå Noreg for å bli brent i Sverige.¹⁶⁰ Foreininga reflekterte over Danielssen i generalforsamlinga, og omtaler det som første gong dei så direkte kunne sjå frukta av si verksemd. På denne tida gjekk også medlemstalet opp frå 157 til 184.¹⁶¹ Då Fredrik Schuman døydde i 1896 såg ein i Bergens Aftenblad den tydelege personlege vrien med tekst frå kransen lagt på båra: «Fordi du var en trofast Ven som faa- Fordi din aabne Sjel af Svig ei vidste – Fordi du er saa bittert tung at miste, I Venners Navn – her lægges Kransen paa din Kiste».¹⁶²

¹⁵⁹ Bergens aftenblad 7.mars.1894.

¹⁶⁰ Den første Ligbrænding i Bergen, Bergens Tidende, 26.juli.1894.

¹⁶¹ Bergens ligbrændingsforening, Bergens Aftenblad, 30.mars.1895.

¹⁶² Værkseier Fredrik Schuman, Bergens Aftenblad, 23.mars.1896.

Foreininga jobba i stor grad med å endre haldningane i samfunnet, og dei nytta hovudsakleg den arenaen som var tilgjengelege for folk flest, nemleg aviser. Positive og informative artiklar vart jamt publisert. Oppdateringar på framgangen til likbrenningssaka i andre land kunne vise bergensarane korleis saka hadde potensiale til å utvikle seg lokalt dersom den vann fram. Dei gjorde også eit stort arbeid med å legge til rette for likbrenningar i Gøteborg. Sjølv om foreininga ikkje var direkte involvert i dei juridiske prosessane som skulle legalisere likbrenning, hadde likevel folk i foreininga påverknadskraft på stortinget og assisterte der dei kunne. Avgjerande for Bergen og resten av landet var også arbeidet med å oppføre ein likbrenningsomn.

Gravplasstilhøva i Bergen

Eit av dei typiske argumenta for kvifor likbrenning kom tilbake når den gjorde var plassmangel. At plassmangel førte til dårlege tilhøve på gravplassane var eit problem som måtte løysast, og likbrenning skulle bli eit svar på dette problemet. Laqueur går tydeleg ut og påstår at plassmangel ikkje var eit problem i det heile.¹⁶³ Det kan difor vere interessant å kort utforske om dette argumentet var relevant i Bergen.

Som dei fleste andre byar i Europa, gjekk Bergen gjennom ein sterk byvekst på 1800-talet. Særleg etter 1870-talet auka befolkninga slik at nye bydelar vaks fram, trehus vart fjerna til fordel for større murhus, og store bygardar vart oppført.¹⁶⁴ I 1870 var folketalet i Bergen og forstadane rundt 40.000, eit tal som hadde auka til 70.000 i 1900.¹⁶⁵ Med ein stor folkevekst ville det etter kvart bli fleire døde kroppar å gravlegge. Fleire kyrkjegardar var plassert i og rundt byen, mellom anna Stadsporten og Fredens Bustad. Nokre av gravplassane som var midt i byen, mellom anna St. Pauls på Nordnes, vart stengt i 1856.¹⁶⁶ Nykirkegården vart nedlagt 8 år seinare i 1863. Mangel på plass vart eit problem for dei kyrkjegardane som var anlagt lenge før befolkninga auka. Arealet rundt vart teke opp av bustadar, og kunne ikkje nyttast til utviding for å få meir plass. Mellom anna vart delar av St. Jacobs kyrkjegard sletta på grunn av opparbeiding av Hospitalsengen. Med andre ord måtte fleire gravplassar vike for utviklinga av byen og andre fasilitetar.

At fleire gravplassar og kyrkjegardar vart fulle, sletta eller flytta, betydde ikkje nødvendigvis at Bergen hadde eit stort problem når det kom til plass. Mange av dei som vart anlagt på 16- og

¹⁶³ Laqueur, *The work of the dead*.

¹⁶⁴ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, 3, 321.

¹⁶⁵ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, 3, 455.

¹⁶⁶ Om Vaare Begravelsesforhold, Bergens Aftenblad, 6.november.1888.

1700-talet måtte stengast, men mange nye vart også oppretta på same tid. På siste halvdel av 1800-talet vart det anlagt gravplassar og kyrkjegardar i Arna, Loddefjord, Møllendal, Midttun, Nygård, og Årstad. Enda fleire vart anlagt utover starten på 1900-talet.¹⁶⁷ Dette viser at Bergen og omegn ikkje hadde nokon store problem med å finne ledig og passende areal for gravlegging. Nokre få innlegg i avisene kommenterte at tilstandane på gravplassane ikkje var gode, men dette gjaldt hovudsakleg dei eldste gravplassane. Mellom anna var det problem då det vart gjort gravearbeid i nærleiken av gamle gravplassar, og beinrestar kom fram og vart liggjande.¹⁶⁸ I andre tilfelle vart behandlinga av eldre graver kritisert, då innsendar meinte at graver vart nytta på nytt før den bestemte tidsramma.¹⁶⁹ Nokre spesifikke uttrykk for at gravplassane var i dårleg stand med tanke på lukt, kroppsdelar og liknande, som vart meldt om elles i Europa, vart ikkje uttrykt i Bergen.

Foreininga publiserte informasjon om innviing av krematoriet i Birmingham, der utsegna til tre biskopar vart lagt stor vekt på. Biskopen av Worcester hadde mellom anna sagt at han ønska å bli brent etter sin død for å ikkje påføre dei levande noko skade. Eit anonymt innlegg i Bergens Aftenblad kommenterte at det var rart av foreininga i Bergen å legge betydning i desse utsegna, då ein lege aldri ville sagt det same. Innsendaren viser mellom anna til Kristiania stadfysikus sin konklusjon frå 1898 om at ein gravplass som var korrekt anlagt og forvalta ikkje var sunnheitsfarleg.¹⁷⁰ Schak Bull svarte på denne kritikken og påpeika at der var mange omstende som kunne få ein til å tru at gravlegging av dei døde kunne skape fare for dei levande. Her presiserte Bull at han på ingen måte såg Bergen sine gravplassar som farlege.¹⁷¹ Dette var sannsynlegvis fordi Bull hadde innsikt i forvaltninga av gravplassane, og visste at drenering, jordkvalitet og liknande var korrekt. Hygiene var dermed ikkje ein pressande faktor når det kom til innføring av likbrenning i Bergen. Det var likevel tilfellet i andre byar i Europa, og kanskje var der ei viss frykt for at befolkninga og byen skulle vekse seg så stor at gravplassane til slutt kunne bli helsefarlege.

¹⁶⁷ Gunnar Hagen Hartvedt og Norvall Skreien, *Bergen Byleksikon* (Bergen: Kunnskapsforlaget, 2009).

¹⁶⁸ Arbeidet, 12.april.1901.

¹⁶⁹ Om Opgravning og flytning af Lig paa Møllendals Begravelsesplads (Indsendt), Bergens Annonce Tidende, 18.august.1899.

¹⁷⁰ Bergens Aftenblad, 12.januar.1904.

¹⁷¹ Ligbrændingen og Hr.X, Bergens Aftenblad, 14.januar.1904.

Lovgivinga i 1898

Arbeidet for ei fakultativ lov for likbrenning starta fleire år før den vart vedteken, hovudsakleg gjennom arbeidet til Norsk ligbrændingsforening. Foreininga i Kristiania sendte inn første søknad til kongen allereie i 1891.¹⁷² Der hadde vore noko diskusjon om likbrenning eigentleg var ulovleg, då den eksisterande lova ikkje eksplisitt forbaud det. I Sverige fann ein at det ikkje sto i strid med den eksisterande lova, og dette var håpet då den norske foreininga sendte den første søknaden. Prosessen i Noreg skulle likevel vise seg å vere mykje meir komplisert.¹⁷³ Kyrkjedepartementet avslo påstanden om at likbrenning var lovleg under den eksisterande lova, det var ikkje utan nye lovtekstar at brenning av lik kunne gjennomførast i Noreg.¹⁷⁴ Dette betydde at ein kongeleg resolusjon ikkje var anbefalt, og Norsk likbrenningsforening starta derfor arbeidet med å formulere lovutkast.

Det første lovutkast og stillstand

Det første lovutkastet frå 1892 lød «Ligbrænding kan uden Hinder af den bestaaende lovgivning finde Sted paa de Betingelser, som nærmere fastsættes Af Kongen».¹⁷⁵ Dette førte til mange spørsmål og uklarheiter, mellom anna om det var foreinleg med kyrkja og dei geistlege, rettsmedisinske spørsmål, og fleire praktiske problem som kravde utreiing. Saka vart sendt vidare til regjeringa.¹⁷⁶ I den første årsberetninga til foreininga i Bergen stod det at «Vore Storthingsmænd er endvidere opfordrede til saavidt muligt at bearbejde Stemningen i Stortinget, for paa den Maade at forberede et gunstigt Resultat, naar Lovforslaget af Regjeringen bliver forelagt til Behandling».¹⁷⁷ Det skulle gå lang tid før dette vart relevant, då det vart stillstand i saka. Foreininga i Kristiania sendte i januar 1894 spørsmål angående plassering av oska til kroppar brent i utlandet og gjennomføring av kyrkjelege seremoniar, som heller ikkje vart besvart. Det var ikkje før stortingsrepresentant Christian Mikkelsen i mars retta ein interpellasjon til kyrkjedepartementet med spørsmål om kvifor saka hadde stoppa opp og ikkje kome vidare, at han fekk beskjed om at saka var i behandling.¹⁷⁸

Neste gong var det Annæus J. Schjødt som retta ein interpellasjon i 1896, då mot landets kyrkjeminister Jakob Sverdrup. Her vart det igjen lagt vekt på at likbrenningsrørsla auka i

¹⁷² Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 34.

¹⁷³ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 34.

¹⁷⁴ Indst. O. No.26, 1892. Dok. No. 8

¹⁷⁵ Indst. O. No.26, 1892. Dok. No. 8

¹⁷⁶ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 37.

¹⁷⁷ Bergens Ligbrændingsforenings Aarsberetning, Bergens Annonce Tidende, 20.juli.1893.

¹⁷⁸ Bergens Aftenblad, 13.mars.1894.

popularitet, men mangelen på respons frå staten si side hindra saka i å utvikle seg betydeleg.¹⁷⁹ Sverdrup kunne svare at biskopar, juridisk og teologisk fakultet, og medicinaldirektøren hadde gitt erklæringar til den førre ministeren. Likevel hadde saka då blitt nedprioritert, men Sverdrup hadde motteke eit forslag til lov om likbrenning som ikkje enda var vurdert. Foreininga vart meir optimistisk, men sendte fortsatt inn sitt eige lovforslag til justiskomiteen som denne gongen var meir detaljert enn det første forslaget.¹⁸⁰ Sjølv om proposisjon skulle ventast i løpet av 1897, kom den ikkje. Bergen ønska å halde si generalforsamling etter lova var vedteke, men såg det nødvendig å gjennomføre generalforsamlinga i mars 1898. Då hadde Norsk ligbrændingsforening vore i kontakt med den vestlandske filial med spørsmål om styremedlem arkitekt Welhaven skulle reise til Bergen for å halde eit foredrag. Forelesningsforeininga i Bergen av slo denne planen, då «ligbrændingsspørsmålet laa udenfor de Emner, som Foreningens Statuter opsetter som Gjenstand for Forelæsninger inden Foreningen».¹⁸¹ Dette viser mellom anna at arbeidet for folkeopplysning fortsatt var viktig, i tillegg til at fordommane og kontroversen også stod sterkt. Odelstinget drøfta lova på eit møte i april 1898. Der kommenterte stortingsrepresentant Carl Stousland at det å utsette bestemminga ikkje hindra likbrenningar, då dei likevel vart gjennomført i Sverige. I tillegg kommenterte han at innføring av lova ikkje ville påtvinge motstandarane av likbrenning noko.¹⁸² Vidare i dette møtet vart ordlyden i dei ulike paragrafane drøfta, og den vidare behandlinga av saka vart planlagt.

Den endelege lova

Lova vart endeleg vedteken den 11.juni.1898. Lovteksten var då noko ulik frå den som vart framlagt av regjeringa. Endringane skulle gjere lova meir praktisk og lettare å gjennomføre.¹⁸³ Dette innebar mellom anna at det ikkje skulle vere krav om skriftleg erklæring om ønske om likbrenning, og aldersgrensa for å bestemme om ein ønska likbrenning vart senka frå 18 til 15. For å kunne gjennomføre likbrenning måtte politiet, i følgje paragraf 3, sikre seg at døden ikkje var forårsaka av ei straffbar handling, gjennom tilsyn frå både embetslege og den lege som behandla personen ved siste sjukdom. Det skulle berre gjennomførast likbrenningar i godkjente anstaltar, og oska måtte plasserast i urne som skulle gravast ned på ein kyrkjegard eller settast i eit kapell eller kolumbarium.¹⁸⁴ Månadar etter lova vart vedteken vart ein kommentar frå Norsk Ligbrændingsforening publisert i mellom anna Bergens Aftenblad der dei skreiv at

¹⁷⁹ Okstrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 39.

¹⁸⁰ Okstrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 40.

¹⁸¹ Bergens Ligbrændningsforening (Aarsberetning for 1896-97), Bergens Aftenblad, 9.mars.1898.

¹⁸² Odelstingets Møte 16.april, Bergens Annonce Tidende, 19.april.1898.

¹⁸³ Okstrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 41.

¹⁸⁴ Lov om Ligbrænding, 11te juni 1898.

«Norge er ved denne lov omsider traadt ind i Rækken af de civiliserede Lande».¹⁸⁵ Lova representerte eit stort framsteg for rørsla, men likevel var det ikkje mykje praktisk nytte i denne lova så lenge Noreg ikkje hadde sitt eige krematorium.

Oppføring av krematorium i 1907

Sjølv om lov om likbrenning var vedteken i 1898 måtte ein fortsatt sende dei døde kroppane ut av landet for å bli brent. Kostnaden for denne lange og omfattande reisa endra seg heller ikkje ved innføringa av lova. Dette betydde at å velje likbrenning fortsatt var reservert for dei som hadde god nok økonomi til å betale 142 kroner for å bli brent i Gøteborg. Bergen skulle til slutt få sitt krematorium, og det skulle også bli det første krematoriet i Noreg. I tillegg til dette var krematoriet i Bergen unikt fordi både oppføring og drift var kommunal. Kommunen hadde støtta oppføring av krematorium elles i Skandinavia, men drifta var privat i lang tid. Difor er prosessen mot oppføring av krematorium i Bergen svært interessant, kva gjorde at dei oppnådde målet og kva gjorde at kommunen involverte seg og tok ansvar for krematoriet?

I januar 1899 leverte foreininga søknad til kommunestyret om å oppføre krematorium i byen. I denne søknaden foreslo foreininga ei tomt ved Stadsporten som passande, med forsikring om at anstalten ikkje vil forureine lufta eller vere til fare for buande i nærleiken.¹⁸⁶ Til sommaren hadde saka enda ikkje kome vidare, og Klaus Hanssen tok opp behovet for framgang då kommunestyret i juli diskuterte opparbeiding og planering av det siste stykket av Grønnevikens gravplass. Ordføraren svarte då at ferien kom først, og at saka kunne kome fram til hausten.¹⁸⁷

Innlegg sendt inn til avisene frå andre enn foreininga var på dette tidspunktet sjeldne, men i august kommenterer ein anonym innsendar tilhøva på gravplassane. Her omtalar han oppgraving og flytting av lik på Møllendal, og merkar seg at regelen om å ikkje 'forstyrre' ei grav før etter 30 år ikkje vart overhaldt: «Vi er ikke kommet over Betænelighederne ved Indførelse af Ligbrænding [...], men nægter ikke, et saadant Griseri paa Begravelsespladsen, som Opgravning af mere og mindre forraadnede Lig i mere og mindre skrøbelige Kister».¹⁸⁸ Det er tydeleg at det oppstod reaksjonar på korleis nokre av gravplassane vart drive, som kanskje førte til at tanken om likbrenning ikkje var like dramatisk som først tenkt. Det same kan ein sjå i eit innlegg frå april 1901, der det vart grave i jorda ved Dankert Krohns stiftelse. I denne jorda vart det grave fram leggbein, armbein, og kranium. Innsendaren hadde også sett ei

¹⁸⁵ Fra Norsk Ligbrændingsforening, Bergens Aftenblad, 2.november.1898.

¹⁸⁶ Bergens Aftenblad, 29.januar.1899.

¹⁸⁷ Begravelsesplads, Bergens Aftenblad, 11.juli.1899.

¹⁸⁸ Om Opgravning og flytning af Lig paa Møllendals Begravelsesplads (Indsendt), Bergens Annonce Tidende, 18.august.1899.

lita jente rote i denne jorda for å finne pinnar, ho hadde også plukka med seg bein.¹⁸⁹ Her verka poenget til innsendaren å vere at gravene til forfedrene ikkje vart behandla på ein respektfull måte, dersom ting som dette kunne skje og gå umerka hen. Det kan tenkast at dei som ikkje ønska likbrenning også følte på behovet for eit krematorium, slik at dei som ønska å bli brent kunne gjennomføre det, for å gjere gravplasstilhøva litt betre for dei som ønska jordgravlegging.

Avslått søknad

Søknaden frå foreininga vart til slutt kommentert av Statsingeniøren og deretter sendt til formannskapet, som i oktober 1899 bestemte: «Formandskabet med Flertal har vedtaget at udtale, at man for Tiden ikke finder at burde gaa videre i Sagens Anledning end til eventuelt at indstille paa Afgivelse af fri Grund til et Krematorium». Som kommentar til denne slutninga skriv Schak Bull eit innlegg til avisene. Her reagerer Bull på at ein burde gi alle fri tilgang til valet mellom likbrenning og gravlegging, noko som Noreg og Bergen ikkje hadde før byen fekk eige krematorium. Det vart også peika på at sidan begge metodane var likestilt ved lov, var det kommunen si plikt å sørge for at begge var like lett tilgjengelege. Å tvinge dei som ønskja likbrenning til å bli gravlagt vart omtala som ‘barbarisk’, fordi folk hadde denne preferansen av ein grunn, sannsynlegvis av redsel eller avsky for kva som skjedde i grava. Bull via stor plass i dette innlegget til å appellere til den estetiske sida ved saka, og skapte bilete som skulle vere ubehagelege for lesaren:

Vore Grave er vistnok anlagte efter alle Hygieniske Forskrifter; men viss man kunde skue ind i en af dem – hvilket afskyeligt og i høieste Grad modbydeligt syn vilde man da ikke møde [...] tænk dig da bare, at dit Barn ligger derude paa Kirkegaarden under den vaade, kolde og mørke Jord [...] Du ved, du la ham saa varsomt ned i sin lille Kiste [...], Men saa kommer det stygge Regnet i den lange Nat og risler ned gennem Jorden, dybere og dybere, tilsidst møder det Kistelaaget; men det baner sig Vei mellem Sprækkerne og begynder sit: Dryp, Dryp ned paa de kjære Ansigtstræk, - Dryp, Dryp -, bestandig de same ubarmhjertige Dryp, Dryp -, Freden er borte. Du kan intet forhindre, du kan ikkje mere skjærme ham.¹⁹⁰

Desse sterke verkemidla var meir drastiske enn før, og Bull nytta retoriske verkemiddel som skulle vekke reaksjonar. Han la vekt på at sorga over den døde ville vere den same uansett, og at begge alternativa var fryktelege i augeblikket, men likbrenning var den metoden som raskast ‘gjekk over’. Bull fortset deretter med ei skildring av korleis ei likbrenning i Bergen ville gå føre seg. Denne skildringa sto i stor kontrast til den førre, då mellom anna den flotte og verdige seremonien vert skildra, noko som ikkje var teke med i beretninga om jordgravlegging. Dette kunne vere for å skape eit positivt bilete knytt til likbrenning, men også for å skildre korleis eit

¹⁸⁹ Til det Bergen som Forsvinder, Arbeidet, 12.april.1901.

¹⁹⁰ Ligbrænding contra Begravelse Af S.B, Bergens Aftenblad, 25.oktober.1899.

kapell og krematorium i Bergen kunne sjå ut og fungere. Både orgeltonar og blomsterduft skapte ei heilag og verdig stemning i kapellet, og brenninga vart skildra:

Et Øieblik efter at Ovnens Dør er igjen lukket, slaar Flammerne op omkring Kisten; den forbrænder i ganske kort tid, hvorpaa selve Legemet begynder at brænde med blaalig Flamme uden Røg – som en Straaleglorie om den afdøde [...]. I en af de mange Urne-Nischer rundt Væggene i Kapellet sees kort Tid efter en sirlig Urne med den afdødes Namn. En sortklædt Kvinde kommer langsomt gaaende henimod Stedet, hvor Urnen staar, idet hun leier to Børn ved Haanden, medens et tredie Barn bærer nogle Palmegrene. [...] Den uundgaaelige bitre Sorg og Savnet er bleven tilbage; men hun tænker paa ham som var – ikke i Forbindelse med Kirkegaardens Grufuldhed, men som den ved Iden rensende, forklarede.¹⁹¹

Dette innlegget skil seg frå alle dei andre som var publisert på vegne av foreininga, på den måten at det var svært grafiske skildringar som skulle vekke sterke kjensler i lesaren. Dette innlegget baserte seg nesten utelukkande på patos. Sjølv om argument om estetikk og kjensle hadde blitt presentert før var dette innlegget unikt fordi den teikna svært detaljerte bilete. Innlegget er også eit eksempel på kor lett det var å vri bileta til sin fordel. Ein kunne også ha skrive ei liknande skildring av korleis huda og musklane smelta av skjelettet i likbrenningsomnen, eller skildra den høgtidelege seremonien og kistesenkinga i ei jordgravlegging. Dette vart det siste grepet foreininga tok før dei året etter la nye planar for korleis dei igjen skulle forsøke å få saka gjennom.

Nye planar - Fond og sertifikat

Svaret på søknaden vart igjen reflektert over i årsberetninga for 1899. Medlem i foreininga betalte kontingent utelukkande for interesse, utan å få noko igjen for det, i følgje styret. Det vart igjen planlagt korleis ein kunne forsøke å få krematorium til byen. Foreininga ønskja mellom anna å auke medlemstalet, som hadde stått rimeleg stille, gjennom å opprette ein ny type medlemskap. Desse ville ikkje betale årleg bidrag, men eit innmeldingsgebyr på 1 kr, mot å ikkje ha stemmerett på saker i foreininga. Foreininga hadde samla inn rundt 2000kr som skulle gå mot eit krematorium, og dei ville no forsøke å auke denne summen til rundt 8-10 000 kr. Dei hadde i tillegg eit løfte om gåve på 1000 kr frå Hr. Albert H. Mohn Jr. For at krematoriefondet raskare skulle nå målet foreslo styret å tilby 'kremasjons sertifikat' som skulle gi innehavaren rett til brenning av ein død kropp frå det tidspunkt foreininga eller kommunen hadde satt opp eit krematorium i Bergen. Dette skulle koste 75 kroner, rundt halvparten av prisen for å bli sendt til Sverige. Inntektene frå desse sertifikatata, årsoverskot og gåve skulle gå mot krematoriefondet. Ei skisse av Schak Bull frå 1894 vart nærmare utarbeida, og den skulle vise seg å koste nesten

¹⁹¹ Ligbrænding contra Begravelse Af S.B, Bergens Aftenblad, 25.oktober.1899.

67 000 å realisere. Foreininga såg det som urealistisk å få oppført eit krematorium utan å bidra med minst 8000 kr, og det var difor desse nye konseptar vart vedtatt i 1900.¹⁹²

Noko seinare på året oppfordra foreininga folk til å melde seg inn, spesifikt for å fremje kravet om krematorium og auke fondet. Det vart mellom anna poengtert at folk ofte vil støtte saker, men at økonomien deira ikkje strakk til. I desse tilfella kunne medlemskap til foreiningar hjelpe å realisere saker. Medlemsbidrag vart omtalt som ein 'sosial skatt', som ein var like pliktig til å betale som skatt til staten og byen. Artikkelen ber om fleire medlem, då dei sakna mange som utan tvil måtte vere interessert i saka frå medlemslista.¹⁹³ Foreininga sendte også ut lister der ein kunne donere bidrag mot oppføringa av eit krematorium, for å breiast mogeleg samle støtte både økonomisk og symbolsk.

Vidare arbeid og søknadar

På generalforsamlinga til foreininga i 1902 vart det vedteke at styret skulle betale for oppføring av omnen, i forbindelse med bygging av gravkapell på Møllendal. Eventuelt eit nytt gravkapell, dersom kommunen betalte byggearbeidet. Foreininga hadde no 216 medlemar, ei auke på 40 stk. sidan 1900.¹⁹⁴ Nokre månadar seinare vart eit referat av rekneskapet for Bergen kommune i 1901 publisert i Bergens Tidende. Der kom det fram at dei kommunale gravplassane og drift kosta meir enn forventa, då det årleg vart gravlagt ca.1230 døde, noko som kosta kommunen 13 kr per kropp. Utgiftene tilknytt innkjøp av jord og opparbeidinga av gravplassar var også svært betydelege. Her vart det kommentert at «[...] er det vistnok sandsynlig, at en Overgang frå den nu brugelige Begravelsesmaade til Ligbrænding vilde vise sig økonomisk fordelaktig, foruden at Indførelsen af Ligbrænding ogsaa anbefaler sig af æsthetiske og hygieniske Hensyn.» I tillegg kommenterte den ukjende forfattaren at saka har stått i stampe, og at mange år hadde gått sidan Klaus Hanssen hadde retta spørsmålet til kommunestyret. Avsnittet vart avslutta slik «Vi vil henstille til Overlægen paany at efterlyse Sagen».¹⁹⁵ Krematoriesaka fekk dermed offentleg støtte i referat av rekneskapet til kommunen. Det er uklart kven som har formulert dette referatet.

I slutten av 1902 sendte foreininga søknaden om at eit krematorium skulle førast opp i kapellet på Møllendal gravplass. Foreininga kommenterer i avisene at det skulle tale for at kommunen skulle godta tilbodet. Det vart igjen minna om korleis ei likbrenning føregjekk: blomsterprakt,

¹⁹² Bergen Ligbrændingsforening Aarsberetning, Bergens Tidende, 6.juni.1900.

¹⁹³ Bergens Tidende, 18.oktober.1900.

¹⁹⁴ Generalforsamling, Bergens Tidende, 24.mai.1902.

¹⁹⁵ Bergens kommuneregnskap for 1901, Bergens Tidende, 3.oktober.1902.

seremoniar og ingen flammor rører kroppen. Økonomien var også kommentert, at tilbødet som hadde vore til då var utilgjengeleg for mange, men med ein omn i Bergen ville kostnadane senkast, både for kommunen og familiane.¹⁹⁶ I samanheng med søknaden vart det kommunisert og diskutert mellom foreininga, magistrat og formannskap. Foreininga skreiv til magistraten at den originale planen om eit eige kapell var for dyr, og at dei no ville ha seremonien i det eksisterande gravkapell, då med luke i golvet og omn i kjellar eller tilbygg. På dette tidspunktet kunne foreininga disponere 4000 kr og yte tilskot opp til 7000kr seinare. I søknaden vart det også gjort tydeleg at 7000 ikkje ville vere nok, og at foreininga difor var avhengig av støtte frå kommunen for å kunne oppføre og drifte omnen.¹⁹⁷ Formannskapet svarte at dei stilte seg velvillig til saka, men ikkje kunne ta eit standpunkt på dåverande tidspunkt. Dei førespurde nærare planar og omkostningsoverslag frå foreininga, og spesielt svar på korleis urnene skulle bli oppbevart. Foreininga spesifiserte i søknaden sin at dei kunne legge planar og undersøke prisoverslag, men ikkje før dei var sikre på at kommunen ikkje viste motstand til forslaget.¹⁹⁸ Sidan formannskapet hadde uttalt seg velvillig og interessert kunne foreininga samle meir informasjon. Dei informerte om at dersom krematoriet vart oppført innan eit år ville Schak Bull utføre arkitektheikningar tilsvarande 1400kr gratis, som auka foreininga sitt totale bidrag til 8400kr.¹⁹⁹

Planane som foreininga utarbeida var svært omfattande, plassering av krematorium, omnsystem, driftskostnadar og oskeplassering var gjort greie for. Her anbefalte foreininga Klingenstierna-Beck omnen, ein forbetra versjon av Klingenstierna omnen som var i bruk i Gøteborg. Kostnaden av ei likbrenning, inkludert betjening, brensel, reparasjonar osv. var rekna til 23 kroner. Dersom fleire brenningar tok til etter kvarandre, medan omnen fortsatt var varm, ville kostnaden gå ned til 10 kroner. Når det gjaldt plassering av oska, presenterte foreininga reglane i Hamburg, som dei såg på som passande. Der kunne oska bli plassert i jorda, i private mausoleum eller i gravplassbygningane i open eller lukka nisje. Den kunne også bli levert til dei pårørande, for oppbevaring i heimen. Oska vart då forseгла og kunne ikkje forlate Hamburg. Foreininga kommenterte at i Bergen ville det i første omgang berre vere aktuelt å plassere oska i bakken, så lenge det ikkje var kolumbarium tilgjengeleg. Sidan oske ikkje stilte krav om jordkvalitet eller drenering, kunne dei difor plasserast på jordstykke som ikkje var eigna for

¹⁹⁶ Bergens Aftenblad, 22.desember.1902.

¹⁹⁷ Bergens kommuneforhandlingar 1904, bind I. Bergen Byarkiv: BBA/A-003/Ad/L0070 s.535

¹⁹⁸ Bergens kommuneforhandlingar 1904, bind I, s.536

¹⁹⁹ Et Krematorium i Bergen, 3.januar.1903.

jordgravlegging. Eit eksempel på eit slikt stykke var mellom Fjæreveien og Møllendalselva, som kunne ha plass til 1200 urner.²⁰⁰

Forkasta i formannskapet, vedtatt i kommunestyret

Det skulle ikkje vere før i slutten av 1904, to år etter planane var sendt inn, at søknaden om løyvingar til oppføring av krematorium vart behandla. Erklæringar frå statsingeniørkontoret, statskonduktørkontoret og sunnheitskommisjonen vart henta inn i forkant. Statsingeniøren hadde rekna ut kostnader, og la fram at ei jordgravlegging kosta kommunen 21,86 kr medan ei likbrenning ville koste 28,11 kr. Statsarkitekten uttalte at det beste ville vere å plassere omnen i kjellaren i det eksisterande kapellet, som ville koste 18000 kr. Sunnheitskommisjonen svarte at der ikkje var noko å utsette på planane lagt fram av likbrenningsforeininga. 3 av dei 6 medlemmane i kommisjonen meinte at likbrenning ikkje var eit krav frå eit sanitært standpunkt, medan dei 3 andre såg på likbrenning som ønskeleg både på grunn av hygiene og andre argument.²⁰¹ I forarbeidet vart Haukeland gravplass vurdert som alternativ til Møllendal, og dei tre alternativa var til slutt: Krematorium og nytt gravkapell på Haukeland til 37600 kr, Krematorium som tilbygg til Møllendal gravkapell til 22240 kr, eller krematorium i kjellaren til gravkapellet på Møllendal til 18500kr. Formannskapet såg på det billigaste alternativet som det beste, då dette ville vere mest gunstig for kommunen, og teikningane frå Bull til ein verdi av 1400 kr berre var tilpassa det siste alternativet.²⁰² Det vart kommentert at omkostningane for ei likbrenning ville bli 23 kroner, dette var talet frå likbrenningsforeininga, og talet frå statsingeniøren ser ikkje ut til å vere brukt. Dersom kostnaden for kommunen vart 23kr, meinte formannskapet at dette kunne føre til at likbrenningar ga overskot. Det vart kommentert at i Gøteborg var prisen for å bli brent 100kr, og at Bergen dermed kunne legge seg på ein pris godt over 23 kroner, som ville dekke alle utgifter og gi inntekter. Før forslaget om å løyve pengar til oppføring av krematorium på Møllendal skulle stemmast over, hadde statsingeniøren endra sitt tidlegare reknestykke, og satt prisoverslaget for jordgravlegging ned frå 21,86 til 17,86 kr.²⁰³ Dermed verka likbrenning enda dyrare enn først foreslått av statsingeniøren.

Magistraten la fram eit forslag om løyvingar på 11500 kroner frå bykassen sitt lånefond til oppføring av omn i kjellaren og skur for reiskap på Møllendal gravplass. Formannskapet skulle stemme over dette forslaget. Dei behandla saka i November 1904 og innstillinga vart forkasta

²⁰⁰ Bergens Annonce Tidende, 6.januar.1902.

²⁰¹ Bergens kommuneforhandlinger 1904, bind I, s.537.

²⁰² Bergens kommuneforhandlinger 1904, bind I, s.539.

²⁰³ Bergens kommuneforhandlinger 1904, bind I, s.540.

med 10 mot 8 stemmer.²⁰⁴ Det verka utydeleg kvifor formannskapet no hadde majoriteten mot dette forslaget, sidan dei tidlegare stilte seg velvillig til saka. Kommuneforhandlingane viser fleire grunnar for at majoriteten hadde innvendingar. Mellom anna var det fleire som meinte at saka ikkje var tilstrekkeleg utreia, medan andre av dei som stemte mot var prinsipielt mot likbrenning og oppføring av krematorium. Det vart også kommentert at mange i formannskapet hadde ei oppfatning om at drifta og oppføringa av krematoriet ville vise seg å koste kommunen mykje meir enn kva planane foreslo.²⁰⁵ Minoriteten forlengte at saka skulle bli presentert for kommunestyret og uttrykte eit ønske om at magistraten sin innstilling skulle bli vedtatt der.²⁰⁶ Mindretalet kommenterte også at byen burde nytte seg av denne mogelegheita til å få oppføre eit krematorium, på bakgrunn av fleire argument: For det første ville tilbodet bli meir populært dersom det var lokalt tilgjengeleg og ikkje kravde høg betaling og omfattande transport. For det andre ville det ha ein gunstig økonomisk effekt, då ein kunne unngå å måtte skaffe kostbare areal til gravplassar. Til slutt vart det argumentert for at likbrenning no var reservert dei rikaste, og dersom det vart tilgjengeleg ville populariteten auke og kostnadane per brenning gå ned på grunn av redusert kostnad for brensel osv. Minoriteten avslutta med å seie at «Vil man have et Krematorium for vor By, maa det helt igjennem være en kommunal Institusjon».²⁰⁷

Ein knapp månad seinare, i desember 1904, kom saka opp i kommunestyret. Ordføraren Johan Ludwig Mowinckel tok opp saka for styret og kommenterte at «Denne gode Sag nu kunde gennemføres med rimelig Bekostning». Han hadde fått beskjed frå foreininga at dei auka bidraget sitt frå 7 til 8000 kroner, og det kommunale bidrag no måtte vere 10500 kroner. Kommunestyrerepresentant Lorenzen kommenterte at foreininga sitt medlemstal var lågt, og mellom anna at sunnheitskommisjonen hadde uttalt seg mot likbrenning. Sokneprest Brun var av same inntrykk, at saka hadde for få tilhengjarar. Axel Irgens meinte at kommunen måtte legge til rette for at folk kunne velje, men at det kommunale bidraget burde vere halvvert. Klaus Hanssen og Doktor Lie støtta ordføraren. Lie nemnde også at kommentaren frå sunnheitskommisjonen var fatta med 3 mot 3 stemmer, og var tydeleg driven av kjensler heller enn reelle omsyn. Sjølv om saka vart forkasta i formannskapet, vedtok kommunestyret magistratens forslag med 35 mot 31 stemmer.²⁰⁸

²⁰⁴ Bergens kommuneforhandlinger 1904, bind I, s.540.

²⁰⁵ Bergens kommuneforhandlinger 1904, bind I, s.541.

²⁰⁶ Kommunalt, Bergens Aftenblad, 24 november.1904.

²⁰⁷ Bergens kommuneforhandlinger 1904, bind I, s.542.

²⁰⁸ Kommunestyret, Bergens Aftenblad, 20.desember.1904.

I åra som følgde, 1905 og 1906, var det svært få oppdateringar om krematoriesaka i avisene. I byarkivet kan ein sjå at arbeidet likevel heldt fram. 4 januar 1905 oppnemnte formannskapet ein byggekommité til å administrere oppføring og innreiing av krematoriet. Denne komitéen bestod av arkitekt og formann i likbrenningsforeininga Schak Bull, overlege Hans Peter Lie, og stadskonduktør Tønnessen. Bull hadde som kjent stått i spissen for saka sidan stiftinga av foreininga i 1892, og hadde dermed mykje oppsamla kunnskap. Han var også nyttig i dette arbeidet då han var utdanna arkitekt. Overlege Lie var med i kommunestyret då magistratens forslag vart vedteke og uttrykte tydeleg støtte for saka, og han kunne bidra med hygieniske innspel. Stadskonduktøren jobba for kommunen med bygningsplanlegging og liknande. Protokollane detaljerte dei ulike vala av mellom anna arbeidarar og materiale, og kostnadane av desse. Mellom anna vart Klingensstierna-Bech omnen bestilt og montert av firmaet Gebrüder i Offenbach.²⁰⁹

Mai 1906 vart det kjent at det i statsråd vart gitt godkjenning til kommunestyret sitt vedtak om krematorium i Bergen. Her vart det presisert at krematoriet vart oppført etter initiativ av Bergens Ligbrændingsforening.²¹⁰ Ein månad seinare vart det klart at godkjenninga kom på det vilkåret at gravkapellet ikkje skulle nyttast til å oppbevare urner, då paragraf 4 i likbrenningslova presiserte at urna skulle setjast ned i jorda eller stillast i eit rom som var innretta og godkjent for denne bruk. Dette verka ikkje å ha vore til noko hindring for planane, då Bull tidlegare hadde påpeika at å gravlegge urnene var det mest passande. Prosessen vidare gjekk tilsynelatande utan særlege hindringar eller problem, avisene skreiv lite, og byggekommitéen arbeidde vidare med planane og bygginga.

Krematoriet står ferdig

Likbrenningsforeininga i Bergen hadde generalforsamling i januar 1907. Her reflekterte dei over arbeidet dei hadde gjort for å gi byen eit krematorium og kommenterte at det ville stå ferdig om eit par månadar. Fondet sto på 8043 kroner, og dei ville dermed kunne betale sitt bidrag mot krematoriet utan å ta opp lån.²¹¹ Krematoriet sto ferdig som antyda i mars, då formannskapet fekk beskjed om at justisdepartementet hadde godkjent vedtektene for likbrenning. Dei ga samtidig godkjenning til at kroppen til kjøpmann Gerhard Stoltz kunne brennast, dersom det først vart gjennomført ei prøvebrenning.²¹² Berre få dagar seinare vart ei ku bestående av 60 kg kjøt og 35 kg innvollar, brent i krematoriet. Sunnheitskommisjonen,

²⁰⁹ Byggekommiteen for Møllendal Krematorium. Bergen Byarkiv: BBA/A-3942/A/L0001.

²¹⁰ Bergens Annonce Tidende, 23.mai.1906.

²¹¹ Bergens Ligbrændingsforening, Bergens Annonce Tidende, 23.januar.1907.

²¹² Arbeidet, 27.mars.1907.

legar og prestar oversåg prosessen, saman med montørane av omnen og likbrenningsforeininga. Kua var plassert i ei kiste, og brenninga føregjekk akkurat som den ville med eit menneske. Brenninga gjekk som planlagt og ga grønt lys for å nytte omnen til å brenne menneskekroppar.²¹³ I anledning denne prøvebrenninga heldt Schak Bull ei tale som reflekterte over historia til foreininga, og kva dei hadde oppnådd. Bull takka bystyret og kommunen for sin medverknad og velvilje, og «den Forstaaelse og Behjertethed, som karakteriserer Gjennemførelsen». Han avslutta talen med å uttrykke eit håp om at Bergen no hadde fått eit «fuldt tidsmæsig og værdigt Krematorium».

Vidare kunne ein lese om at krematoriet vart tatt i bruk. Kroppen til Gerhard Stoltz II var den første som vart brent i kjellaren til kapellet. Det gjekk ikkje lang tid før neste kropp vart brent, denne gangen ei kvinne, Christiane Cathrine Busch.²¹⁴ Alle brenningane hadde gått som planlagt og blitt omtala svært nøytralt av avisene i Bergen. Den tredje brenninga gjekk derimot ikkje som planlagt, då forhandlingsprotokollar frå Bergens kirkelige fellesråd kan avsløre at omnen ikkje «fungerede tilfredsstillende».²¹⁵ Det vart ikkje presisert akkurat kva som var problemet, men kremasjonsprotokollane viser at neste og fjerde brenning ikkje skjedde før 83 dagar etter den tredje.²¹⁶ Det er verdt å merke at denne feilen ikkje vart rapportert om i nokon av avisene. Kroppen som vart brent når denne feilen var oppdaga var sorenskrivar Harald Emil Major, som ikkje var innbyggjar i Bergen. Bergens Aftenblad annonserte til og med i forkant at «Sorenskriver Majors lig skal brennes her i Bergen neste Lørdag.»²¹⁷ Ei seinare oppdatering om denne brenninga kom likevel ikkje, truleg fordi den ikkje gjekk som planlagt. Sannsynlegvis vart denne feilen ikkje snakka særleg høgt om fordi det kunne skade omdømet til den nyoppsette omnen, som trengde å framstå som eit attraktivt val for å fortsette drifta.

Berre tre månadar etter krematoriet først vart teke i bruk, annonserte avisene at likbrenning skulle vere gratis for bergensarane.²¹⁸ Verdt å merke var dette mellom den tredje og fjerde brenninga, då omnen var stengt på grunn av ein teknisk feil, men det er vanskeleg å vite om dette hadde noko med kunngjeringa å gjere. Kunngjeringa kom nokre veker etter at krematoriet var formelt avgjort ferdigstilt av byggekomiteen, og overlevert til kommunale myndigheiter. For personar utanfor kommunen kosta ei likbrenning 30 kroner, og 10 kroner for eventuell

²¹³ Prøvebrønding på Krematoriet, Arbeidet, 3.april.1907.

²¹⁴ Byggekomiteen for Møllendal Krematorium. Bergen Byarkiv.


²¹⁵ Forhandlingsprotokoller vedrørende begravelsesvesenet 1906-1968, Bergens kirkelige fellesråd. Bergen Byarkiv: BBA/A-0096/A/Ab/Aba

²¹⁶ Kremasjonsprotokoll for Møllendal krematorium 1907-1928. Bergen kirkelige fellesråd.

²¹⁷ Bergens Aftenblad, 20.april.1907.

²¹⁸ Krematoriet, Bergens Aftenblad, 2.juli.1907.

oskegravstad.²¹⁹ Grunngevinga for denne bestemminga har ikkje vore mogeleg å finne. Dette betydde at kostnaden for likbrenning på svært kort tid gjekk frå 142 kroner til å vere gratis. Då det første krematoriet opna i Kristiania i 1909 var likbrenning langt frå gratis. Å bli brent i krematoriet på Vestre gravlund kosta mellom 40 og 80 kroner, basert på bustad og medlemsstatus i foreininga.²²⁰ Kristiania sitt krematorium var eigd og drifta av det private, på same måte som dei andre krematoria i Skandinavia. Ei likbrenning i København kunne koste mellom 100 og 135 kroner, nesten det same som ein bergensar måtte betale for å bli sendt til Sverige og tilbake for å bli brent.²²¹ På denne måten var krematoriet i Bergen svært unikt, då det var kommunen som dreiv det. Det første året med krematoriet i drift vart det brent 13 kroppar, eit tal som skulle doble seg året etter. Etter tre år med drift hadde krematoriet på Møllendal gjennomført 70 likbrenningar.²²²



Når det kom til det estetiske og arkitektoniske, var det ikkje mykje som tyda på at likbrenning var innført i Bergen. Sidan omnen vart plassert i kjellaren til det eksisterande gravkapell, var det ingen nye bygningar oppført utanom eit reiskapskur for arbeidarane. Sjølv om bygget fekk ein funksjon som ingen andre bygg i Noreg før hadde hatt, var det lite som viste denne endringa på utsida og inne i seremonirommet. På utsida av gravkapellet kunne ein sjå ein tynn, høg

²¹⁹ Tillæg for Reglement for Bergens kommunale Begravelsespladse angaaende ligbrænding ved det kommunale krematorium, (1906-1929). Kirke og begravelsesvesenet. Bergen Byarkiv: BBA/A-0096/Y2.

²²⁰ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 70.

²²¹ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 71.

²²² Kremasjonsprotokoll for Møllendal krematorium 1907-1928. Bergen kirkelige fellelsråd.

teglskorstein.²²³ Denne stakk eit stykke opp over taket, og kan seiast å vere det mest tydelege teiknet på den nye innretninga i kjellaren. I seremonirommet var det berre luka i golvet som kunne avsløre kva som skjedde i etasjen under, då kista skulle senkast ned denne dersom personen skulle brennast. Ein kan seie at det var ein internasjonal debatt rundt korleis ein skulle bygge krematorium, kva stil skulle dei byggast i, og i kva grad skulle funksjonen til bygget vere tydeleg eller gøymd. Kapellet i Bergen var bygd i ein stil som likna vanlege norske soknekyrkjer, då funksjonen til gravkapella var å verke som ei kyrkje på gravplassane som låg langt vekk frå dei faktiske kyrkjene.²²⁴ Sidan omnen var plassert i dette bygget skilde det seg ikkje ut som ‘noko nytt’.

Krematoriet oppført i Stockholm i 1890 skilde seg mykje frå Bergen, då bygget var oppført i nyromansk stil. Dette krematoriet var utforma som ei likearma krosskyrkje med ein stor kuppel i midten, som Pedersen påstår å vere delvis inspirert av den italienske renessansen.²²⁵ København oppførte ei bygning i 1907 som skulle fungere som krematorium, dette var ei stor prangande bygning med kuppel. Krematoriet henta inspirasjon frå den romerske antikken, og likna på gravbygningar frå perioden.²²⁶ Då Kristiania fekk krematorium førte dei også opp eit eige bygg. Dette var sirkulært med eit lavt kjegleforma tak, som Pedersen også ser på som inspirert av romerske gravbygningar.²²⁷ Andre krematorium i Skandinavia skilde seg dermed meir ut enn det skorsteinen i Møllendal kapell kan seiast å ha gjort. Dette var ei eksisterande bygning som stilmessig likna mest på samtidige typiske kristne kyrkjer. Krematoria som vart oppført frå grunnen av peika mot antikken og romersk kultur, noko som skil seg meir ut frå kyrkjer og kapell. Stilretninga kan seiast å kople funksjonen til bygget opp mot historia til likbrenning, då likbrenning har nokre av sine røter i romersk historie.

Eit anna aspekt som kunne hatt ein innverknad på likbrenningsaka var korleis urnene vart plassert. Sjølv om det var mykje snakk om at ein kunne sette urner i nisjar i korrekt innretta rom, fekk ikkje Bergen kolumbarium før Solheim kapell vart oppført med kolumbarium i 1920.²²⁸ Dette betydde at i all hovudsak vart urnene satt ned i bakken på same måte som ved jordgravlegging. Det vart difor svært vanskeleg å visuelt identifisere kven som hadde vald kva. Ein hadde gravstein som vanleg, eller var inkludert på familiegravsteinen. Dersom Bergen hadde hatt eit kolumbarium frå starten av, ville personane hatt mogelegheita for å velje om dei

²²³ Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet», 53.

²²⁴ Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet», 53.

²²⁵ Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet», 50.

²²⁶ Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet», 49.

²²⁷ Pedersen, «Mellom tradisjon og modernitet», 56.

²²⁸ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 77.

ville settast i nisje eller i bakken. Då ville vertfall nokre av dei som valde likbrenning vere meir ‘synlege’, og skiljet ville blitt klarare. Dette kunne hatt ein innverknad både på dei som vurderte likbrenning, men også dei som var mot det. Der er også unntak, då ikkje alle urnene vart plassert i bakken. D.C Danielssen sin urne er kjent for å ha blitt plassert i sokkelen på bysta hans i Universitetsmuseet.²²⁹ Dette er naturleg med tanke på at han vart brent i 1894, før Noreg fekk lov og reglar for korleis ein kunne oppbevare urner. Likevel ser ein at Armauer Hansen, som vart brent i 1912, også vart plassert i sokkelen på ei portrettbyste, som står i hagen til Universitetsmuseet. Lov om likbrenning spesifiserte at urner måtte plasserast i bakken eller i godkjent kolumbarium eller kapell, men ga også mogelegheit for å oppbevare oska på andre måtar, då med spesial godkjenning frå ‘Kongen eller den, han bemyndiger’.²³⁰ I Bergen sitt tilfelle var det Kyrkjetilsynet som måtte gi godkjenning. Kremasjonsprotokollane loggførte kva som skjedde med oska, og dei aller fleste urnene er satt ned på gravplassar. Nokre vart utlevert til pårørande, men dette var hovudsakleg i tilfelle der den avdøde var frå ein anna plass i landet.²³¹

Bergens Ligbrændingsforening vart oppløyst i 1922, og ein komité vart oppretta for å anvende midla frå foreininga på ein god måte.²³² Hovudsakleg var den originale oppgåva til foreininga å endre haldningane folk hadde til likbrenning, kanskje var dette på eit vis oppnådd, og lite motstand var igjen i samfunnet. Foreininga hadde skaffa innbyggjarane i Bergen eit krematorium, som til og med var gratis. To år før hadde Solheim kapell blitt oppført, med Noregs første kolumbarium, og talet på brente i 1921 var 116 stk.²³³ Sjølv om foreininga var oppløyst vart det installert ein likbrenningsomn i Solheim kapell i 1939, og talet på likbrenningar fortsatt å auke.

Oppsummering

Foreiningane i Kristiania og Bergen vart oppretta med kort tids mellomrom. Spørsmålet om likbrenning vart med tid meir relevant for Noreg på grunn av utviklinga i andre land, også nabolanda Sverige og Danmark. Med det ein kunne kalle ei ‘avdeling’ på Aust- og ei på Vestlandet gjekk foreiningane strategisk fram for å innføre lov om likbrenning i Noreg. Kristiania hadde hovudsakleg i oppgåve å arbeide med lova, medan Bergen skulle forsøke å påverke

²²⁹ Bysta er no flytta vekk frå sin originale plass, til eit rom mellom Museet og kafeen. Urna står att under golvet, som vart heva under oppussinga av bygget, med ein minneplakett over.

²³⁰ Lov om Ligbrænding, 11te Juni 1898.

²³¹ Kremasjonsprotokoll for Møllendal krematorium 1907-1928. Bergen kirkelige fellelsråd.

²³² Ligbrændingsforeningen opløst, Morgenavisen, 18.februar.1922.

²³³ Kremasjonsprotokoll for Møllendal krematorium 1907-1928. Bergen kirkelige fellelsråd.

haldningane, fordommar og feilinformasjon i samfunnet. Foreininga i Bergen var også involvert i arbeidet for lova, då fleire av medlemmane hadde direkte eller indirekte påverknadskraft i Stortinget. Elles vart avisene ein av dei viktigaste kanalane for foreininga, når det kom til folkeopplysning. Her kunne dei nå ut til mange fleire enn ved å for eksempel halde forelesningar, der berre dei som allereie var spesielt interessert ville gå. Ved å både publisere nyhende frå utlandet og informasjon om saka sin framgang i Noreg hyppig, arbeida foreininga i Bergen aktivt mot å gjere temaet meir tilgjengeleg og mindre ufarleg. Gjennom mellom anna å skildre korleis ei likbrenning føregjekk, skulle tanken verke mindre skremmande. Dette arbeidet føregjekk også etter lova av 1898 og oppføring av krematorium i 1907, nemleg fordi folkeopplysning og haldningsendring var avgjerande for foreininga og saka.

Foreininga la også til rette for likbrenningar i utlandet då Noreg ikkje hadde krematorium sjølv, både før og etter lova vart innført. Å innføre lova var ein forutsetnad for å kunne føre opp eit krematorium i landet. Sjølv om lova vart vedteken i 1898, måtte foreininga arbeide aktivt over fleire år før Noreg fekk sitt første krematorium i 1907. Her var arbeidet for å informere om saka viktig, då dei til slutt var avhengig av pengedonasjonar frå bergensarane. Spesielt for likbrenningssaka er at det er ei teneste, eller eit frivillig alternativ, som skal brukast av befolkninga. Det er difor avgjerande at folket ønskja å bruke likbrenning som alternativ for at det i det heile tatt skulle eksistere. Krematoriet i Bergen skilde seg frå alle andre krematorium i Skandinavia ved å vere drifta og eigd av kommunen, og ved å vere eit gratis alternativ for innbyggjarane. Sjølv om vi kan sjå at tala for krematoriet ikkje var spesielt høge samanlikna med gravlagde, var dette nok til å holde det gratis og tilgjengeleg for alle.

Bergen skilde seg ut sidan likbrenningsomnen vart oppført i eit eksisterande kapell. I mange andre land bygde dei nye bygg, og desse var ofte oppført i ein stil som skilde seg frå tradisjonelle kyrkjer. Dette gjorde at funksjonen til bygge vart meir innlysande, medan omnen i Møllendal kapell viste lite igjen i landskapet. Mangelen på kolumbarium førte til mindre openheit og fjerna mogelegheita for å visuelt sjå korleis ein død, kropp brent og oppbevart i ei urne, såg ut. På ein måte kunne det føre til at likbrenning fekk mindre motstand, fordi det ikkje vart like innlysande. På ein anna måte kunne forkjemparane sett på det som ei ulempe, å ha eit valalternativ mindre og ikkje få gjort valet sitt og saka like tydeleg.

Kapittel 5 – Personar i rørsla

Bergens Ligbrændingsforening var avhengig av støtte frå medlemmane. I årsberetningane vart det rapportert om talet på medlemmar og inntektene dei ga. Mellom anna hadde foreininga 216 medlemmar i 1902. Oversikta over menneska som valde å vere medlem er ikkje bevart, og difor må andre kjelder nyttast for å få eit inntrykk av kven det var som støtta likbrenningssaka. I tillegg til å vere medlem kunne ein opprette ei ‘tilkjendegiving’. Dette var eit dokument ein kunne signere, med to vitne, som viste at ein ønska å bli brent. Før Bergen fekk eige krematorium, spesifiserte tilkjendegivingane kostnadane for å bli sendt til Sverige for å bli brent (Vedlegg 1.1). Etter omnen vart oppført, vart kostnadane fjerna frå dokumentet og ein ny tekst lagt til (Vedlegg 1.2). Denne teksten uttrykte at likbrenningar i nokre tilfelle hadde blitt hindra på grunn av ‘Ukjentskab til lovens fordringer’.²³⁴ Foreininga presiserte derfor fordringane i lova, for å forsikre seg om at alt skulle liggje til rette for å få gjennomført ønsket sitt.

Av alle tilkjendegivingane som vart oppretta er det 59 stk spreidd mellom 1893 og 1914 som er arkivert. Dette er sannsynlegvis eit svært lite og tilfeldig utval av totalen. Årsberetninga til foreininga rapporterer at totalt 25 personar hadde skrive under og levert inn tilkjendegiving til og med 1895.²³⁵ Dette talet var 35 i 1896²³⁶ og 36 i 1900.²³⁷ I arkivet kan ein finne 10 tilkjendegivinga frå tidsrommet 1893 til og med 1900. Det er også viktig å merke at tilkjendegivingane ikkje var synonyme med medlemskap, då ein kunne vere medlem utan å ha dette dokumentet. Tilkjendegivingane gir likevel ei innsikt i nokre av menneska som engasjerte seg for likbrenningssaka. Fleire namn er også tilgjengeleg gjennom aviser og liknande. Dette materiale kombinert vil kunne gi eit generelt bilete på kven som var involvert i saka, enten gjennom aktivt arbeid for foreininga, eller gjennom eit uttrykt ønske om å bli brent. Ei liknande skildring av dei som var mot likbrenning vert ikkje gjort. Hovudsakleg fordi oppgåva omhandlar dei som kjempa for saka, men også fordi motstandarane var mindre synlege. Kjeldegrunnlaget for desse menneska ville vore avisene, men dei som kom med argument mot likbrenning var svært sjeldan identifisert. Dette kapittelet vil først presenterte statistikken som er laga basert på tilkjendegivingane: kjønn, alder og yrke. Deretter vil nettverk i form av familiar og profesjonelle relasjonar bli analysert. Til slutt vert dei ulike variasjonane innan det politisk og religiøse synet til folk som engasjerte seg i rørsla bli drøfta.

²³⁴ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrenningsforening. Bergen Byarkiv.

²³⁵ Bergens Ligbrændingsforening, Bergens Aftenblad, 30.mars.1895.

²³⁶ Bergens Annonce Tidende, 29.april.1896.

²³⁷ Bergens Ligbrændingforenings Aarsberetning, Bergens Tidende, 6.juni.1900.

Statistikk

Statistikken som er samanfatta av tilkjendegivingane gir eit grovt inntrykk av kjønn, alder og yrke. Informasjonen er henta frå tilkjendegivingane og Digitalarkivet. Det er ikkje alltid mogeleg å vere heilt sikker på at ein har funne rett person i Digitalarkivet. Mange av namna er svært vanlege namn, andre namn er brukt over fleire generasjonar, og i andre tilfelle er berre forbokstaven i fornamnet oppgitt i kjeldene. Difor er noko av statistikken merka som ukjent eller ubestemt, då det enten ikkje er oppgitt, mogeleg å lese av, eller mogeleg å bekrefte i Digitalarkivet. Diagramma vil gi eit bilete av menneska som ønska likbrenning, men det er også eit så lite utval at det ikkje nødvendigvis er mogeleg å trekke nokon definitive slutningar frå denne statistikken. Likevel kan det smale utvalet i kombinasjon med mellom anna funna til Oksrød om foreininga i Kristiania hjelpe å skape ei viss oversikt.

Kjønn

Når det kjem til kjønn i tilkjendegivingane kan ein sjå at menn er høgast representert. Mellom anna er også alle signerte debattinnlegg, forelesningar og artiklar, som leda opp til stiftinga av dei norske foreiningane, skriven av menn. Invitasjonen til stifting av foreining i Bergen er skriven under av 37 menn, noko som kan tyde på at dette engasjementet vart starta i eit miljø der det ikkje var mange kvinner involvert. På 1800-talet var det svært vanleg at mann- og kvinnesfærene var separate, både i arbeidslivet og det sosiale og kulturelle.²³⁸ Ei kvinne får likevel plass i styret til foreininga, fru Anna Steineger, lærarinne og politiskar. Ved å sitte i styre, var Steineger sitt engasjement meir offentleg og aktivt enn dei som var medlem, eller hadde ei tilkjendegiving. Kjønnfordelinga på tilkjendegivingane er interessante fordi det kan gi eit inntrykk av korleis saka nådde fram til folk, og kven som tok eit aktivt val for å bli brent.

Av totalt 59 personar oppretta 41 menn og 18 kvinner eit dokument med ønske om at kroppen deira skulle bli brent. Menn er representert over dobbelt så mange gangar som kvinnene. Kva av dokumenta som vart teke vare på er sannsynlegvis tilfeldig, og dermed kan ikkje denne fordelinga seiast å vere representativ for verkelegheita. Dersom ein set det opp mot det einaste som kan samanliknast, medlemslistene til Norsk Ligbrændingsforening, finner Oksrød at majoriteten i desse listene er menn.²³⁹ Dette kan peike mot at det sannsynlegvis var på same måte i Bergen, sjølv om kjeldegrunlaget er svakt.

²³⁸ Ida Blom and Sølvi Sogner, eds., *Med kjønnsperspektiv på norsk historie - Fra vikingtid til 2000-årsskifte*, 2. Utg. (Oslo: Cappelen Akademiske Forlag, 2014), 208.

²³⁹ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 25.

Det neste diagrammet viser kjønnsfordelinga av vitna på tilkjendegivingane. Ein kan ikkje nødvendigvis påstå at vitna på tilkjendegivingane var engasjert eller involvert i likbrenningsrørsla, men det er lite sannsynleg at ein person som var mot ideen skulle vitne på eit slikt dokument og legge til rette for likbrenningar.





Fig 1.1: Prosentvis fordeling av kva kjønn som vitna på menn og kvinner sin tilkjendegiving, av 118 vitne fordelt på 59 tilkjendegivingar.²⁴⁰

Ein kan igjen sjå at menn er representert oftare enn kvinner. Det viser seg at det er flest kvinner som vitnar på andre kvinner sine tilkjendegivingar, medan færre kvinner vitnar for menn. Det er ein stor del ukjente vitnar for mennene, men det er stor sannsyn at dei aller fleste av desse er menn, då mange har ført ned typiske ‘manneyrker’, men namna ikkje er mogelege å tyde og kjønn dermed ikkje er bekrefta. Grunnlaget for kjønnsfordelinga som kjem fram i dette diagrammet kan hovudsakleg skyldast nettverka til dei som ønska å bli brent. Mange av vitna har same yrkestittel som den som oppretta dokumentet, som kan bety at dei nytta nettverka på arbeidsplassen sin for å få vitne. I mange andre tilfelle er vitna i slekt med tilkjendegivaren. Andre har vitne som tydeleg høyrer til same miljø kulturelt og sosialt, medan andre har underskrifter av tenestejenter og arbeidstakarar. Nettverk vil bli nærare drøfta seinare i kapitlet.

²⁴⁰ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrendingsforening. Bergen Byarkiv.

Alder

Eit aspekt ved tilkjendegivingane som kanskje gir meir informasjon om rørsla er kor gamle dei som oppretta ei tilkjendegiving var. Sidan verken alder eller fødselsår er oppgitt på dokumenta er informasjonen henta frå Digitalarkivet, og det er difor ein større del med ukjent alder. Mange av personane er ikkje mogeleg å identifisere med sikkerheit i Digitalarkivet, noko som gjer at det allereie mangelfulle statistikkgrunlaget blir litt smalare.



Figur 1.2: Antal menn og kvinner innan dei ulike aldersgruppene, totalt 59 personer.²⁴¹

Statistikken viser at det er svært mange unge som oppretta tilkjendegivingar. For ein mann i 20 åra var forventa gjenståande levetid 43 år på 1890-talet. Kvinner i 20 åra hadde 46 år gjenståande levetid.²⁴² Desse tala var i stor endring rundt århundreskiftet og forventa levealder gjekk betydeleg opp for alle aldersgrupper då fleire barn overlevde barndommen. Det er difor naturleg å påstå at ein stor del av desse tilkjendegivingane ikkje ville verte 'brukt' før om mange tiår. Ein kan anta at desse relativt unge menneska oppretta tilkjendegivingane fordi dei hadde eit genuint ønskje om at kroppen deira skulle bli brent når dei døde. Ein kan også tenkje seg at for fleire av desse var det også eit slags politisk standpunkt, spesielt dei som er underskrivne før Bergen fekk krematorium. Det ville gitt eit signal til Bergen kommune om kor mange bergensarar som faktisk ønskja likbrenning og dermed vise at behovet for eit krematorium var reelt. Det kan sjåast som ei form for støtte for saka. Samtidig var det fram til denne tida ikkje

²⁴¹ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrendingsforening. Bergen Byarkiv.

²⁴² Statistisk Sentralbyrå «Døde: Forventet gjenståande levetid for menn og kvinner på utvalgte alderstrinn. 1866-2008»

noko anna alternativ enn jordgravlegging, noko som kunne bety at det vart ekstra viktig for dei som ønska likbrenning å sikre seg at dei ikkje vart gravlagt. Sjølv om forventta levealder var stigande var det likevel ein betydeleg risiko for sjukdom og brå død. Dei to som oppretta tilkjendegivingane i 60-70 åra gjorde dette etter Bergen fekk krematorium, og ein kan kanskje sjå på dette som ein meir ‘vanleg’ tidspunkt for oppretting av eit slikt dokument.

Yrke og status

Når det kjem til arbeid er mange forskjellige yrker representert. Det er vanskeleg å seie noko om kva utdanning og vidare karriere alle desse menneska hadde, då det er yrket på tidspunktet for oppretting av tilkjendegiving som er oppgitt. Bakgrunn og vidare yrker eller verv er difor ikkje teke med. Som eksempel oppretta Ludvig Müller ei tilkjendegiving i 1894, då han var 26 år og kjøpmann. Berre tre år seinare skulle Müller gjere sin debut som skodespelar, der han gjorde stor suksess, vart anerkjent teatersjef og manusforfattar. Å innhente så omfattande informasjon om alle på tilkjendegivingane er ikkje mogeleg, difor er det viktig å hugse at mykje kunne ha endra seg etter tilkjendegivingane vart oppretta.

Statistikken er laust formar rundt ‘kategoriar’. Desse kategoriane er noko vage, då tilkjendegivingane inneheld mange ulike yrker, som ikkje nødvendigvis er enkle å gruppere med kvarandre. Det er også mange eksempel på yrkestiltar som kan ha breie variasjonar innanfor same tittel. Eit eksempel på dette er ‘kontorist’, der både lønn og sosial status er svært vanskeleg å anta, då kontekst som arbeidsplass og nærare stillingsbeskrivelse manglar. Sverre Steen merkar seg liknande i *Bergen – byen mellom fjellene*: «Det er lett å gruppere bergens befolkning i aldersklasser [...] Men det er vanskeligere å gruppere innbyggerene etter yrker og aller vanskeligst å rangere dem i sosiale klasser.»²⁴³ Fleire faktorar spelar inn når det kjem til dei sosiale laga i samfunnet, då høg lønn ikkje nødvendigvis var synonymt med status. Nokre yrker ga høgare status enn andre, utan at løna trengde å vere spesielt god. Egil Ertesvaag merka seg at eit familienamn eller tilknytning til ei etablert slekt i Bergen var svært viktig for status.²⁴⁴ Derfor er det mange ulike variasjonar som kan gjere at menneska i tilkjendegivingane var høgare eller lågare stilt i samfunnet enn det verka på yrkestittelen. Likevel vil ei grov kategorisering av dei ulike yrka, kunne gi eit inntrykk av kvar i samfunnet desse menneska sto.

²⁴³ Sverre Steen, *Bergen - Byen mellom fjellene* (Bergen: Bergen Kommune, 1970), 296.

²⁴⁴ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 474.




Fig 1.3: Totalt 59 yrker fordelt prosentvis i overordna kategoriar. (Vedlegg 1.3)²⁴⁵

Av dei yrkene som var ført opp, er mellom anna arbeid innanfor handel og kontor mest representert. 7 stk. er ført opp som 'kontorist', som nemnt er ein tittel som kunne innebere mykje forskjellig. Det vert då vanskeleg å bestemme korleis dei til saman 19 personane som jobba innanfor kontor passa inn i samfunnet sin rangering. Ein kan likevel påstå at fleire av desse 'kontoryrka', spesielt telegrafbestyrerinne, redaktør og bokholdar hadde god lønn, om ikkje høg status. Det kan seiast å vere ei gruppe som ikkje hadde status på linje med borgarklassa, men som likevel sto over den låge arbeidsklassa.²⁴⁶ Dette understrekar også korleis det ikkje alltid er enkelt å kategorisere yrker saman med sosiale klasser.

I tillegg til kontorarbeid finn ein 10 stk. som jobbar innanfor handel, mellom anna agentar, kjøpmenn og tollkontrollørar. Innan denne gruppa er det også usikker variasjon, ein finn mellom anna seks skipsmeklarar. Steen finn at skipsmeklarar og handlande hadde 1 tenestepike per 3-4 husstandsmedlem, noko som tyda på høg status og god inntekt.²⁴⁷ Samtidig finn ein fire kjøpmenn, som kunne ha varierende inntekt og status basert på breidda til omgrepet. Ertesvaag plasserer kjøpmenn i den voksende middelklassa.²⁴⁸ Av alle skatteytande menn i Bergen var det 61% av alle kjøpmenn som tente meir enn 2000 kroner i året, og 1 av 4 kjøpmenn tente over

²⁴⁵ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrendingsforening. Bergen Byarkiv.

²⁴⁶ Steen, *Bergen - Byen mellom fjellene*, 303.

²⁴⁷ Steen, *Bergen - Byen mellom fjellene*, 297.

²⁴⁸ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 480.

5000kr.²⁴⁹ Fleire jobba også innanfor det som kan kategoriserast som industri, men i desse tilfella er dette høgtstående yrker innanfor industrileiing. Dette inkluderer fabrikkbestyrarar, ingeniørar, og verkseigarar. Desse kontrollerte gjerne produksjon og omsetning, og hadde svært viktige roller med mange arbeidarar under seg.²⁵⁰ Industrieigarane og skipsmeklarane var i den øvste gruppa av skatteytarar med 5000 kr inntekt rundt 1910, noko som omfatta berre 4% av alle mannlege skatteytarar.²⁵¹

Akademisk utdanning ga høg sosial status. To legar, ein overrettssakfører og ein Cand.jur. har uttrykt ønske om å bli brent. Utdanning gav prestisje, og funksjonen dei fekk i samfunnet forsterka denne prestisjen. Legar og dei som jobba i rettsvesenet hadde ein viktig samfunnsfunksjon og spesialisert kunnskap i sine fag.²⁵² Dette resulterte i status, i desse tilfella høg løn. Dei måtte i tillegg hatt eit godt utgangspunkt for å ha mogelegheit for å studere, og kom då ofte frå familiar i overklassa. Då hadde ein ofte familienamn frå Bergen som var godt etablerte og velkjende for sin status, som Ertesvaag påpeika.²⁵³ I dette tilfellet hadde legane etternamn Stoltz og Armauer Hansen, namn som tydeleg førte med seg ein viss status i byen. Tre kvinner er ført opp som hustru, ei av desse er registrert 'Fru. Distriktslege', ei anna som 'Overleges hustru', Ein kan anta at desse høyrte til husstandar med både god økonomi og høg status. Sannsynlegvis hadde dei også kjennskap og støtte til likbrenningssaka gjennom familien og nettverket deira.

Ein viktig tanke å ha med seg er når desse tilkjendegivingane vart oppretta. Dersom det var før april 1907 ville det å skrive under på dette dokumentet bety å risikere å bli sendt ut av landet for å bli kremert og betale ein betydeleg sum på 142 kroner. Dersom ein ser på yrka til dei som signerte medan kostnaden var så høg kan ein mellom anna finne to lærarinner, ein lege, bokhandlar, agent, kontorist, verkseigar, og skipsmeklar. Dette er hovudsakleg velstående folk, der bustyrar kunne betale 142 kroner for å få dei brent. Den største delen av tilkjendegivingane er likevel frå 1900 og oppover, då arbeidet med å skaffe Bergen eit eige krematorium var godt i gong. Dette kan også bety at mange av dei som oppretta tilkjendegiving hadde tru på at Bergen ville ha krematorium innan dei skulle dø. Som nemnt tidlegare kunne også mange ha brukt tilkjendegivingane som ein måte å støtte saka på, då dei ville vise at byen hadde behov for krematorium, sidan fleire unge uttrykte ønskje om likbrenning.

²⁴⁹ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 481.

²⁵⁰ Steen, *Bergen - Byen mellom fjellene*, 300.

²⁵¹ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 481.

²⁵² Steen, *Bergen - Byen mellom fjellene*, 302.

²⁵³ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 474.

Sjølv om det er vanskeleg å plassere alle dei ulike yrka konkret inn i den sosiale lagdelinga i samfunnet, kan ein påstå at menneska i lista over tilkjendegivingar høyrde til mellom- og overklassa. Det er ingen tenestejenter- eller gutar, ingen arbeidarar, handtverkarar eller bønder i desse dokumenta, utanom nokre få tenestejenter som har stått som vitne. Oksrød karakteriserer Norsk Ligbrændingsforening som ein eliteorganisasjon, basert på medlemslistene.²⁵⁴ Majoriteten av medlemane hadde akademisk bakgrunn, og det var nesten totalt fråvær av arbeidarar og bønder. Oksrød merkar også at fråværet av bønder ikkje er spesielt, då dei viktigaste argumenta for likbrenning: Plassmangel og hygieniske problem ikkje var relevant i den meir spreidde befolkninga i distrikta.²⁵⁵ Fråværet av arbeidarar er derimot meir spesielt, då eit svært viktig argument for foreininga var kostnaden. Det var sidan starten av 1880-talet lagt stor vekt på at det skulle bli eit billigare alternativ enn jordgravlegging, likevel kan ein ikkje sjå stort engasjement frå arbeidarane verken i Kristiania eller Bergen. Den sosialistiske dagsavisa 'Arbeidet' publiserte jamt saker om likbrenning sidan 1894, som kan peike på at informasjon om saka ikkje var utilgjengeleg for arbeidarklassa. Oktober 1900 skriv Arbeidet:

Bergens Ligbrændingsforening har sendt de andre byens aviser en redegjørelse om ligbrændingssagens stilling her i byen, især om bygging av et krematorium; hvorfor forholde 'Arbeidet's læsere denne redegjørelse? Det kunde hænde, at man der ogsaa fanst nogen støtte, om man ikke nettop pekuniær, saa dog i andre retninger.²⁵⁶

Dette viser at foreininga har enten bevisst eller ubevisst sendt informasjon til andre aviser i Bergen men ikkje avisa som var retta mot arbeidarklassa. Det var tydeleg at vertfall nokon i redaksjonen var oppteken av at Arbeidet skulle bli inkludert av foreininga på same måte som dei andre avisene. I 1894 oppretta Ragnvald Paulson ei tilkjendegiving, med broren Andreas Paulson som vitne. Andreas var litteratur- og teateranmeldar i Arbeidet i 1895, og kunne hatt innverknad på redaksjonen i avisa. På tross av at Arbeidet tok opp likbrenningssaka verka det ikkje å hatt stor innverknad på arbeidsmiljøet i byen, då ingen arbeidarar dukka opp i verken avisene eller arkiva.

²⁵⁴ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 25.

²⁵⁵ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 27.

²⁵⁶ Bergens Ligbrændingsforening, Arbeidet, 19.oktober.1900.

Analyse av nettverk

Av dei nær 200 personane som er kjent gjennom foreininga eller tilkjendegivingane kan ein finne koplingar mellom mange av desse. Nokre er samankopla gjennom familienettverk, medan andre er knytt saman gjennom yrke eller status. Gjennom Digitalarkivet, Norsk Biografisk leksikon og anna litteratur er det mogeleg å kartlegge korleis menneska som var engasjert i likbrenningssaka hadde relasjonar gjennom ulike nettverk.²⁵⁷ Det kan gi ein idé om kva samfunnsgrupper som var involvert og korleis engasjementet spreidde seg.

Familierelasjonar

Ein type nettverksrelasjon er nettverk gjennom slektskap. Relasjonar gjennom blodsband og ekteskap kan seiast å vere ein viktig del av det sosiale livet i eit samfunn. Familiar har i teorien ein fast struktur gjennom systema ein kategoriserer eit familietre inn i, men i praksis er det også svært varierende kor nær dei ulike relasjonane er, og at gjensidig kontakt er avgjerande for familienettverka si betydning. Å vere fødd inn ei familie og eit etternamn ga eit visst utgangspunkt, då ressursar, mogelegheiter og status gjerne 'gjeck i arv'. Ekteskap var også svært viktig, då det hadde ein funksjon og kunne vere strategisk. Ein kan tenke seg at menneska kopla saman gjennom ekteskap var ulike då dei kom frå forskjellige familiar. Sidan ein gjerne fann partner gjennom sine eksisterande nettverk hadde ein ofte likt utgangspunkt, eller kom frå same miljø. Dette kunne føre til at meiningar i saker som likbrenningssaka kunne spreie seg gjennom familienettverk, spesielt då gravlegging og behandling av den døde kroppen i nært alle tilfelle var og er familien sitt angående. Dersom ein startar med ein person som var involvert i likbrenningssaka i Bergen kan ein nesten alltid finne blodsband eller ekteskap som koplar dei saman med fleire i rørsla. Dei familienettverka som er gjort greie for her vil derfor berre vere eit lite utval.

Schak August Steenberg Bull (1858-1956) var formann i Bergens ligbrændingsforening heilt frå den vart stifta. Bull gjorde dette arbeidet frivillig, i tillegg til å vere ein av dei leiande arkitektane i Bergen.²⁵⁸ Det er tydeleg at Bull var svært engasjert i saka gjennom det omfattande arbeidet han gjorde over mange år. Ein innsendar til Bergens Aftenblad omtalte Schak Bull som «den utrettelige forkjemper for likbrenning».²⁵⁹ Som framståande arkitekt hadde Bull mange viktige kontaktar i lokalsamfunnet, nokre av desse var også familie. Schak Bull sin far Jens Munthe Bull var gift med Johanne Margrethe Hagerup. Margrethe var syster til Nina Grieg sin

²⁵⁷ Personopplysningar er alltid henta frå nbl.sn.no dersom noko anna ikkje er oppgitt.

²⁵⁸ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 414.

²⁵⁹ Bergens Aftenblad, 12.januar.1904.

far og Edvard Grieg sin mor. Dette betyr at, Schak, formann av Bergen Ligbrændingsforening var syskenbarn til både Edvard og Nina Grieg. Vi veit at Edvard Grieg var for likbrenning, då han var person nr.7 som vart brent i krematoriet. Nina vart også kremert, og hennar tilkjendegiving er ei av dei som ligg i arkivet i dag. I tillegg til å vere formann hadde Schak også skrive under som vitne på to tilkjendegivingar, og det er sannsynlegvis rett å anta at han sjølv hadde ei.

Edvard Grieg var ein av dei viktigaste musikalske og kulturelle personane på slutten av 1800-talet. Han vart ein verdskjent komponist, og kona Nina var også ein del av dette miljøet gjennom song.²⁶⁰ Både Edvard og Nina hadde tett kopling til likbrenningsforeininga gjennom fleire i sin nære omgongskrets, mellom anna syskenbarnet Schak Bull. Grieg hadde også Klaus Hanssen som personleg lege og venn, Hanssen satt både i styret for foreininga og var medlem av bystyret og formannskapet då likbrenningssaka var under diskusjon.²⁶¹ Klaus Hanssen var også bror til Gerhard Armauer Hansen, og dei sto begge på invitasjonslista til å stifte ei likbrenningsforeining.²⁶² Som nemnt vart ikkje Edvard si tilkjendegiving tatt vare på, men Nina si finnast i arkivet og er spesiell på grunn av at det er den einaste som har blitt oppdatert med ein notis etter den vart oppretta. Denne notisen vart lagt til 6 år etter dokumentet først vart oppretta i 1900 og sa: «Som tillæg til ovenstaaende bestemmelse erklæres herved, at mit lig kun, forsaavidt som det maatte findes crematorium i Norge, skal underkastes ligbrænding».²⁶³ Dette er nok ikkje meir enn eit uttrykk for ei frykt om å snart skulle døy, då Nina måtte ha vore bevisst på at eit krematorium snart skulle opne i Bergen, gjennom vennskapet til Schak Bull. Edvard døyde i 1907, medan Nina skulle leve til 1935. Begge urnene er plassert inne i berget ved boligen deira på Trolldhaugen.²⁶⁴ At Edvard Grieg vart brent, må ha gitt mykje merksemd til den nyoppførte omnen på Møllendal. Båra til Grieg vart ført gjennom byen med tusenvis av tilskodarar, og den fekk også internasjonal merksemd på grunn av statusen han hadde i det internasjonale musikkmiljøet.

Daniel Cornelius Danielsen (1815-1894) var den første som var sendt til Gøteborg for å bli brent, og var elles engasjert i foreininga.²⁶⁵ Danielssen fekk ei dotter kalla Stephanie Marie Danielsen, også kalla Fanny, som i 1873 gifta seg med Armauer Hansen.²⁶⁶ Seinare same år

²⁶⁰ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 583.

²⁶¹ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 69.

²⁶² Indbydelse til en Dannelse af en Ligbrændingsforening, *Bergens Aftenblad*, 16.januar.1892.

²⁶³ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), *Bergens Likbrenningsforening*. Bergen Byarkiv.

²⁶⁴ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 74.

²⁶⁵ Den første ligbrænding i Bergen, *Bergens Tidende*, 26.juli.1894.

²⁶⁶ Karen B. Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid* (Bergen: Fagbokforlaget, 2014), 41.

døde Fanny, og Armauer gifta seg igjen i 1875 med Johanne M. Tidemand som var enke etter Adolph Tidemand. Desse to fekk ein son eit år seinare som vart kalla opp etter Danielssen, Daniel Cornelius Armauer Hanssen.²⁶⁷ Sjølv om Armauer Hansen ikkje lenger var knytt til Danielssen gjennom familieband, og hadde fått eit barn med ei ny kone, kalla han likevel sonen sin opp etter sin tidlegare svigerfar. D.C Danielssen og Gerhard Armauer Hansen var begge på underskriftslista til å stifte ei foreining for likbrenning i Bergen, og hadde eit tett samarbeid gjennom arbeidet deira på Bergens Museum. Broren til Armauer Hanssen var Klaus Hanssen, lege og styremedlem i foreininga. Det vart også sagt at Armauer Hanssen følgde kista til Danielssen på reisa til Gøteborg.²⁶⁸ Sonen til Armauer, Daniel Cornelius Armauer Hanssen, skulle også opprette ei tilkjendegiving i 1908.²⁶⁹

Emma Wesenberg (1837-1919), seinare Emma Brunchorst Stoltz, var gift to gongar. I 1861 gifta ho seg med Christian Ege Brunchorst og fekk sonen Jørgen Brunchorst året seinare. Jørgen vitnar på to tilkjendegivingar og var elles involvert i foreininga og likbrenningssaka. Han følgde mellom anna båra til Danielssen til Sverige saman med Armauer Hanssen.²⁷⁰ Christian E. Brunchorst døde i 1864, og Emma gifta seg med Gerhard Stoltz i 1867. Gerhard skulle bli den første som vart brent i krematoriet i Bergen i 1907.²⁷¹ Saman fekk dei barna, Selma, Emma, Elise, Gerhard (III), Rudolf, Christian og Gudrun Stoltz. Av denne søskenflokket oppretta Selma, Emma, Elise, Rudolf, og Christian tilkjendegivingar.²⁷² Faren Gerhard står som vitne for Selma og Christian, medan Christian vitna for Emma. Elise vart gift med Hans Dethloff, som også vitna for Emma.²⁷³ Gudrun Stoltz gifta seg med Kaptein Ole Anton Fægri, som står oppført som vitne saman med Gerhard Stoltz III på tilkjendegivinga til Christian Brunchorst Stoltz.²⁷⁴ Saman fekk Gudrun og Ole Anton sonen Knut Fægri, som seinare skulle bli ein kjent botanikar.

Det er sannsynleg at likbrenning har vore tema for diskusjon direkte mellom personane, på grunn av familierelasjonane. Dette er folk som har budd saman, eller vore kopla gjennom tette band som gjorde at dei møttest ofte og difor diskuterte aktuelle tema. Ein kan også finne andre slektskap, som er meir fjerne. Mellom anna står Carl August Looft på innbydinga til å stifte

²⁶⁷ Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 41.

²⁶⁸ Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 182.

²⁶⁹ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrendingsforening. Bergen Byarkiv.

²⁷⁰ Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 182.

²⁷¹ Kremasjonsprotokoll for Møllendal krematorium 1907-1928. Bergen kirkelige fellestråd.

²⁷² Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrendingsforening. Bergen Byarkiv.

²⁷³ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrendingsforening. Bergen Byarkiv.

²⁷⁴ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Librendingsforening. Bergen Byarkiv.

foreininga.²⁷⁵ Ein finn ingen umiddelbare familiemedlem i Bergen, men dersom ein ser i familietredet kan ein finne grandonkel Harald Conrad Thaulow. Thaulow var apotekar i Kristiania og var sterkt for likbrenning, og då han døde i 1881 hadde han bestemt at han ville brennast, noko som ikkje vart innvilga.²⁷⁶ Sonen til Harald Thaulow, Fritz Thaulow var med i styret på foreininga som seinare vart oppretta i Kristiania.²⁷⁷ Fritz var søskenbarnet til Carl Looft si mor. Sjølv om desse slektingane høyrer meir fjerne ut enn dei andre eksempla, budde Looft i Kristiania fram til etter grandonkel Harald Thaulow sin død. Det er difor sannsynleg at 18 år gamle Looft fekk med seg diskusjonen rundt grandonkelen sitt ønske om å bli brent, og vart introdusert til likbrenningssaka gjennom personar i familia.

Profesjonelle relasjonar

I mange samanhengar etablerer ein formelle relasjonar. Dette kunne vere folk ein handla med, arbeida med, studerte med, og elles andre formelle forhold utanfor familia. Mange av desse relasjonane kunne vere basert på at ein var i same miljø, eller hadde same bakgrunn og utdanning. Dette var folk som gjerne møttest ofte i kvardagen, enten gjennom arbeid eller engasjement i foreiningar og komitear. Det kunne vere lærarinner som studerte saman og arbeidde på same skule, skipsmeklarar som måtte ha gode profesjonelle relasjonar for å forhandle fram gode avtalar, eller ei tenestepike som arbeida for ei velstående familie. Dette viser korleis profesjonelle relasjonar oppstod mellom folk frå same bakgrunn, men også korleis personar som var svært ulik stilt, kunne få ein relasjon. Mange nettverk var basert på formelle og profesjonelle relasjonar, som skilde seg frå relasjonane ein kunne ha til nær familie. Sjølv om desse nettverka ofte var prega av profesjonalisme og meir upersonlege relasjonar, kunne det også oppstå langvarige vennskap og personlege band.

Eit nettverk som er sterkt representert gjennom likbrenningsforeininga er innanfor akademien. Mellom anna er miljøet på Bergens Museum (i dag Universitetsmuseet i Bergen) representert i dokumenta. Overlege D. C. Danielssen var ein av dei mest framtrédande vitskapsmennene i Bergen, og hadde mange verv og yrker i løpet av sitt liv, mellom anna i sunnheitskommisjonen og stortinget. Danielssen vart vald inn i direksjonen ved Bergens Museum i 1852, og i 1864 vart han preses for museet.²⁷⁸ Museet dreiv med forskning og formidling, og i 1877 vart Nordhavsekspedisjonen gjennomført. Her var mellom anna Danielssen, og skipsførar Joachim

²⁷⁵ Indbydelse til en Dannelse af en Ligbrændingsforening, Bergens Aftenblad, 16.januar.1892.

²⁷⁶ Bergens Tidende, 2.april.1881.

²⁷⁷ Indbydelse, Bergens Tidende, 29.september.1891.

²⁷⁸ Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 185.

Grieg med, som også var engasjert i likbrenningssaka.²⁷⁹ Armauer Hansen vart teke inn i direksjonen i 1872 av Danielssen, og nokre år seinare publiserte han sine oppdagingar av Leprabasillen. Desse oppdagingane avkrefta teoriar som Danielssen hadde om sjukdomen, men dei var likevel gode kollegaer, og Armauer vart teke imot som svigerson.²⁸⁰ Carl August Looft hadde også ein relasjon til Armauer Hansen og Danielssen gjennom arbeidet med lepraforskning. Looft oppdaga den ‘glatte’ form for lepra i 1891, og publiserte seinare fleire viktige arbeid saman med Armauer Hansen. Armauer skulle også delta på Nordhavsekspedisjonen saman med Danielssen og Grieg, men var for sjuk til å vere med.²⁸¹ Klaus Hanssen, broren til Gerhard Armauer Hanssen vart også teke inn i direksjonen til Bergens Museum, i 1892. Etter Danielssens død fungerte både Armauer og Klaus som preses for museet, fram til 1914.²⁸² Jørgen Brunchorst vart tilbydd ei konservatorstilling på museet av Danielssen, og han skulle jobbe som botanikar, og til slutt også bli direktør for museet i 1901. Halvsøstera til Brunchorst, Elise Dethloff (tidlegare Stoltz) utdanna seg for å bli lege, og kom inn i Berges Museum gjennom Brunchorst. Der skulle Elise interessere seg for tuberkulose saman med Klaus Hanssen, og dei samarbeida tett i fleire år. Beretningar frå Brunchorst sjølv viser at relasjonane på museet strekte seg utanfor arbeidsplassen, då dei jamleg deltok på selskap, jubileum og aktivitetar saman utanom arbeidet.²⁸³ Både Danielssen, Grieg, Armauer Hansen, Hanssen, Looft, og Brunchorst signerte innbyding til å stifte ei likbrenningsforeining i Bergen.²⁸⁴ Dei hadde høve til å diskutere saka på jobb, spesielt sidan arbeidet deira mellom anna dreia seg om bakteriologi og liknande. Det betydde at spørsmålet om hygiene og smitte var svært relevant for forskinga deira, og det difor måtte ha vore eit tema som alle desse var opptekne av.

Gerhard Stoltz III (f.1874), overtok styring av Hambros skole etter Hambro sin død i 1909. Han var også engasjert i biblioteka i byen, Gerhard vart vald inn i innsamlingskomitéen for nytt biblioteklokale i 1901, og fekk innført systemet ‘opne hyller’ i det nye bygget.²⁸⁵ Det var også ein byggekomité oppretta for biblioteket, der ein kan finne halvbroren Jørgen Brunchorst som medlem. J.C Isdahl, som var ein anna av dei som inviterte til stifting av likbrenningsforeining, var også medlem av denne byggekomiteen.²⁸⁶

²⁷⁹ Deltakere på Nordhavsekspedisjonen, Fotograf ukjent, Universitetsbiblioteket i Bergen.

²⁸⁰ Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 41.

²⁸¹ Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 42.

²⁸² Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 14.

²⁸³ Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 129.

²⁸⁴ Indbydelse til en Dannelse af en Ligbrændingsforening, Bergens Aftenblad, 16.januar.1892.

²⁸⁵ Schetelig and Geelmuyden, *Bergen 1814-1914 II*, 764.

²⁸⁶ Schetelig and Geelmuyden, *Bergen 1814-1914 II*, bind 2, 766.

Politisk tilhøyrslø

Eit anna aspekt ved likbrenningsrørsla som er interessant, er å sjå korleis forkjemparane stilte seg politisk. Den høgre og den venstre sida i politikken har og hadde svært ulike måtar og forstå samfunnet på, og dette førte ofte til at det var desse politiske gruppene som sto på kvar side av ein diskusjon. Ein kunne difor anta at likbrenningsrørsla hadde forkjemparar frå venstresida av politikken, og motstandarar frå ei konservativ, meir tradisjonsbunden høgreside. Dette verka likevel ikkje å vere tilfellet, då ein finner folk frå fleire politiske retningar som talar for likbrenningssaka. Bergens Tidende skreiv om at likbrenningsrørsla snart skulle vinne fram og påpeika at: «En Del fordomsfrie Mænd – det skal med al Anerkjendelse fremhæves, at der blandt dem er Medlemmer af begge politiske Partier – har imidlertid udholdende og ihærdig arbejdet Sagen frem [...]».²⁸⁷ Dersom ein ser på dei politiske standpunkta til fleire av namna i rørsla, ser ein at Bergens Tidende hadde rett i denne bemerkninga.

Mange av dei som stilte seg positive til likbrenningsspørsmålet var også involvert i politikken. Jørgen Brunchorst var stortingsrepresentant for venstre, men skulle også engasjere seg i Samlingspartiet. Dette var eit parti som låg på mot den konservative retninga i partiet venstre. Christian Michelsen var statsminister i perioda 1905-1907, og representerte i si karriere fleire parti, blant anna Samlingspartiet. Ein anna som talte for likbrenningssaka var Klaus Hanssen, som også var første varamann for Venstre i Bergen og seinare engasjert i samlingspartiet.²⁸⁸

Av dei som stod på invitasjonen til å danne ei likbrenningsforeining var det mange høgtstående menn i samfunnet. Sofus Arctander stod på invitasjonen, og på dåverande tidspunkt var han borgarmeister i Bergen, og representerte venstre. Arctander satt på stortinget i fleire periodar, og historikar Per Fuglum har kommentert at Arctander ofte kom i konflikt med Christian Michelsen på 1890-talet, då dei begge var sentrale i politikken i Bergen. Likevel sto både Arctander og Michelsen på innbydinga til å danne ei foreining saman.²⁸⁹ Ein annan som var engasjert på venstresida av politikken var D.C Danielssen, som satt på stortinget i den liberale opposisjonen i perioden 1859-1864, og seinare vart gjenvald.²⁹⁰ Styremedlem Anna Steineger var lokalpolitikar og satt i kommunestyret i Bergen 1902-1904. Steineger var også engasjert i Bergen kvinnesaksforeining og fattigstyret.

²⁸⁷ Ligbrænding, Bergens Tidende, 28.april.1898.

²⁸⁸ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, 3, 531.

²⁸⁹ Indbydelse til en Dannelse af en Ligbrændingsforening, Bergens Aftenblad, 16.januar.1892.

²⁹⁰ Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 83.

Ragnvald Paulson vart i 1892 vald som revisor for foreininga, og to år seinare oppretta han ei tilkjendegiving. Paulson var bokhandlar, og politisk engasjert. Paulson er kjent for å ha vore ein føregangsmann for arbeidarrørsla i Bergen. På tilkjendegivinga vitna broren Andreas Paulson.²⁹¹ Andreas og Ragnvald hadde begge eit sosialistisk syn. Ragnvald jobba eksplisitt i politikken, medan Andreas ikkje deltok i politiske aktivitetar. Andreas jobba med å fremje kunst og kultur til arbeidarklassa gjennom sitt arbeid i den norske arbeidarprensa. Ein anna som også sto på innbydinga var Conrad Mohr. Mohr var Noregs største kornimportør men også oppteken av kultur og politikk. Han var ikkje direkte aktiv i politikken, men oppretta eit legat på 1 million for dei som ønska å studere sosialismen.

Ole Irgens var ein av dei velstående konservative borgarane som var med i stiftinga av Bergens Aftenblad.²⁹² Ole var også teolog og politkar på stortinget. Verdt å merke er at han satt si underskrift på oppropet 'Til Christendommens Venner i vort Land', som protesterte mot Venstre og parlamentarismen. Christendommens Venner var bekymra for kristendoms posisjon i samfunnet då den vart «forstyrret ved et radikalt Partis ihærdige og voldsomme Agitationer».²⁹³ Dette oppropet vart også underskrive av banksjef J.B Faye, som stifta Bergens Aftenblad saman med Ole. Sjølv om dette peikar mot svært konservative haldningar, var Ole også med i Reformrørsla i Bergen. Denne rørsla ønska reformar og meir sjølvstyre for kyrkja.²⁹⁴ Aftenbladet dekte alle utviklingar i likbrenningssaka nærme, så redaksjonen må ha vore interessert nok i saka til å gi den mykje plass. Sonen til Ole Irgens, Axel Irgens satt i formannskapet i Bergen kommune, og representerte Høgre på stortinget. Då Axel satt i formannskapet kom likbrenningssaka opp, og han talte for at kommunen skulle føre opp eit krematorium for å gi folk mogelegheita til å velje.²⁹⁵

At likbrenning ikkje 'høyrdet til' berre ei spesifikk politisk retning er noko som også stemmer for Kristiania. Oksrød, som kan leggje komplette medlemslister frå Kristiania til grunn, finn at folk med svært ulik politisk og kulturell bakgrunn er å finne blant medlemmane.²⁹⁶ Både svært konservative og liberale samla seg for å støtte likbrenningssaka. I Bergen er det eksempelvis nok ikkje mange foreiningar som ville samla folk som Axel Irgens og Ragnvald Paulsson. Foreininga meldte aldri om noko intern strid eller splitting, men det er naturleg å tru at der var visse ueinigheter også blant forkjemparane. Målet var nok det same for alle: å innføre

²⁹¹ Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrenningsforening. Bergen Byarkiv.

²⁹² Flo, *Norsk Presses Historie - Bind 4: Norske aviser fra A til Å*, 48.

²⁹³ Til Christendommens Venner i vort Land, Luthersk kirketidende, 27.januar.1883.

²⁹⁴ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 229.

²⁹⁵ Kommunestyret, Bergens Aftenblad, 20.desember.1904.

²⁹⁶ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 25.

likbrenning, men kva argument som vart vektlagt for dei ulike personane varierte nok. Nokre var kanskje for likbrenning på grunn av det økonomiske aspektet og lovnadane om at det ville vere eit billig alternativ. Andre var kanskje meir opptekne av helsefaren eller retten til sjølvbestemming.

Religion og livssyn

Dei engasjerte i foreininga var ikkje berre ulike når det kom til politisk syn. Innanfor religion og livssyn var det også ein viss variasjon. Sjølv om Noreg hovudsakleg hadde vore kristent over lang tid, var det fleire som valde å gå vekk frå kristendommen og søke etter andre måtar å forstå verda og åndslivet på. På 1800-talet var der fleire delar av samfunnet som gradvis reduserte si tilknytning til kyrkja. Dette gjaldt mellom anna gravplassane som vart lagt vekk frå kyrkjene, og som var administrert av kommunane. Det var ikkje berre den lutherske kyrkja som skulle dominere det religiøse livet, fordi andre kyrkjesamfunn skulle etablere seg i Bergen. Mellom anna katolikkar, baptistar, unitaristar og indremisjonen.²⁹⁷ I tillegg var det fleire som identifiserte seg som ateistar, agnostikarar, eller som var religiøst og åndeleg søkande. At det religiøse livet var i endring kan ha vore svært avgjerande for likbrenningsrørsla. Nye måtar å oppfatte mellom anna døden og kva denne involverte og betydde verka inn på kva ein såg på som passande og korrekt behandling av dei døde. Pluralismen som elles prega det norske samfunnslivet påverka også det religiøse, men likbrenningsrørsla såg ut til å samle folk med elles ulike interesser og ståstar.

Likbrenningssaka vart ofte karakterisert som ei anti-religiøs rørsla av motkjemparane. Den vert omtala som uforeineleg med den kristne læra og biletspråk, og som ein trussel mot både kristendommen og dei døde.²⁹⁸ Hygiene var eit av dei viktigaste argumenta for likbrenningssaka, og dette hadde kome frå naturvitskapen sin aukande posisjon på 1800-talet. Dei biologiske prosessane vart utforska, evolusjonsteorien utvikla, og dermed vart menneske biologisk klassifisert og døden vart ein naturprosess.²⁹⁹ Desse oppdagingane kunne brukast som 'støtte' til syn som likna på Diogenes sine utsegn om sin døde kropp. Argumenta til likbrenningsforeininga var ofte rota i det praktiske og vitskaplege, og mange av dei engasjerte var ikkje religiøse. Mellom anna var både D.C Danielssen og Armauer Hansen dedikert til naturvitskapen og verka å ikkje tilhøyre noko kristen trusretning. Både Sandmo og Helle referera til Danielssen og Armauer som ateistar. Før Danielssen vart sendt til Gøteborg for å bli

²⁹⁷ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 226.

²⁹⁸ Bergens Annonce Tidende, 12.november.1888.

²⁹⁹ Oksrød, «"So ein ding müssen wir auch haben"», 10.

brent, vart det haldt ein seremoni i aulaen på Bergens Museum. Denne seremonien omtalar Helle som eit uttrykk for Danielssen sitt ateistiske livssyn, då «Deilig er jorden» var den einaste salmen som vart sunge. Utanom dette var det spesialskrivne songar og dikt som fokuserte på Danielssen som person og kva han hadde oppnådd, utan religiøse referansar.³⁰⁰ Å berre tru på det ein kunne observere og forklare, og la logiske og rasjonelle argument styre handlingar, var sannsynlegvis naturleg for dei fleste som studerte naturvitskapen. Sidan hovudargumentet til likbrenningsforeininga var grunna i hygiene og vitskap, kan det difor verke logisk at det var ei ateistisk rørsle. Dersom ein ser på nokre av personane innanfor rørsla kan ein derimot sjå at dette ikkje stemmer.

Unitarismen vaks fram på slutten av 1800-talet og hadde røter tilbake til reformasjonen. I Noreg var det teologen Kristoffer Janson som grunnla den første unitarmeinigheita, etter å ha blitt inspirert av unitaristane i Amerika.³⁰¹ Unitarismen seier at Gud er ein, og forkastar dermed treeiningslæra. Trusretninga oppstod som protest mot dei etablerte tradisjonane og dogmane, og ville ha større religiøs fridom. Janson var for likbrenningssaka, og i 1917 vart hans døde kropp brent. Albert H. Mohn kjente Janson godt og var også medlem av unitaristrørsla. Edvard Grieg var også ein bekjent av Janson, og følgde den unitaristiske trua sjølv etter å ha blitt introdusert for denne i Birmingham. Kona Nina Grieg vart ved sin død bisett frå ei unitarkyrkje i Danmark. Helvete og ein oppstandelse for alle var ikkje ein del av unitarismen, noko som kan vere med på å forklare kvifor likbrenning vart akseptert.³⁰²

I 1875 vart det oppretta ei frimuarlosje i Bergen, ved namn St.Johanneslogen Oscar til de syv bjerge.³⁰³ Frimureri føregjekk i losjer og er mellom anna karakterisert ved hierarkisk struktur, ritar, sjølvutvikling, teieplikt og berre mannlege medlemar. I dei nordiske losjane har den kristne trua låge til grunn for frimurarane, spesielt i Noreg.³⁰⁴ Schak Bull var aktiv frimurar og vart ordførande meister på 1920-talet. I tillegg til Schak var også Rudolph Stoltz, styremedlem av likbrenningsforeininga, også aktiv i same losje.³⁰⁵ Dette understrekar at likbrenningsrørsla ikkje berre var ateistisk. Sigurd Sandmo påpeikar at ein kan trekkje parallellar mellom frimureriet og likbrenning fordi tradisjonelle ritar vart lausrive frå luthersk tru og festa i nye miljø og trusretningar i begge tilfelle.

³⁰⁰ Helle, *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*, 180.

³⁰¹ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 73.

³⁰² Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 74.

³⁰³ Schetelig and Geelmuyden, *Bergen 1814-1914 II*, bind 2, 526.

³⁰⁴ Bergens Annonce Tidende, 9.august.1898.

³⁰⁵ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 74.

Det var også prestar i Bergen som stilte seg positive til likbrenning, eller i det minste ikkje hadde innvendingar. Carl Konow var prest i Bergen og stod som vitne på ei tilkjendegiving, då med yrke oppført som 'prest'. Konow kan ikkje seiast å vere ein representant for den tradisjonelle norske kyrkja, då han møtte mykje motstand på grunn av sine liberale og bibelkritiske haldningar. Sjølv om han var forsøkt avsett og oppfordra til å forlate presteembetet, var han prest fram til sin død i 1923.³⁰⁶ Sokneprest i Johanneskyrkja, Ernst Fredrik Eckhoff, forretta jordpåkastinga av Fredrik Schumann, som seinare same dag vart sendt til Gøteborg for å bli brent.³⁰⁷ Dette var før Noreg hadde fått ei lov for likbrenning, og at ein prest ville involvere seg i den prosessen kan ikkje oversjåast. B.E Bendixen omtalar Eckhoff som den «ivrige missionær», utan nærare skildring av arbeidet og trua til Eckhoff.³⁰⁸

I kommunestyret satt sokneprest Christen Brun, som uttalte i 1904 at han ikkje var mot likbrenning, men likevel var skeptisk til at saka hadde for få tilhengjarar. Brun var ein konservativ teolog og prest, og det er difor spesielt at han ikkje talte sterkare mot saka. I ein avisartikkel i *Arbeidet* formulerer avisa det slik: «Paa den anden side stod sogneprest Christen Brun som dog ikke personlig var imod ligbrænding(??)». ³⁰⁹ Spørsmålsteikna i artikkelen kan antyde at standpunktet til Brun var vanskeleg å forstå med tanke på hans konservative tru. Dette var i møtet der kommunestyret skulle vedta magistraten sitt forslag om å føre opp krematorium på Møllendal.³¹⁰ Det var også prestar som talte imot likbrenning, men som likevel ikkje fordømte det fullstendig. Dette er naturlegvis noko heilt anna enn å tale for saka, men det er verdt å nemne, sidan dei fleste som talte mot ikkje ville seie noko som kunne tolkast til saka sin fordel. Sokneprest Meyer ved Korskirken sendte inn ein artikkel imot likbrenning til *Morgenavisen*, men påstod i denne at likbrenning ikkje stridde mot kristendommen. Han skreiv også at dersom ein død kropp vart gravlagt, brent eller ete opp ikkje hadde noko med den kristne tru å gjere. Denne påstanden gjorde at dei viktigaste argumenta til motstandarane av likbrenning vart svekka. Sandmo påpeikar også at der var personar frå misjonsmiljøet i Bergen involvert i rørsla, men eg har ikkje lukkast i å finne kven Sandmo refererer til.³¹¹

Det er vanskeleg å få oversikt over kva trusretning eller livssyn alle som var involvert i foreininga høyrte til. Likevel er variasjonane tydelege gjennom nokre av dei mest viktige personane i foreininga, og som også kan seie å ha vore ansikta utad. Mange av medlemmane

³⁰⁶ Ertesvaag, *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920*, bind 3, 574.

³⁰⁷ Bergens Aftenblad, 23.mars.1896.

³⁰⁸ Schetelig and Geelmuyden, *Bergen 1814-1914 II*, bind 2, 362.

³⁰⁹ Bystyret igaar, *Arbeidet*, 20.desember.1904.

³¹⁰ Kommunestyret, Bergens Aftenblad, 20.desember.1904.

³¹¹ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 75.

var nok ikkje religiøse, på same måte som Danielssen, medan andre hørde til ein meir liberal kristen trusretning. Ein kan finne få konservative kristne som talar direkte for likbrenninga. Sjølv om mellom anna Brun ikkje hadde noko mot saka og Eckhoff forretta ei jordpåkasting lenge før likbrenning var lovleg i Noreg, var nok dette den religiøse gruppa som var minst representert i rørsla. Variasjonen innanfor trusretning er likevel spesiell, med tanke på at menneske med ulike livssyn ofte ikkje var opptekne av same saker, spesielt når saka omhandla ei religiøs rite som gravlegging og behandlinga av dei døde.

Sigurd Sandmo påstår at kampen for likbrenning i Bergen ikkje kan karakteriserast som eit uttrykk for 'modernitet', fordi den inkluderte både moderne og anti-moderne strøimmingar.³¹² Dette er basert på det faktum at menneska som var for likbrenning hadde svært ulik politisk og religiøs tilhøyrsl: « [...] både ateister som Armauer Hansen og religiøst søkende mennesker som Edvard Grieg og Kristofer Janson». ³¹³ I tillegg til politikk og religion var det også andre grupper som elles skilde seg frå kvarandre. Ein kan finne representantar frå kunstnarmiljø som kunne omfatte Edvard Grieg, Ludvig Müller og Sverre Johnsen, i tillegg til ingeniørar og veletablerte handelsfolk. Som Sandmo påpeikar er dette grupper i samfunnet som elles ikkje hadde mykje til felles, men som verka å møtast i likbrenningsrørsla for ei felles sak.³¹⁴ Dette stemmer på mange måtar. Ein mogeleg kritikk til Sandmo sin påstand kan vere å peike på at desse gruppene hovudsakleg var velstående og ressurssterke. Som nemnt tidlegare var der delar av samfunnet som ikkje engasjerte seg i rørsla, mellom anna bønder og arbeidarar. Det kan vere vanskeleg å karakterisere personar og grupper i eit samfunn som moderne eller ikkje, men likbrenningsrørsla vert ofte assosiert med modernitet, både i samtida og i ettertid.

Åhrén karakteriserer likbrenningsrørsla som eit symbol på det moderne samfunn sitt syn på døden, og påstår at innføringa av likbrenning moderniserte måten ein behandla dei døde på.³¹⁵ I samtida brukte både dei som var for og dei som var mot likbrenning modernisering som eit argument for si side. Åhrén viser korleis forkjemparane sitt viktigaste argument var basert i eit tema som vart populært som resultat av ei rask modernisering: Hygiene. Urbanisering og nye vitskapelege oppdagingar førte til at hygiene og reinslegheit vart eit viktig tema og ga krav om handling, mellom anna vart sunnheitskommisjonane oppretta på bakgrunn av dette. På denne måten framstod hovudargumentet til rørsla som eit symptom på at eit samfunn er i ein moderniseringsprosess. Det kan freiste å karakterisere likbrenningsrørsla som uttrykk for

³¹² Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 51.

³¹³ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 75.

³¹⁴ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 75.

³¹⁵ Åhrén, *Death, modernity, and the body*, 149.

modernitet, som Åhrèn gjer. På mange måtar er det korrekt for rørsla generelt sett, men naturlegvis finn ein lokale og individuelle variasjonar som kan utfordre desse tankane. Som Sandmo påpeikar finn ein menneske i rørsla som høyrer til grupper i samfunnet som var både religiøse og konservative, som var representantar for anti-moderne tankar og verdssyn. Sidan rørsla hadde veldig mange ulike argument for likbrenning, kunne det vore mange grunnar til kvifor så forskjellige folk engasjerte seg i same saka. Dei vektla sannsynlegvis forskjellige argument, nokon var redd for mangel på plass og smittsame sjukdommar, nokon var skremt av tankane om forråtning, og andre prioriterte dei økonomiske argumenta. Sandmo har rett i at foreininga i Bergen representerte mange ulike grupper i lokalsamfunnet, og det kunne vore enda meir interessant å sjå på denne samansetnaden med fullstendige medlemslister.

Oppsummering

Sjølv om kjeldegrunlaget til Bergen ligbrændingsforening er dårleg, kan ein likevel finne ut mykje om rørsla og menneska som engasjerte seg. Det er ikkje mogeleg å seie kvifor akkurat dei 59 tilkjendegivingane som ligg i byarkivet er teke vare på, då dei er spreidd tilsynelatande tilfeldig over 21 år. Statistikken som kunne samanfatast av tilkjendegivingane viste at det hovudsakleg var menn som ønskte å bli brent, noko som også var tilfellet i Kristiania. Statistikken kunne også vise kor gamle menneska var då tilkjendegivingane vart oppretta, dette kan gi eit inntrykk av at dei gjorde det både på bakgrunn av sine eigne ønske, og for å demonstrere eit behov for både ei lov og eit krematorium. Kva yrke desse menneska hadde kan også seie noko om rørsla. Sjølv om det er vanskeleg å kople yrkestittel og sosial status saman, verka det som at dei aller fleste som var involvert i foreininga var medlem av den veksande mellomklassa og overklassa. Arbeidarane og bøndene er ikkje å finne, verken i Bergen eller Kristiania, sjølv om avisa Arbeidet dekte likbrenningssaka nært.

Bergens Ligbrændingsforening hadde fleire sterke og viktige personlegheiter, mellom anna S. Bull, D.C Danielssen, og Grieg. Dette var personar som hadde høg status og stor respekt i lokalsamfunnet, som kunne verka svært positivt for foreininga. Sandmo påpeikar at mangelen på konflikt rundt foreininga i Bergen kunne ha kome av at styret var satt saman av «rasjonelle, innflytelsesrike menn fra byens øvre sosiale sjikt.»³¹⁶ Mellom anna ga Grieg sin død stor merksemd til det nye krematoriet i Bergen. Måtane ordet om saka spreidde seg på var mange, og avisene bidrog stort til dette ved å publisere både nyhende og innsendte innlegg. Sidan

³¹⁶ Sandmo, «Bergens Ligbrændingsforening», 71.

likbrenningssaka var omringa av debatt og diskusjon, var det også naturleg at temaet vart diskutert mellom folk i byen.

Gjennom å undersøke nettverka ser ein at mange av dei som engasjerte seg i saka vert det tydeleg at den spreidde seg gjennom både slektskap og profesjonelle relasjonar. Mykje av dette kjem sannsynlegvis av at aktuelle saker vart teke opp både i heimen og med folk ein snakka med i kvardagen. Det vert også tydeleg at saka appellerte til fleire generasjonar, då ein kan finne at foreldre og barna deira engasjerte seg i saka på same tid. Eit eksempel på dette er Gerhard Stoltz II og barna. Analysen av nettverka viser også at dette var tette nettverk, då det er mange forbindingar mellom fleire personar. Mange av personane var med andre ord kopla saman gjennom både slekt og arbeid. Eit av fleire eksempel på dette kan vere Danielssen og Armauer Hansen, som hadde ein slektsrelasjon, men også ein profesjonell relasjon gjennom Bergens Museum. I tillegg viser likbrenningsrørsla at den kunne samle menneske med elles svært ulike meiningar og syn på verda. Av dei mennene som inviterte til å stifte ei foreining i Bergen og dei som står på tilkjendegivingane var fleire av dei politisk aktive, og fleire av dei hadde svært ulike partitilhøyrslar. Dette er menneske som kanskje elles ikkje hadde mykje til felles, i vert fall i korleis dei vurderte mange andre politiske saker. Det same gjeld religion og livssyn, ein anna ting som har mykje å seie for korleis ein person ser verda rundt seg og kva som er rett og gale. Sjølv om rørsla ved første augekast kan verke som ei ikkje-religiøs rørslar finner ein ulike kristne trusretningar godt representert, som mellom anna unitarismen og frimureri. Det verka å vere dei meir liberale kristne som direkte engasjerte seg i rørsla, men nokre lokale prestar handla og uttalte seg på måtar som antyda at dei ikkje fordømte likbrenning. Likbrenningssaka var unik på den måten at den samla menneske frå ulike generasjonar, politiske og religiøse miljø.

Kapittel 6 – Konklusjon

Likbrenning kom til Noreg på 1890-talet ved opprettinga av Norsk Ligbrændingsforening og Bergens Ligbrændingsforening. Saka hadde blitt lagt fram og drøfta i avisartiklar sidan 1870-talet, men det vart ikkje lokalt relevant og nødvendig å ta direkte stilling til saka før dei siste tiåra av 1800-talet. På dette tidspunktet hadde allereie likbrenning vorte innført i mange land, mellom anna nabolanda Sverige og Danmark. USA, England, Tyskland og Frankrike var også tidleg ute med å innføre denne nye måten å behandle dei døde på. Det er nødvendig å påpeike at dette måtte hatt ein innverknad på likbrenningssaka i Noreg. Når så mange andre land hadde vore gjennom prosessen og likbrenning hadde vunne fram er det tenkjeleg at mange i Noreg såg det som nødvendig og naturleg å følgje etter. At mange land allereie hadde innført likbrenning måtte også ha noko å sei for spørsmålet om modernitet og framsteg, som er tydeleg gjennom eit sitat frå Bergens Annonce Tidende i 1896: «Norge er nu det eneste civiliserede Land, i hvilket der ikke er Adgang til Ligbrænding.»³¹⁷

I dette siste og konkluderande kapittelet vil blikket igjen verte retta mot litteraturen. Kapittel 2 drøfta korleis Ariès og Laqueur, som høvesvis representerer mentalitetshistoria og den nye kulturhistoria, forklarar kvifor likbrenning igjen vart eit tema på slutten av 1800-talet. Dei gir også likbrenninga sin gjeninnføring ulik betydning. Kapittel 3 har gått nærare inn på korleis folk i samtida har argumentert for og mot likbrenningssaka, i tillegg til korleis betydninga av saka vart omtala. Kapittel 4 og 5 gjorde greie for arbeidet mot lov for likbrenning og eit krematorium i Bergen, og karakterisert personane som engasjerte seg i saka. Saman har dette gitt eit bilete av likbrenningsrørsla i Bergen. Både det lange historiske perspektivet i kapittel 2 og det korte historiske perspektivet i kapittel 3, 4 og 5 vil verte oppsummert i dette konklusjonskapittelet. I tillegg til å oppsummere dei førre kapitla vil eg også kople dei to perspektiva saman, og sjå korleis ein kan knyte røynda i Bergen saman med teoriane til historikarane.

Likbrenning og dei lange historiske linjene

Kapittel 2 drøfta korleis historieskrivinga har behandla dødshistorie dei siste 50 åra, med Ariès og Laqueur som representantar for høvesvis mentalitetshistoria og den nye kulturhistoria. Med sine forskjellige måtar å forstå og skrive dødshistorie på har Ariès og Laqueur forskjellige måtar å forklare kvifor likbrenning kom tilbake, og kva det betydde. Mentalitetshistoria og Ariès operera med fasar i dødshistoria, og eit utviklings skjema prega av endring. Endringar i

³¹⁷ Ligbrændingssagen, Bergens Annonce Tidende, 20.juni.1896.

handlingar er forklart gjennom at haldningar og kjensler endra seg. Ariès omtala også likbrenning som eit markant brot med ei lang historie, der døden til slutt vert tabu og medikalisert. Laqueur ser vekk frå haldningane i samfunnet og brukar dei fysiske døde kroppane for å få innsikt i dødshistoria. Likbrenning vart for Laqueur ein måte å mobilisere døde kroppar i nye urelaterte prosjekt. Han nyttar også eit antropologisk syn og ser dermed etter kontinuitet, likbrenning bryt med tradisjonane, men ikkje på ein radikal måte: dei døde bidreg fortsatt til samfunnet og dei levande på same og nye måtar.

Ariès teikna opp fasar i dødshistoria dei siste 1000 åra basert på endringar haldningane i samfunnet. Mentalitetshistoria var oppteken av å studere dei umedvitne og kollektive haldningane til mennesket i historia, noko som i ettertid har blitt kritisert. Ariès karakterisera den siste fasa i dødshistoria 'Den forbodne død', som eit brot der likbrenning spelte ei stor rolle. Skildringa av denne fasa er prega av negativitet, der den lange tradisjonelle dødshistoria vert erstatta av tabu og framandgjerding. Framveksten av vitenskap, sjukehusbehandling, profesjonalisering og profittjag gjorde at haldningane til døden og dei døde endra seg drastisk. Likbrenning vart i følge Ariès eit eksempel på eit radikalt verkemiddel for å gløyme den døde kroppen. Behovet for å spare dei levande for den uestetiske dødskampen og den døde kroppen vart dermed årsaka til kvifor likbrenning kom tilbake, for å fjerne kroppen. Ariès omtala også likbrenning som eit teikn på å ville bryte med kristendommen og eit teikn på modernisme. Han karakteriserer endringane i dødshistoria på slutten av 1800-talet og heile 1900-talet som eit brot med den sakte utviklinga som hadde skjedd i århundra før. Likbrenning betydde i følge mentalitetshistorikaren eit radikalt brot med den eksisterande dødskulturen.

Den største skilnaden mellom Ariès og Laqueur er at Ariès baserer arbeidet sitt på kjensler, kollektive haldningar og mentaliteten til menneska i fortida. Laqueur påstår på si side at dette er noko som er umogeleg å få innsikt i, og vil heller nytte fysiske døde kroppar for å studere dødshistoria. I sin forklaring av kvifor likbrenning igjen vart eit tema avfeiar Laqueur forklaringa til Ariès med å seie at der ikkje var nye haldningar eller endringar som kunne forklare kvifor likbrenning kom tilbake. Mange av dei allereie etablerte forklaringane, som plassmangel og sanitære problem er årsaker som Laqueur er ueinige med. For Laqueur vart likbrenning igjen eit tema fordi det var ei sak som kunne brukast for å mobilisere dei døde i andre saker. Han trekkjer mellom anna fram «modernism and the march of progress, [...] anticlericalism, [...], heterodox and liberal religions, socialism and materialism»³¹⁸ som

³¹⁸ Laqueur, *The work of the dead*, 493.

prosjekt som brukte likbrenning for å mobilisere også dei døde i saka si. Ideen om likbrenning passa inn idéen om eit moderne samfunn, framsteg og nye tradisjonar lausrive frå religion. Spesielt sidan dei nye likbrenningsomnane representerte eit teknologisk og økonomisk framsteg.

Laqueur anerkjenner at innføringa av likbrenning kunne føre til at den døde kroppen mista sin spesielle status, og at forholdet mellom døde og levande kunne endre seg drastisk. Til forskjell frå Ariès konkludera ikkje Laqueur med at likbrenning førte til eit radikalt brot. Laqueur kommenterer at ved første augekast skulle Diogenes få rett i at ein kropp ikkje hadde noko betydning, då den var materie som kunne reduserast til oske. Her peika Laqueur på kva mange i samtida ville oppnå med å innføre likbrenning: det skulle vere eit brot med det gamle regimet, den døde kroppen skulle vere nyttig for dei levande og dermed miste sin spesielle status. I tillegg argumenterte fleire, mellom anna Henry Thompson, for å bruke oska for nytte og profit. Dersom dette hadde blitt tilfelle ville kanskje den døde kroppen mista si betydning, og brote med den lange historia. Laqueur finn likevel til slutt at oska enda opp med å bli behandla som om den var kroppar. Kroppane vart ikkje nytta som ein ressurs for vinning, men på same måte som før satt ned i jorda eller i nisjar, dekorert, markert og besøkt. Med dette finner Laqueur ein kontinuitet i forholdet mellom dei levande og dei døde, sjølv gjennom innføringa av likbrenning, som endra den fysiske forma til dei døde.

Det er verdt å merke at Kulturrådet påstod at «Utvalget av arkivdokumenter viser et skifte i holdninger til gravferd i Norge på slutten av 1800-tallet» i grunngjevinga si, då dei førte arkivet etter foreininga inn i Norges dokumentarv.³¹⁹ Gjennomgangen av Ariès og Laqueur i kapittel 2 viser at denne påstanden ikkje nødvendigvis er uproblematisk. Ariès ville vore einig i at dokumenta, og gjeninnføringa av likbrenning, viser eit skifte i haldningar. Laqueur ville på den andre sida stilt seg ueinig med denne formuleringa, då han ville sagt at desse dokumenta ikkje kunne gitt innsikt i korleis haldningane i samfunnet var.

Gravplassar i Bergen og det nye regimet

Ein av dei etablerte forklaringane på kvifor likbrenning kom tilbake på 1800-talet var tilhøva på gravplassane og kyrkjegardane. Dette er både ei forklaring som har blitt gitt i ettertid, og eit argument som var viktig i samtida. Som nemnt i kapittel 4 var plasstillhøva i Bergen ikkje spesielt dårlege, og Bull kommenterte mellom anna at ingen av gravplassane i Bergen kunne sjåast som helsefarlege. Som kapittel 2 kort nemnte, via Laqueur ein heil del av *The Work of*

³¹⁹ Bergen Kommune, «Bergens likbrenningsforening og Norges første krematorium 1893-1914»

the dead til gravplassar og kyrkjegardar. Laqueur kallar perioden der dei døde var plassert rundt kyrkjer for ‘det gamle regimet’, frå rundt år 1000 til 1800.³²⁰ Med regime betyr det at kyrkjegardane hadde eit monopol over dei døde over lang tid, då kyrkja satt reglane for gravlegging. Sidan kyrkja hadde kontroll over kyrkjegardane kunne dei ekskludere menneske frå å bli gravlagt ‘korrekt’ eller innanfor grensene til kyrkjegarden. Monopolet som kyrkja hadde over dei døde skulle endre seg då gravplassar vart anlagt. Laqueur meiner at med gravplassane kom det eit nytt regime, ein gravplass var ei blank tavle som opna opp for fleire døde. Gravplassen var meir nøytral enn dei gamle kyrkjegardane, og representerte i følgje Laqueur noko meir sekulært. Religion spelte naturlegvis fortsatt ei stor rolle rundt århundreskiftet, gravferdsseremoniar vart gjennomført i kyrkjer før den døde vart frakta til ein gravplass, og eventuelle kapell på gravplassane var enda ikkje livssynsnøytrale i den grada som mange er i dag. Likevel skapte gravplassane eit nytt landskap. Møllendal gravplass var eigd av Bergen kommune. Eit innlegg i Bergens Aftenblad peiker på at dersom ein skulle ha dei same reglane på kyrkjegardane som på gravplassane, ville det blitt kaos. Her viser forfattaren til at kyrkjene hadde eigne områder for dei fattige.³²¹ Reglementet til Møllendal gravplass viser at berre eit stykke skulle brukast om gongen, men kunne delast opp dersom ein ville skilje vaksne- og barnegraver.³²² Korleis ulike døde vart plassert og kategorisert var ein av sannsynlegvis mange ting som endra seg når gravleggingane vart flytta frå kyrkjene i sentrum og til den kommunale gravplassen på Møllendal.

Opprettinga av gravplassar var ei endring som skjedde i tilnærma alle byar i den vestlege verda på 1800-talet, då by- og befolkningsvekst hindra kyrkjegardane i å vekse og dreiv fram behovet for nye plassar å gravlegge døde kroppar. Laqueur påstår at kyrkja og kyrkjegarden representerte dei levande og dei døde kristne, medan gravplassen og kroppane støtta dei kulturelle og politiske innovasjonane på 18- og 1900-talet. Sidan gravplassane var utanfor kyrkja sin totale kontroll og lausrivne frå dei gamle tradisjonane, var det sannsynlegvis lettare for tanken om likbrenning å vinne fram. Kyrkja viste motstand til likbrenning, men dei hadde ikkje lenger det same monopolet på dei døde sidan gravplassane eksisterte som alternativ. Det nye regimet kan også seiast å ha spelt ei stor rolle for kvifor likbrenning fekk vinne fram. Gravplassane kan ha representert eit steg vekk frå religionen sitt grep om døden, og likbrenning kan seiast å ha vore det neste steget. Døden høyrte ikkje lenger til kyrkja og dei kristne.

³²⁰ Laqueur, *The work of the dead*, 112.

³²¹ Om Begravelsesforhold, Bergens Aftenblad, 28.september.1888.

³²² Tillæg for Reglement, 1907. Kirke og begravelssvesenet. Bergen Byarkiv.

Likbrenning og dei korte historiske linjene

Då likbrenning vart eit tema på siste halvdel av 1800-talet var dette noko nytt for mange i samtida. Jordgravlegging hadde vore den einaste metoden for behandling av dei døde i fleire hundre år, og dermed det vanlege og sjølvsegte for alle generasjonane som levde. Som kapittel 3 tek opp, var det mange som reagerte på diskusjonen om å innføre likbrenning. I all hovudsak handla dei negative reaksjonane om dei religiøse aspekta ved saka. Dette var kritikk som påstod at å innføre likbrenning ville føre til djuptgripande konsekvensar for samfunnet. Mellom anna var der konservative religiøse stemmer som påstod at likbrenning ikkje hadde blitt eit tema utan ei ny åndsstrauming som var lausriven frå kristendommen. Å brenne ein menneskekropp vart av motstandarane forstått som øydeleggjande for mogelegheita til å ein dag stå opp igjen, som den kristne liturgien lovar. Det var også sagt at kristne skulle følgje eksempelet til Jesus, som vart gravlagt. Motstandarane meinte at likbrenning ikkje var foreineleg med den kristne liturgien, biletspråket og seremoniane, og at det difor ville føre til eit brot med kyrkja og kristendommen. At likbrenning vart aktuelt, representerte difor eit symptom på ei utvikling som var uønskja for mange. Dei såg med andre ord på likbrenning som noko som kunne føre til at også behandlinga av dei døde vart sekularisert. I samtida var det mange av motstandarane som forstod tilbakekomsten til likbrenning som eit symptom på lausrivinga frå kristendommen, og påstod at dette ville gi store konsekvensar for dei etablerte tradisjonane.

Nokre av dei som argumenterte for likbrenning kalla det også radikalt, men nødvendig for å oppnå dei beste hygieniske tilhøva for dei levande. Det var også viktig for forkjemparane å vise at dei eksisterande seremoniane kunne nyttast til likbrenningar. Nokon brukte hygieneargumentet, og påstod at å innføre likbrenning var absolutt nødvendig for å unngå smitte og epidemiar frå gravplassane. Fleire av forkjemparane meinte også at å innføre likbrenning ville vere ein siger for mennesket sin rett til å bestemme over sin eigen kropp, også i døden. Det vart også argumentert for at likbrenning var noko moderne, og at Noreg ville tre inn i rekkja med siviliserte land ved å innføre det. Ein kan også peike på korleis forkjemparane forklarte at omnane oppnådde det same som jorda gjorde, berre mykje raskare. Dette faktumet representerte eit teknologisk framsteg og eit steg nærare eit moderne, effektivt og rasjonelt samfunn. Forkjemparane kunne anerkjenne at å innføre likbrenning var radikalt, men var også opptekne av å vise korleis det var nødvendig og positivt for individ og samfunnet å gjere det.

Reaksjonane i samtida i Bergen viste at samfunnet på mange måtar var splitta. Ein kan finne tilhengjarar av begge sider som omtalar likbrenning som eit brot. Det var likevel meir vanleg at slike ord, brot eller revolusjon, vart mest brukt av motstandarane. Forkjemparane omtala

ikkje ofte tilbakekomsten av likbrenning med omgrep med desse orda. Dei ville leggje vekt på kor lite elles som trengde å endrast, mellom anna at seremoniar og salmar kunne brukast som normalt. Mange av dei religiøse motstandarane såg på likbrenning som eit symptom på ei utvikling dei ikkje ønska, ei sekularisering av samfunnet som skulle truge kristendommen. Dei gjekk derfor hardt ut og karakteriserte likbrenningssaka som noko som skulle brye med tusen år med tradisjon, og omtalte brenninga av kroppar som noko øydeleggande. Desse tankane er ikkje langt vekke frå måten Ariès omtala endringane i dødshistoria rundt århundreskiftet. Flammene skulle i følge Ariès føre til at kroppen var gløymd og dei sakte endringane i dei førre århundra skulle bli erstatta av forbod, profitt og medikalisering. Likbrenning var for Ariès det yteste uttrykket for eit samfunn i brot med kristendommen og overteke av moderniteten.

Laqueur anerkjenner også at ein viss lausriving frå kristendommen var nødvendig for at likbrenning skulle vinne fram. Kanskje viktigast for rørsla var utviklinga av gravplassar på 1800-talet. Kyrkjegardane omringa kyrkjene, som hadde totalt monopol over alle gravene. Her påstår Laqueur at kyrkja mista si makt over dei døde, då dei nye gravplassane hovudsakleg var administrert av kommunane. Møllendal er eit eksempel på ein slik gravplass, og den første likbrenningssomnen i Noreg enda opp her. Sjølv om hovudargumenta til forkjemparane, og ei årsaksforklaring brukt i ettertid, handlar om mangel på plass og dårlege sanitære tilhøve, var ikkje dette ei stor bekymring i Bergen. Gravplassen på Møllendal og andre spreidd i dei omliggande kommunane verka å ha god plass og gode grunnforhold.

Både i samtida og ettertida vert likbrenning karakterisert som noko moderne. I samtida vart det faktum at mange andre land hadde innført denne metoden, eit argument for at det var nødvendig å følgje etter. At avansert teknologi kunne gjere den døde kroppen om til noko ufarleg og ikkje smittsamt vart også omtala som eit framsteg. I tillegg vart også tanken om å få bestemme over sin eigen kropp viktig for forkjemparane. Historikarar som Ariès, Laqueur og Åhrén verka alle å ha ei felles men ulik oppfatning om at modernisering spelte ei rolle i at likbrenningssaka kom tilbake på slutten av 1800-talet. Ariès vel å tolke tilbakekomsten som noko drastisk som hadde ein negativ effekt på den døyande og dei pårørande. Åhrén forklarar at likbrenning var eit resultat av eit samfunn i ein moderniseringsprosess, vitskap og rasjonalisme førte til hygienemedvit og ønske om effektivisering. Åhrén meiner at korleis eit samfunn behandlar dei døde gir ei djup innsikt i kulturen, som ikkje er statisk. Sandmo bruker personane som involverte seg i foreininga i Bergen for å vise at rørsla ikkje var eit uttrykk for 'modernitet'. Sidan personane hørte til svært forskjellige både politiske og religiøse retningar, var der også det ein kunne kalle 'anti-moderne' grupper som ville innføre likbrenning. Laqueur peikar på at

likbrenning kom tilbake fordi det var ein fordel for ulike 'moderne' prosjekt i samfunnet å bruke saka for å fremje sine egne prosjekt. Utviklingane i den vestlege verda på denne tida førte med seg store endringar i samfunnet og kulturen. Likbrenning var ei stor endring og noko nytt, men som Laqueur finn hadde dette ikkje ei stor betydning for forholdet mellom dei levande og dei døde. Det faktum at likbrenning alltid har vore eit valfritt alternativ har også mykje å seie for korleis ein forstår denne saka. Heile samfunnet endra seg på 1800-talet, også metodane for korleis ein behandla døde kroppar. Erttertida har vist at dei døde fortsatt er ladda med betydning, og er svært viktig for samfunn og kultur, uavhengig av kva form kroppen deira har teke.

Avslutning

Ein av grunnane til at spørsmålet om likbrenning på slutten av 1800-talet er relevant i dag er fordi nye måtar å behandle døde kroppar stadig vert drøfta. På same måte som at menneska for 120 år sidan var opptekne av hygiene og plass, er mange i dag opptekne av miljøet og korleis den døde kroppen deira kan påverke dette. Metodar som skal vere meir skånsame mot miljøet har dei siste åra vorte diskutert. Mellom anna fusetørking, alkalisk hydrolyse, og andre alternativ som minskar miljøpåverknaden. Åhrén påpeikar at likskapane mellom likbrenningsforkjemparane, og dei som talar for miljøvennlege alternativ i dag er slåande. Dette er fordi dei som kjempa for likbrenning brukte den nye diskursen rundt hygiene som var ein viktig del av moderniseringa av samfunnet, og no vert nye alternativ basert i det moderne miljøspørsmålet.³²³ Kister og urner laga av resirkulert materiale, eller materiale som lettare brytast ned, er i tilgjengeleg ved nokre gravleggingsbyrå i dag. Dei meir drastiske metodane som frysetørking, alkalisk hydrolyse, plassering av kroppar i ein behaldar som næring under eit tre, på havbotnen eller liknande, er ikkje innført som alternativ i Noreg. Difor er debatten om innføring av likbrenning relevant for oss i dag: fordi samfunnet vil alltid trenge å ta stilling til korleis vi skal behandle døde kroppar.

³²³ Åhrén, *Death, modernity, and the body*, 144.

Litteraturliste

- Andresen, Astri, Sissel Rosland, Teemu Ryymin, og Svein Atle Skålevåg. *Å gripe fortida: Innføring I Historisk Forståing Og Metode*. 2 Utg. Oslo: Det Norske Samlaget, 2017.
- Ariès, Philippe. *Døden i vesten: Eit historisk oversyn frå mellomalderen til vår tid*. Oversatt av Tove Bakke. Oslo: Det Norske Samlaget, 1977.
- Ariès, Pilippe. *The hour of our death*. Oversatt av Helen Weaver. New York og Oxford: Oxford university press, 1981.
- Bergen Kommune, «Bergens likbrendingsforening og Norges første krematorium 1893-1914»
Publisert 22.10.2020. Sist oppdatert 16.12.2020
<https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/tema/bergen-byarkiv-forteller/byhistorie/norges-dokumentarv/bergens-likbrendingsforening-og-norges-forste-krematorium-1893-1914>
- Blom, Ida, og Sølvi Sogner, (red.) *Med kjønnsperspektiv på norsk historie - Fra Vikingtid Til 2000-Årsskifte*. 2 Utg. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag, 2014.
- Brandt, Johann Rasmus, Marina Prusac, og Håkon Roland, (red.) *Death and changing rituals: Function and Meaning in Ancient Funerary Practices*. Oxford: Oxbow books, 2015.
- Eide, Martin, (red.) *En samfunnsmakt blir til 1660-1880* Bind 1 av *Norsk presses historie*. Oslo: Universitetsforlaget, 2010.
- Ertesvaag, Egil. *Et bysamfunn i utvikling 1800-1920* Bind 3 av *Bergen bys historie*. Bergen: Alma Mater Forlag, 1995.
- Fasting, Kåre. *Hundre års kavalkade - Bergens Tidende 1868-1968*. Bergen: Bergens Tidende og J.W. Eides boktrykkeri A.S, 1967.
- Flo, Idar, (red.) *Norske aviser fra a Til Å*. Bind 4 av *Norsk presses historie*. Oslo: Universitetsforlaget, 2010.
- Hartvedt, Gunnar Hagen og Norvall Skreien. *Bergen byleksikon*. Bergen: Kunnskapsforlaget, 2009.
- Helle, Karen B. *D.C Danielssen: En kjempe for sin tid*. Bergen: Fagbokforlaget, 2014.
- Hodne, Bjarne. *Å Leve Med Døden: Folkelige Forestillinger Om Døden Og De Døde*. Oslo: H. Aschehoug & CO., 1980.
- Sandvik, Hogne. «Distriktslegen (1836-1984)» *Tidsskriftet Den Norske Legeforening* 120, no.26 (Oktober 2000)
<https://tidsskriftet.no/2000/10/merkesteiner-i-norsk-medisin/distriktslegen-1836-1984>
- Hunt, Lynn, (red.) *The New Cultural History*. California: University of California Press, 1989.

- Kragh, Birgitte. *Til jord skal du blive: Dødens og begravelsens kulturhistorie i Danmark 1780-1990*. Museumsrådet for Sønderjyllands Amt, 2003.
- Laqueur, Thomas W. *The work of the dead: A cultural history of mortail remains*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press, 2015.
- Melve, Leidulf. *Historie - Historieskriving Fra Antikken Til I Dag* Oslo: Dreyers forlag, 2010.
- Oksrød, Anne «"So ein ding müssen wir auch haben" Norsk Ligbrændingsforenings arbeid for fakultativ kremering i Norge 1889-1909.» Mastergrad, Universitetet i Oslo, 1999.
- Ottesen, Rune, (red.) *Parti, presse og publikum 1880-1945*. Bind 2 av *Norsk presses historie*. Oslo: Universitetsforlaget, 2010.
- Pedersen, Svein Henrik. «Mellom tradisjon og modernitet: Kremasjonsbevegelsens og de første norske krematoriene.» *Aarbok for Foreningen til Norske Fortidsmindesmærkers Bevaring* 168 (2014): 45-63.
- Rasmussen, Tarald, (red.) *Å minnes de døde: Døden og de døde i Norge etter reformasjonen*. Oslo: Cappelen Damm, 2019.
- Richardson, Ruth. *Death, Dissection and the destitute*. London og New York: Routledge & Kegan Paul, 1987.
- Ruud, Inger Marie. *Den som dør, får se: Gravskikker og forestillinger om døden I noen religioner og kulturer*. Oslo: Universitetsbiblioteket, 2006.
- S. C. Humphreys, Helen King, (red.) *Mortality and immortality: The anthropology and archaeology of death*. London: Academic Press 1981.
- Sandmo, Erling. *Voldssamfunnets undergang: Om disiplineringen av Norge på 1600-tallet*. Oslo: Universitetsforlaget, 1999.
- Sandmo, Sigurd. «Bergens Ligbrændingsforening - Og den moderne kremasjonsbevegelsens suksess.» *Årbok: Gamle Bergen* (2006): 64-79.
- Schetelig, Haakon, og Carl Geelmuyden (red.) *Bergen 1814-1914 II*, bind 2 I *Bergen 1814-1914*. Bergen: Bergen Kommune, 1915.
- Schiøtz, Aina. *Viljen til liv - Medisin- og helsehistorie frå antikken til vår tid*. Oslo: Samlaget, 2017.
- Steen, Sverre. *Bergen - Byen mellom fjellene*. Bergen: Bergen Kommune, 1970.
- Teige, Ola. «Nettverk: En introduksjon til historisk nettverksanalyse.» *Norsk Slegtshistorisk Tidsskrift* (2013): 139-57.
- Whaley, Joachim, (red.) *Mirrors of mortality: Studies in the social history of death*. England: St. Martin's Press, 1981.

Aagedal, Olaf, (red.) *Døden på norsk*. Oslo: Ad Notam Gyldendal, 1994.

Åhrén, Eva. *Death, modernity, and the body: Sweden 1870-1940*. Oversatt av Daniel W. Olson. Rochester: University of Rochester Press, 2009.

Kjeldeliste

Arkivkjelder

Bergens kommuneforhandlinger 1904, bind I. Bergen kommune.
Bergen Byarkiv: BBA/A-003/Ad/L0070

Forhandlingsprotokoller vedrørende begravellesvesenet 1906-1968, Bergens kirkelige fellesråd.
Bergen Byarkiv: BBA/A-0096/A/Ab/Aba

Hovedbøker for fattigkassen 1895-1902. Bergen Kommune.
Bergen Byarkiv: BBA/A-2588/R/Raa1

Kremasjonsprotokoll for Møllendal krematorium 1907-1928.
Oppbevart hos Bergen kirkelige fellesråd.

Møtebok. Byggekomiteen for Møllendal Krematorium.
Bergen Byarkiv: BBA/A-3942/A/L0001

Tilkjendegivelser om kremasjon (1893-1914), Bergens Likbrendingsforening.
Bergen Byarkiv: BBA/A-3062/F

Tillæg for Reglement for Bergens kommunale Begravellespladse angaaende ligbrænding ved det kommunale krematorium, (1906-1929). Kirke og begravellesvesenet.
Bergen Byarkiv: BBA/A-0096/Y2

Aviskjelder

Arbeidet (oktober.1900 – april.1907)

Bergens Adresse-contoires Efterretninger (1874)

Bergens Aftenblad (november.1888 – juli.1907)

Bergens Annonce Tidende (januar.1888 – januar.1907)

Bergens Tidende (mars.1874 – oktober.1902)

Henta frå nb.no

Stortingskilder

Indst. O. No.26 *Indstilling frå justiskomiteen angaaende et af bestyrelsen for norsk ligbrændingsforening fremsat og af repræsentanterne Evald Rygh, Chr. Michelsen og Ole Teige vedtaget forslag til lov om Ligbrænding* (Dok.No.8 Med Tillæg)

Lov om Ligbrænding 11te Juni 1898

i 'Love, emanerede paa syv og firtiende ordentlige Storting (1898)' (Gratisstillæg til abonnenterne paa stortingstidende) Kristiania: Centraltrykkeriet 1898

Lov indeholdende visse Bestemmelser om Behandlingen af Lig 4de juni 1898

i 'Love, emanerede paa syv og firtiende ordentlige storting (1898)' (Gratisstillæg til abonnenterne paa stortingstidende) Kristiania: Centraltrykkeriet 1898

Lov om afgivelse af lig til brug for universitetets medicinske undervisning, 20de mai 1899

I 'Love, vedtagne paa otte og firtiende ordentlige Storting (1898-99)'. (Gratisstillæg til abonnenterne paa Stortingstidende.) Kristiania: Centraltrykkeriet 1899

Statistikk og foto

Bundesbank.de «Purchasing power equivalents of historical amounts in German currencies» Sist oppdatert Januar, 2022.

<https://www.bundesbank.de/resource/blob/622372/9b113a5ef831e0ba1e1bb2ca9f390ab4/mL/purchasing-power-equivalents-data.pdf>

Det statistiske Centralbureau «Socialstatistik. II. Statistiske Oplysninger om Indtægts- og Formuesforhold.» Kristiania: H. Aschehoug & Co. 1897

https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_iii_255.pdf

Gravplasskultur.no, «Kremasjonsstatistikk for Norge 2021», Utarbeidet av Statsforvalteren i Vestfold og Telemark 24.02.2022

<https://gravplasskultur.no/wp-content/uploads/2022/02/kremasjonsstatistikk-2021.pdf>

Gravplasskultur.no, «Kremasjoner, 2020, kommunevis»

<https://gravplasskultur.no/wp-content/uploads/2021/03/kremasjonsstatistikk-2020-kommunevis.pdf>

Statistisk sentralbyrå «Døde: Forventet gjenstående levetid for menn og kvinner på utvalgte alderstrinn. 1866-2008»

<https://www.ssb.no/a/kortnavn/dode/arkiv/tab-2009-04-16-03.html>

Ukjent fotograf. *Deltakere på Nordhavsekspedisjonen*. Foto mellom 1876 og 1878. UBB-BS-FOL-00842-011. Universitetsbiblioteket i Bergen.

<https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-bs-fol-00842-011.html>

Vedlegg

1.1 Tilkjendegiving fram til 1907

Tilkjendegivelse.

Jeg Undertegnede *Simm Sædahl*
erklærer hermed som min sidste Vilje, at mit Lig efter Døden skal underkastes Ligbrænding
i det Crematorium, som Bergens Ligbrændingsforening maatte finde hensigtsmæssigst hertil.
Jeg paalægger mine Efterladte ubetinget strax efter min Død at gjøre Anmeldelse herom
til Foreningen, forat denne i betimelig Tid kan foretage de Handlinger, som udkræves
forat erhverve Autoriteternes Tilladelse til Udførelse af Ligbrændingen.

Alle Udgifter, som Ligbrændingen maatte medføre, bliver at udrede af mit Bo.

Datum: *19 September 1894.*

Navn: *Simm Sædahl*

Stilling: *Skibsmægler*

Bopæl: *Bergen.*

At *Simm Sædahl* egenhændig
og i Besiddelse af sin fulde Aandskraft har underskrevet ovenstaaende Tilkjendegivelse
attesteres herved.

Datum: *19 September 1894.*

Navn: *Laurits Møller*

Navn: *Nicolai Friis*

Stilling: *Kjøbmand*

Stilling: *Kjøbmand*

Bopæl: *Bergen*

Bopæl: *Christiania*

Forat Ligbrænding skal kunne finde Sted, maa der straks efter Dødsfaldet tilsendes til Inspektøren for Crematoriet i Gøteborg:

- a) en Anmeldelse af Dødsfaldet med Anmodning om Brænding, og mindst 2 Dage før Brændingen;
- b) Bevis for, at det var den Afdødes Vilje at blive brændt;
- c) Attest for Obduktion;
- d) Bevis fra Politiet for, at der intet er til Hinder for Overførelse af Liget til Gøteborg, samt til Anstaltens Forstander senest ved Ligets Afleverelse;
- e) Erklæring om, at den foreskrevne Jordpaakastelse har fundet Sted eller en Anmodning om, at denne maatte blive foretaget paa Ligbrændingsbestyrelsens Foranstaltning;
- f) Tilkjendegivelse af hvem der i Egenskab af Boets Bestyrer skal afgjøre Betalingen og tilbageføre Asken.

Forsendelsen af Lig maa ske i tætte, stærke Emballager. Liget skal forøvrigt være indesluttet i en Kiste af tynde Bord, der ikke overstiger 2.20 m. i Længde, 0.95 m. i Bredde og 0.90 m. i Høide. Ligsvøbet bør være tyndt og enkelt uden Fjærpudd og Papirstopning.

Asken lægges i en sammenloddet Kapsel af Jernblik.

Omkostningerne med en Ligbrænding udført i Gøteborg stiller sig omtrent saaledes:

Brændingsafgiften	Kr.	80.00
Obduktionsomkostninger	„	30.00
Udfærdigelse af Attest	Kr.	3.00
Transport af Liget fra Dampskibet.	„	3.00
Do. - Asken tilbage til Dampskibet	„	1.00
	„	7.00
Fragten for Liget fra Bergen til Gøteborg og Returnering af Asken	„	25.00
	Tilsammen	<u>Kr. 142.00</u>

Bergen i Bestyrelsen for Bergens Ligbrændingsforening den 26de September 1893.

Schak Bull,

p. t. Formand.

1.2 Tilkjendegiving etter 1907

Tilkjendegivelse.

Jeg Undertegnede *Dagny Valborg Aall*
erklærer herved som min sidste Vilje, at mit Lig efter Døden skal underkastes Ligbrænding.

Bergen den *2/3-11.*

Navn: *Dagny Valborg Aall*

Stilling: *Frue*

Bopæl: *Haugveien 35. Bergen*

At *Dagny Valborg Aall* egenhändig
og i Besiddelse af sin fulde Aandskraft har underskrevet ovenstaaende Tilkjendegivelse
attesteres herved.

Bergen den

Navn: *Kaia Herland*
Stilling: *Jernstøper*
Bopæl: *Haugveien 35*

Navn: *Arvid Lystad.*
Stilling: *Tjenestepike.*
Bopæl: *Haugveien 35.*

Bergens Ligbrændingsforening tillader sig herved at henlede Deres Opmærksomhed paa Ligbrændingssagen, der overalt vinder større og større Udbredelse, og som ogsaa hos os, efter at vi har faaet vort eget Krematorium, har skudt rask Vækst.

Man har imidlertid Erfaring for, at Ukjendtskab til Lovens Fordringer har stillet sig hindrende, saa at Ligbrænding ikke har kunnet finde Sted, selv hvor Afdøde har ønsket at blive brændt, hvorfor man herved udtrykkelig vil fremhæve, at Loven fordrer en af 2 Vidner bekræftet skriftlig Erklæring — i Lighed med den her vedføjede — eller et i 2 Vidners Nærvær bestemt udtalt Ønske om Brænding.

Ligbrænding koster intel for Byens Indvaanere. Udenbyes betaler Kr. 30.00. Bergens Ligbrændingsforenings Bestyrelse staar gjerne til Tjeneste med alle Oplysninger.

Bergens Ligbrændingsforening i April 1908.

Schak Bull.

Formand.

Klaus Hanssen.

Albert H. Mohn jr.

Henr. E. Mohn.

Rud. Stoltz.

1.3 Yrker i tilkjendegivingar

- Agent 1
- Ikkje oppgitt 5
- Lærarinne 4
- Kontorist 7
- Bokhandlar 3
- Kjøpmann 4
- Skipsmegler 4
- Verkseigar 1
- Kasserer 1
- Lege 2
- Revisjonssjef 1
- Frue 3
- Handelsborgar 1
- Ingeniør 3
- Handelsreisande 1
- Postsekretær 1
- Dampskipsfører 1
- Redaksjonssekretær 1
- Kelner 1
- Muskar 1
- Bankfullmektig 1
- Telegrafbestyrerinne 1
- Cand. Jur 1
- Skipsfører 2
- Overrettssakfører 1
- Arkitekt 1
- Tollkontrollør 1
- Redaktør 1
- Premierlieutenant 1
- Skipsreiar 1
- Oberstløytnant 1
- Fabrikkbestyrer 1

Indbydelse

til Dannelse af en Ligbrændingsforening.

Forviisede om, at Ligbrændingsagen er kjendt og omfattet med Interesse inden vor By, opfordrer vi til Dannelse af en Ligbrændingsforening med det Formaal at arbeide for Indførelse af valgfri Ligbrænding og Opførelse af en Ligbrændingsovn.

Marich Allers, Kjøbmand. Th. Ameln, Assurancedirektør. Sofus Arctander, Borgermester. Chr. Bang, Formandskabssekretær. Johan Bøgh, Konservator. D. C. Danielsen, Overlæge. S. Falck, Konsul. D. W. Fasting, Ingeniør. A. Sjerding, Læge. Albert Gran, Konsul. Joachim Grieg, Stibsmægler. L. Grieg, Læge. G. A. Hansen, Overlæge. Klaus Hanssen, Læge. Hartwig, Læge. A. Hellefen, Bogholder. J. Irgens, Læge. Otto Isachsen, Kjøbmand. Joh. Isdahl jr., Konsul. Conrad Johannessen, Kjøbmand. Ole Johannessen, L. P. S., Kjøbmand. Chr. Kjær, Kjøbmand. Bailli Knutzen, Konsul. Krohn Vedeler, Læge. Fr. v. d. Lippe, Stadsfonduktør. Doost, Læge. D. Lothe, Læge. Chr. Michelsen, Stibsreder. Alb. H. Mohn jr., Kjøbmand. Joach. Monsen, Overretsfagsfører. Conrad Mohr, Konsul. Myhre, Læge. Fr. Rannestad, Kaptein. J. Sandberg, Læge. Fr. Schumann, Værkseier. Jacob Thomsen, Konsul. Torfildsen, Læge. C. Utne, Redaktør. Oluf W. Wingaard, Værkseier.

Lister til Tegning af Medlemmer findes udlagt i Avisexpeditionerne, »Den gode Hensigt«, Handelsksamfundet, Haandværkerforeningen, Tobakshandler Reimers og Bohandler F. Beyer, Strandgaden.